

MARLUS

SCANDINAVIAN INSTITUTE OF MARITIME LAW

Knut Knapkog

Fellesarv på djupt vatn

Om utvinning av mineral på havbotnen
i internasjonalt farvatn
og instrument for miljøregulering

Fellesarv på djupt vatn

Om utvinning av mineral på havbotnen
i internasjonalt farvatn
og instrument for miljøregulering

Knut Knapskog



Marlus nr. 462
Sjørettsfondet
Nordisk institutt for sjørett
Universitetet i Oslo

© Sjørettsfondet, 2016

ISSN: 0332-7868

Sjørettsfondet
Universitetet i Oslo
Nordisk institutt for sjørett
Postboks 6706 St. Olavs plass
N-0130 Oslo

Telefon: 22 85 96 00
Telefaks: 22 85 97 50
E-post: sjorett-adm@jus.uio.no
Internett: www.jus.uio.no/nifs

Redaktør: Professor dr. juris Trond Solvang
Bidrag sendes til trond.solvang@jus.uio.no

Abonnement og løssalg:
Den norske bokbyen <http://bokbyen.no/butikk> - post@bokbyen.no

Trykk: 07 Xpress as

Forord¹

Denne publikasjonen er ein omarbeidd versjon av masteravhandlinga eg leverte på Universitetet i Bergen våren 2015. På eit overordna nivå tar den føre seg korleis det internasjonale samfunnet kan gå fram for å regulere ressursutvinning i område utanfor nasjonal jurisdiksjon.

Del 11 av Havrettstraktaten gjeld for mineral på havbotnen utanfor nasjonal kontinentalsokkel («the Area»). Minerala er «the common heritage of mankind» og kan berre vinnast ut etter godkjenning frå The International Seabed Authority (ISA). Organisasjonen skal også vidareutvikle det juridiske regimet.

Sjølv om kommersiell mineralutvinning lèt vente på seg, har ISA vedtatt ei rekke reglar og prosedyrar. Avhandlinga analyserer både kva for kompetansar organisasjonen har til å regulere miljørettslege spørsmål, og kva for mekanismar organisasjonen faktisk har innført.

Føremålet med avhandlinga er å vise korleis miljøspørsmål har vakse fram i havretten. Analysen viser at miljørettslege reglar og prinsipp som ikkje har direkte støtte i ordlyden i traktaten likevel gjer seg gjeldande, ved tolkinga av traktaten og gjennom organisasjonspraksisen til ISA.

Avhandlinga kan også sjåast i lys av at Generalforsamlinga til SN har starta arbeidet med ein ny implementeringsavtale til Havrettstraktaten. Den skal gjelde for regulering av biologisk mangfald i område utanfor nasjonal jurisdiksjon (både i «the Area» og i vassøyla). Dette reiser spørsmål om enkelte av elementa frå Del 11 av Havrettstraktaten, og vedtak frå ISA, også bør gjelde for det komande regimet.

Bergen, 14.03.2016

Knut Knapskog

¹ Knut Knapskog (f. 1988) er utdanna ved juridisk fakultet ved Universitetet i Bergen. Han er for tida Ph.D.-kandidat same stad.

Innhold

1	INNLEIING.....	7
1.1	Tema og problemstilling.....	7
1.2	Bakgrunn.....	9
1.3	Mineralressursar og livet i havet.....	11
1.3.1	Innleiing.....	11
1.3.2	Mineralressursane.....	11
1.3.3	Økonomiske og teknologiske faktorar.....	12
1.3.4	Livet i havet. Mangfald.....	13
1.4	Avgrensingar.....	15
1.5	Framstillinga vidare.....	16
2	KJELDER OG METODE.....	17
2.1	Innleiing og utgangspunkt.....	17
2.2	Traktatar.....	18
2.2.1	Innleiing.....	18
2.2.2	Havretts- og Biodiversitetskonvensjonen.....	19
2.2.3	Organisasjonspraksis som tolkingsbidrag.....	20
2.3	Folkerettsleg sedvane og prinsipp.....	22
2.3.1	Sedvane.....	22
2.3.2	Prinsipp.....	23
2.4	Juridisk litteratur og rettspraksis.....	23
3	HISTORIKK OG BAKGRUNN.....	25
3.1	Innleiing.....	25
3.2	Fritt Hav.....	26
3.2.1	Det intellektuelle grunnlaget.....	26
3.2.2	Statspraksis.....	26
3.3	Havrettstraktaten 1982.....	28
3.3.1	Innleiing.....	28
3.3.2	Innskrenking av det frie havet.....	28
3.3.3	Fellesarven.....	30
4	DEN INTERNASJONALE MILJØRETTEEN.....	33
4.1	Innleiing.....	33
4.2	Ein skal ikkje valde skade.....	35

	4.2.1 Innleiing.....	35
	4.2.2 Krav om aksemnd.....	36
	4.2.3 Konsekvensutgreiing og miljøovervaking	37
	4.3 Føre var-tilnærming.....	38
	4.4 Verna områder.....	39
5	ISA SITT MANDAT FOR MILJØREGULERING	41
	5.1 Innleiing.....	41
	5.2 Eit aspekt ved fellesarvprinsippet	42
	5.3 Mineralaktivitetar og miljøvern.....	43
	5.3.1 Utforsking og utvinning av mineral	43
	5.3.2 Det marine miljøet	44
	5.4 Styrande prinsipp for reglane	46
	5.4.1 Innleiing.....	46
	5.4.2 Tydinga av den internasjonale miljøretten.....	48
	5.4.3 Organisasjonspraksis.....	50
	5.4.4 Konklusjonar.....	54
6	VILKÅR FOR Å FÅ LØYVE.....	55
	6.1 Innleiing.....	55
	6.2 Undersøking.....	56
	6.3 Utforsking og utvinning.....	58
	6.3.1 Innleiing.....	58
	6.3.2 Kvalifikasjonsstandardar	58
	6.3.3 Vilkår knytt til ytre omstende.....	59
	6.4 Innverknad på reguleringsmakta.....	62
7	VILKÅR ETTER LØYVE ER GITT	64
	7.1 Innleiing	64
	7.2 Plikt til å ikkje gjere skade.....	65
	7.2.1 Innleiing	65
	7.2.2 Akseptabelt risikonivå	66
	7.3 Plikt til å kartlegge	68
	7.3.1 Innleiing.....	68
	7.3.2 Oppretting av målelinjer (baselines).....	69
	7.3.3 Konsekvensutgreiing og overvaking.....	71
	7.3.4 Særleg om tilrådingar frå the Legal and Technical Commission.....	72
	7.4 Fastsetjing av grenseverdiar	73

8	ENDRING AV VILKÅRA	76
8.1	Innleiing	76
8.2	Metodar for endring	77
8.2.1	Innleiing – Vern mot endringar	77
8.2.2	Revidering av kontrakten	78
8.2.3	Vedtaking av nye reguleringar	79
8.2.4	Endring av tilrådingar	80
8.3	Kontraktregulert endring? – særleg om midlertidige vedtak	81
9	KONKLUSJONAR OG MERKNADER	84
9.1	Innleiing	84
9.2	Regional forvalting	85
9.3	Endre rammeverket?	86
	LITTERATURLISTE	88
	 SJØRETTSFONDETS UTGIVELSER	 97

1 Innleiing

1.1 Tema og problemstilling

Temaet for framstillinga er rettsspørsmål knytt til utvinning av mineral frå havbotnen under djuphava utanfor kyststatane sin kontinentalsokkel. Avgrensinga av området og utvinning av mineral i desse områda er regulert av Havrettstraktaten frå 1982, både når det gjeld retten til utvinning og kva vilkår det eventuelt skal skje på.¹ Problemstillinga eg skal drøfta er særleg kva for innverknad utviklinga av internasjonal miljørett i tida etter at Havrettstraktaten vart fastsett har for reglane om mineralutvinning, og kva for konsekvensar det har for tolkinga av traktaten.

For å vinne ut mineral frå havbotnen, brukar ein motoriserte mineralsamlarar som knuser og samlar opp minerala.² Mineralsamlaren vil forstyrre havbotnen og føre til ei spreining av partiklar som er svært skadeleg for det lokale livet, og som i verste fall kan føre til utrydding av artar.³

Etter oppsamlinga vil ei blanding av mineral og vatn sendt opp i røyr mot overflata, der vatnet vert skild ut. Det utskilde vatnet inneheld spor av mineral og andre partiklar frå havbotnen, noko som kan få negativ innverknad på fotosyntesen i den øvre delen av vassøyla.⁴ Ut frå noverande kunnskap om det marine miljøet på havbotnen er det umogleg å gjere noka endeleg utgreiing av effektane av kommersiell mineralutvinning.⁵

¹ United Nations Convention on the Law of the Sea (10. desember 1982) 1833 UNTS 397. [Heretter Havrettstraktaten].

² R. Warner, *Protecting the Oceans Beyond National Jurisdiction: Strengthening the International Law Framework*, (2009 Martinus Nijhoff Publishers), s. 19.

³ Warner, op. cit., s. 158.

⁴ Warner, op. cit., s. 19.

⁵ Le Gurun, "EIA and the International Seabed Authority" i Bastmeijer, K. og Koivurova, T. (red.), *Theory and Practice of Transboundary Environmental Impact Assessment* (Martinus Nijhoff 2007), s. 239.

Mineralutvinning er regulert av del XI i Havrettstraktaten. Traktaten legg opp til ei regulering av aktiviteten for å beskytte det marine miljøet, og ein internasjonal organisasjon – The International Seabed Authority (ISA) – som skal forvalte regimet og vidareutvikle reglane. Sidan 1982 har det vore ei sterk utvikling av merksemda og kunnskapen om miljøproblema både generelt og i havet spesielt. Utviklinga har ført til at ein har endra synet på kva som er forsvarleg ressursforvaltning, og viktigheita av å verne økosystem frå forureining.

Endringa har fått uttrykk i ei rekke traktatar, vedtak i internasjonale organisasjonar, og i internasjonale konferansar. Særleg viktige her er Biodiversitetskonvensjonen og Rio-deklarasjonen. Omgrep som «berekraftig utvikling», som mellom anna krev integrasjon av miljøomsyn i avgjersler om økonomisk utvikling har kome inn i den internasjonale miljøretten.⁶ Det same gjeld «føre var-prinsippet». Ein har sett desse prinsippa som naudsynte eller tenlege for å finne ein forsvarleg balanse mellom omsynet til ressursutnytting (økonomiske interesser) på den eine sida, og vern av liv og miljø på den andre.⁷ Utviklinga talar for at miljøomsyn i sterkare grad vert integrerte i avgjersler med potensial for miljøskadar, og at ein er varsam med å starte aktivitetar der verknaden ikkje sikkert kan slåast fast.

Problemstillinga i avhandlinga er kva vekt som skal eller kan leggjast på desse normene i spørsmålet om mineralutvinning i det Havrettstraktaten omtalar som Området. Spørsmålet vert difor kva typar mekanismar som kan nyttast for å ta desse normene opp i regimet, og kva innhaldet i dei skal vera. Langt på veg er dette eit spørsmål om traktattolking i møte med endra omstende og kva rom det finst for dynamiske tolkingar. Vidare oppstår spørsmålet om utviklinga i andre delar av folkeretten har innverknad på tolkinga, eller om Havrettstraktaten regulerer mineralaktivitetar endeleg. Dette har særleg verknad for føresegner som er meint å avgrense ISA si reguleringsmyndigheit for å sikre investorar. Det finst

⁶ V. Lowe, «Sustainable Development and Unsustainable Arguments» i A. Boyle og D. Freestone (red.), *International Law and Sustainable Development* (Oxford University Press 1999), s. 26.

⁷ P. Birnie, A. Boyle og C. Redgwell, *International Law & the Environment* (3. utgåve, Oxford University Press 2009) s. 117.

også eit institusjonelt aspekt ved mineralutvinning i Området som er interessant i drøftinga av dette. ISA har eit mandat til regulering av mineralaktivitetar, og korleis den har blitt nytta i praksis vil vere ein sentral del av avhandlninga. I forlenginga av dette er spørsmålet kor stor vekt organisasjonspraksis har for tolkinga av traktaten som gir mandatet.

Eg vil argumentere for at reguleringsmakta til ISA har endra karakter sidan 1982, og at organisasjonen må ta omsyn til nye utviklingar i den internasjonale miljøretten trass i at dei ikkje nemnde i Havrettstraktaten. Eg vil likevel peike på ei rekke svakheiter ved regimet som kompliserer regulering på grunnlag av denne utviklinga.

1.2 Bakgrunn

Havbotnen utanfor kontinentalsokkelen (heretter «Området», i traktaten «the Area») er internasjonalt. Området utgjer om lag halvparten av jordas overflate.⁸ På kontinentalsokkelen har kyststatane einerett til utnytting av naturressursar i og på havbotnen. I det internasjonale området er utgangspunktet at statar og einskildpersonar fritt kan vinne ut ressursane.

Havrettstraktaten etablerte likevel eit særskilt regime for utvinning minerala i Området. Minerala på havbotnen er forvalta av eit internasjonalt organ under Dei sameinte nasjonane, The International Seabed Authority (ISA). ISA har hovudkontor på Jamaica, og skal administrere og kontrollere utvinninga av mineralressursane. Ifølgje traktaten kan statar og einskildpersonar berre utnytte mineralressursane dersom dei har fått løyve til dette frå ISA.

Det overordna prinsippet for forvaltninga er fellesarvprinsippet: Minerala er rekna som «the common heritage of mankind»,⁹ og utvinning skal skje «for the benefit of mankind as a whole».¹⁰ Bak denne formuleringa

⁸ R. Rayfuse, «Differentiating the Common? The Responsibilities and Obligations of States Sponsoring Deep Seabed Mining Activities in the Area» (2011) i 54 *German Yearbook of International Law*, s. 462.

⁹ Havrettstraktaten, Art. 136

¹⁰ Havrettstraktaten, Art. 140 (1)

ringa ligg både den institusjonelle ordninga, og ei rekke føresegner som er meint å minske den økonomiske skilnaden mellom industriland og statar under utvikling. Døme er skattlegging på grunnlag av verdien av mineral som vert vunne ut, og at skatteinntektene av dette skal overførast til land under utvikling, og føresegner om overføring av teknologi med sikte på utvikling. Konsekvensen av dette er at utvinning av mineral er ein føresetnad for at denne fellesarven kan verta realisert.

I åra fram mot 1982, då tingingane om Havrettstraktaten fann stad, rekna partane med at mineralutvinning på djuphavet ikkje var langt unna. Åra etter traktaten var ferdig viser at partane tok feil på dette punktet. Verdiane ligg framleis på havbotnen, særleg fordi den naudsynte teknologien viste seg vanskelegare å utvikle og meir kostbar enn ein trudde. Mineralutvinning på djuphavet har difor ikkje løna seg økonomisk så langt, men det kan sjå ut som at dette er i ferd med å endre seg.

I mellomtida har altså miljøomsynet kome inn med langt større tyngde enn ein kanskje såg for seg i tingingane om Havrettstraktaten og det er som nemnt inngått generelle miljøtraktatar som også vil kunne verka inn på aktivitet på havområdet.

Det kan dermed sjå ut som det har oppstått ei spenning mellom omsynet til realisering av verdiane av mineral på havbotnen som fellesarv og ei forsvarleg forvaltning av havområda og det marine miljøet: For at ISA kan oppnå sitt mål, mellom anna om internasjonal utjamning, må organisasjonen opne område for mineralaktivitetar. På den andre sida talar dei miljørettslege prinsippa for at ISA er tilbakehalden med å opne for slik aktivitet, dersom det ikkje kan skje på ein trygg og berekraftig måte.

Eit sentralt aspekt ved denne spenninga er dei rettslege vilkåra utvinnaren må møte for å få løyve til å drive med mineralaktivitetar, og rekkevidda av kompetansen til ISA som reguleringsmyndigheit til å utforme og endre desse vilkåra. Gjennom ein analyse av desse aspekta vil avhandlinga drøfte korleis og i kva grad dei miljørettslege prinsippa gjer seg gjeldande for mineralutvinning i Området, og kva som vert konsekvensen for fellesarvprinsippet.

1.3 Mineralressursar og livet i havet

1.3.1 Innleiing

Før vi rettar oss mot den rettslege reguleringa av mineralutvinning i Området, er det naudsynt å seie noko om den faktiske situasjonen. Den desidert største delen av havbotnen i Området, over nitti prosent, er sletter (djuphavssletter og kontinentalskråningen) med mjukt underlag som strekker seg fleire tusen kilometer utan å møte fysiske eller biologiske barrierar.¹¹ Mellom ein og to prosent av havbotnen er djupvassgroper, som vert danna av at tektoniske plater kolliderer og den eine vert pressa under den andre.¹² Underlag av stein – midthavsryggane og undervassfjell – står for under fire prosent.¹³

1.3.2 Mineralressursane

Mineralførekomstar i eller på havbotnen førekjem i mange ulike former og det er såleis fleire ulike typar mineral som er aktuelle for utvinning. Ein type mineralførekomst det vert stilt store forventningar til er manganknollar som er har blitt skapt over fleire millionar år ved at oppløyste mineralar vert utfelte frå vatnet og bind seg til ein hard kjerne på det elles mjuke underlaget på djuphavsslettene. Slike manganknollar, som er på storleik med poteter,¹⁴ oppstår i alle hav og på ulik djupne, men dei største konsentrasjonane finst på mellom 4000 og 6000 meters djupn, der dei ligg spreidd over enorme område på havbotnen.¹⁵ Utvinning av desse krev teknologi som kan samla opp manganknollar frå eit stort område.

¹¹ A.G Glover og C.R. Smith «The deep-sea floor ecosystem: current status and prospects of anthropogenic change by the year 2025» i 30[3] *Environmental Conservation* s. 219-241, s. 220. Forfattarane skildrer i artikkelen havbotnen som ligg på over tusen meters djupn, slik at den geografiske utstrekningen er noko større enn Området.

¹² Glover og Smith, op. cit., s. 220

¹³ Glover og Smith, op. cit., s. 220.

¹⁴ Glover og Smith, op.cit., s. 229.

¹⁵ A. Ahnert og C. Borowski, «Environmental risk assessment of anthropogenic activity in the deep sea» (2000) i 7 *Journal of Aquatic Ecosystem Stress and Recovery*, s. 303.

Manganskorper er ei anna form for mineralsamling, som oppstår mykje på same måte som knollar, men ved at dei utfelte minerala bind seg til det harde underlaget ein finn ved stigingar på havbotnen.¹⁶ Skorpene er mellom nokre millimeter og femten centimeter tjukke. Det høge innhaldet av kobolt gjer at dei har vekt kommersiell interesse.¹⁷

Den siste typen mineralsamling som har vekt interesse med sikte på mineralutvinning er dei mineralressursane som vert felt ut i hydrotermale skorsteinar. Skorsteinane vert skapt i område der jordskorpa er tynn, gjerne på grunn av plateforskuving, som ved den sentralatlantiske ryggen. Dei vert danna ved at vatn siv ned gjennom sprekker i jordskorpa til 2-300 meter under jordskorpa, og så som ei følgje av høge temperaturar stig mot havbotnen igjen, og tek med seg mineral frå undergrunnen. Når det varme vatnet møter det kalde over havbotnen vert minerala skilde ut og skaper skorsteinliknande formasjonar som inneheldt store mengder mineral.¹⁸

Samansetninga av dei ulike formene for mineralsamlingar varierer noko. I grove trekk er det tale om nikkel, kopar, kobolt og mangan, og i nokre tilfelle gull og sølv.

1.3.3 Økonomiske og teknologiske faktorar

Mineralutvinning i Området er ikkje venta å starte før det private næringslivet vert involvert.¹⁹ Fram til nyleg har interessa frå private selskap vore avdempa, men dette ser no ut til å endre seg. ISA har sidan 2011 gitt seks konsesjonar for utforsking av manganknollar til private gruveselskap.²⁰ Ein medverkande årsak til dette er at prisen på nokre av minerala har halde seg stabilt høg, etter at prisane fall dramatisk under finanskrisa.

¹⁶ Ahnet og Borowski, op. cit., s. 303.

¹⁷ Ahnet og Borowski, op. cit., s. 303.

¹⁸ J. Halfar og R.M. Fujita, «Precautionary Management of Deep-sea mining» (2002) i 26 Marine Policy s. 103.

¹⁹ G. Le Gurun, (2007), op. cit. s. 221.

²⁰ For alle typar utvinnarar og mineral er det gitt 19 konsesjonar, sjå International Seabed Authority (udatert), *Deep Seabed Minerals Contractors* [internett], International Seabed Authority, tilgjengeleg på http://isa.org.jm/deep-sebed-minerals-contractors?qt=contractors_tabs_alt=0#qt=contractors_tabs_alt.

Ei anna utvikling som har skapt kommersiell interesse er at ein har funne hydrotermale skorsteinar på så grunt vatn at teknologiutfordringa er meir handterbar. Sjølv om slike mineralsamlingar ofte vert assosiert med midthavsryggar, er det mellom anna funne hydrotermale skorsteinar på Papua New Guinea sin kontinentalsokkel.²¹ Desse mineralsamlingane er på grunnare vatn enn i Området og nærmare land. Dette gjer at utvinning av mineral frå desse og liknande førekomstar er meir tiltrekkjande frå eit kommersielt perspektiv, enn dei i Området.

I 2009 fekk det kanadiske gruveselskapet Nautilus Minerals konsesjon for utvinning av mineralsamlingar på 1600 meters djup på Papua New Guinea sin kontinentalsokkel. Sjølv om dei juridiske spørsmåla som gjeld for utvinning på kontinentalsokkelen ikkje vert vurderte i denne avhandlinga, er utvinning på kontinentalsokkelen viktig for utviklinga av teknologien som må til for å starte utforsking og utvinning også i Området.

Reglane for utforsking av hydrotermale skorsteinar i det internasjonale Området vart først vedtekne i 2010. Sidan har Kina, Russland og Korea fått løyve til å starte utforsking, medan Frankrike, Tyskland og India²² skal signere liknande avtalar. For alle mineraltypar er det gitt 17 løyve om utforsking totalt.²³

1.3.4 Livet i havet. Mangfald

Det naturlege miljøet på havbotnen skil seg frå det meste anna liv på jorda. Sollyset trengjer ikkje gjennom den massive vassøyla, og energien frå sola har difor berre ein indirekte verknad på grunnlaget for liv. Organismane på havbotnen får energi frå daudt vev som fell frå meir produktive delar havet.²⁴ Den låge tilførselen av energi, saman med låge

²¹ Dei finst også på den norske sokkelen, til dømes det såkalla Lokeslottet, som ligg på rundt 2300 meters djup 30 mil vest for Bjørnøya.

²² Anten sjølve, eller som såkalla sponsor-statar, International Seabed Authority (udatert), [internett], International Seabed Authority, Tilgjengeleg på: <http://www.isa.org/jm/en/scientific/exploration/contractors>

²³ Ibid.

²⁴ Glover og Smith, op. cit., s. 220.

temperaturar gjer også at biologiske prosessar tar lang tid.²⁵ Dette fører til at biomassen på havbotnen er lågare enn mest alle miljø ein kan samanlikne med. Likevel, og kanskje overraskande, er artsmangfaldet i djuphavet svært høgt.²⁶

Det høge artsmangfaldet og dei langsame biologiske prosessane gjer det sannsynleg at miljøet er særleg utsett for menneskelege inngrep, medan den geografiske storleiken på økosystema talar i motsett retning.²⁷ Samstundes rår det stor uvisse om livet på havbotnen generelt, og om den geografiske spreinga av ulike artar.²⁸ På og rundt undervassfjella er situasjonen noko annleis som følgje av at raskare havstraumar aukar tilgangen på næring.²⁹ Dette gjer liv mogleg også for større artar som korallrev, svampar og fisk.³⁰

Dei hydrotermale skorsteinane skil seg vesentleg frå resten av havbotnen med omsyn til biologisk mangfald. På grunn av energien skapt av skorsteinane sjølv, med vatn som held 3-400 grader celsius ved havbotnen, oppstår det eit omfattande og sterkt biologisk mangfald, som er uavhengig av solenergi. På dei aktive hydrotermale skorsteinane finst det bakteriar som gjennom ein kjemosyntetisk prosess dannar energigrunnlaget til ei rekke unike artar.³¹ Dette gjer at biomassen på og rundt hydrotermale skorsteinar ikkje er å finne nokon andre plassar på jorda. Tilsvarande gjeld for artsmangfaldet, og i tillegg er økosystemet som heilskap unikt fordi det ikkje baserer seg på fotosyntesen, i motsetnad til nærmast alt anna liv på jorda.³² Om dei hydrotermale skorsteinane forsvinn, døyr også dette livet. Generelt kan ein difor seie at det marine miljøet ved aktive hydrotermale skorsteinar og manganskorpene er prega

²⁵ Ahnert og Borowski, op. cit., s. 300.

²⁶ Ahnert og Borowski, op. cit., s. 300.

²⁷ Glover og Smith, op. cit., s. 221.

²⁸ Glover og Smith, op. cit., s. 220 og 221.

²⁹ Warner, op. cit., s. 8

³⁰ P.K. Probert, «Seamounts, sanctuaries and sustainability: moving towards deep-sea conservation» (1999) 9 Aquatic Conservation: Marine and Freshwater Ecosystems, s. 602.

³¹ Warner, op. cit., s. 9.

³² D.K. Leary, *International Law and the Genetic Resources of the Deep Sea* (2007 Martinus Nijhoff), s. 14-15.

av meir usikkerheit og sårbarheit enn det marine miljøet rundt manganknollane.³³

Livet ved aktive hydrotermale skorsteinar er knytt til vulkansk aktivitet. Desse er gjenstand for regelmessige naturlege øydeleggingar, og ein går difor ut frå at artane tåler ganske radikale endringar i miljøet.³⁴ På den andre sida er økosystemet vesentleg mindre enn på havsletta. Oppdaginga av hydrotermale skorsteinar har ført til nye teoriar om korleis livet på jorda oppstod.³⁵ Artane ein finn rundt dei hydrotermale skorsteinane lever i ekstreme temperaturar, under stort trykk og overlever store konsentrasjonar av tungmetall.³⁶ Dei har difor vekt interesse hjå selskap som ønskjer desse genetiske ressursane, og utvikle produkt på bakgrunn av dei – såkalla bioprospektering.

Av artane ein har oppdaga ved skorsteinane, har tre fjerdepartar av dei berre vorte funnen ved éin enkelt skorsteininformasjon.³⁷ Dette høge talet *kan* henge saman med at Området er relativt lite utforska, men fram til vi veit meir om havbotnen, er det ikkje mogleg å sjå vekk frå at mineralutvinning kan øydeleggje artar og økosystem før dei i det heile er identifiserte.³⁸

1.4 Avgrensingar

Mineralutvinning i Området er eit omfattande emne som reiser mange rettslege utfordringar. Denne avhandlinga konsentrerer seg om dei miljørettslege spørsmåla, slik som dei er regulerte i det eksisterande regelverket.

Det finst ei rekke statar som ikkje har underteikna Havretts-

³³ Le Gurun, (2007) op. cit., s. 231.

³⁴ C.L. Van Dover, «Mining seafloor massive sulphides and biodiversity: what is at risk?» (2010) i ICES Journal of Marine Science s. 5.

³⁵ T. Scovazzi, «Mining, Protection of the Environment, Scientific Research and Bioprospecting: Some Considerations on the Role of the International Sea-Bed Authority» (2004) i 19[4] The International Journal of Marine and Coastal Law, s. 395

³⁶ Leary, op. cit., s. 159.

³⁷ Van Dover, op. cit., s. 15.

³⁸ R. Rayfuse (2011), op. cit., s. 465.

konvensjonen,³⁹ men spørsmålet om desse statane er bundne av utvinningsregimet som vart skapt av del XI av Havrettstraktaten, eller delar av den, vil ikkje bli tatt opp. Avhandlinga vil berre ta for seg utvinning av mineralressursar, slik dette er definert i traktaten, og ikkje vurdere kor vidt fellesarv-prinsippet gjeld for andre ressursar som kan vinnast ut.⁴⁰

Påverknaden av etterfølgjande utviklingar i folkeretten på Havrettstraktaten vil potensielt også vere relevante for utvinning av ressursar innanfor nasjonal jurisdiksjon. Avhandlinga vil heller ikkje ta opp denne typen problemstillingar.

1.5 Framstillinga vidare

I kapittel 2 vil eg ta opp dei metodiske utfordringane med dynamiske tolkingar av traktatar og tydinga av organisasjonspraksis i folkeretten.

I kapittel 3 vil eg gjere ein gjennomgang av den rettslege stillinga til naturressursar i havretten frå eit historisk perspektiv, og korleis del XI av Havrettstraktaten og framveksten av prinsippet om fellesarven vaks fram som juridisk konsept. Kapittel 4 handsamer sentrale aspekt ved miljøretten og krava den set for forsvarleg utnytting av ressursar.

I kapittel 5 tar eg for meg kva for kompetanse ISA har for å verne det marine miljøet i Området, med utgangspunkt i Havrettstraktaten.

Kapittel 6 gjeld dei materielle vilkåra for å få løyve til å drive med utvinning, kapittel 7 om pliktene til utvinnaren under dei noverande reguleringane, og kapittel 8 kva tilgang ISA har til å endre vilkåra i eksisterande løyve.

Eg vil til slutt, i kapittel 9, kome med nokre oppsummerande merknader og dei sentrale konklusjonane.

³⁹ Dette gjeld også statar med lange kystlinjer som USA, Peru og Venezuela. [Kor viktig er det at dei har lange kystlinjer så lenge emnet di er på Området. Det er vel viktigare at det i alle fall for USA sin del er tale om ei teknologisk og økonomisk stormakt som har mange selskap som kan utvinna mineraler, og har stor interesse i slike mineral av industrielle grunnar]

⁴⁰ Slik ei rekke forfattarar har tatt til orde for, sjå til dømes. Scovazzi (2004), op. cit., s. 383-409.

2 Kjelder og metode

2.1 Innleiing og utgangspunkt

Med kjelder meiner vi i denne samanhengen alle hendingar, fakta, dokument, eller anna som påverkar innhaldet ei ein folkerettsleg regel.⁴¹ Med metode meiner vi måten ein går fram for å tolke desse kjeldene, for å kome fram til den folkerettslege regelen.

Avhandlinga skal vurdere relevansen av etterfølgjande utvikling i folkeretten på området for miljøvern har for tolkinga av del XI av Havrettstraktaten om mineralutvinning i Området. Den sentrale metodiske problemstillinga vert dermed kva for rom folkeretten sine reglar om traktatar har for dynamisk tolking.

Dei aktuelle utviklingane kjem for det første frå den generelle folkeretten gjennom vedtakinga av ei heil rekke instrument for vern av miljøet. For det andre kjem utviklingane frå Havrettsregimet sjølv, gjennom rettsavgjersler og organisasjonspraksis.

Det finst ei grunnleggande utfordring i folkeretten: Den manglar hierarkiske struktur. Det finst ingen obligatorisk struktur for normskaping og ingen domstol med universell jurisdiksjon. I staden for ein suveren som krev lydighet frå rettssubjekta (statane), er det rettssubjekta sjølve som er suverene.⁴² Konsekvensen av dette er at utvikling og modifikasjon av normer gjennom endringar i traktatar er komplisert. Det finst heller ingen organ som autoritativt fastset innhaldet i normene.

Statars suverenitet inneber også at det berre er dei sjølve som kan skape folkerettslege reglar. Det er samtykket til å vere bunden som avgjer både innhaldet i regelen og kven som er bunden av den. Det vil ganske enkelt seie at tolkinga av Havrettstraktaten må vere ordlyden i traktaten, fordi det er ordlyden som er uttrykk for viljen til statane som har skrive

⁴¹ S. Besson «Theorizing the Sources of International Law» i S. Besson og J. Tasioulas (red.) *Philosophy of International Law* (Oxford University Press 2010)

⁴² *Island of Palmas* (USA v Netherlands) (Award) [1928] 2 UN Rep. International Arbitration Awards 829 s. 838

under på den. Dette vert først eit problem når mange – men ikkje naudsynleg alle – statane vedtar ein annan traktat, som handsamer spørsmål relevant for den første traktaten, men som går i ei noko anna retning.

Utgangspunktet for kva som er gyldige folkerettslege reglar kjem til uttrykk i Artikkel 38 i ICJ-statuttane, som er generelt aksepterte som gyldige.⁴³ Desse kjeldene er traktatar, folkerettsleg sedvane, folkerettslege prinsipp, og rettslege avgjersler og litteratur som subsidiære kjelder.⁴⁴

2.2 Traktatar

2.2.1 Innleiing

Traktatar er den klaraste måten folkerettslege plikter vert uttrykte på. Regimet for mineralutvinning i Området vart skapt gjennom del XI av Havrettstraktaten, og tolkinga av denne vil vere det absolutt sentrale i avhandlinga. Av andre traktatar er det særleg Biodiversitetskonvensjonen (CBD) som er aktuell. I tolkinga av traktatar vil det takast utgangspunkt i Wien-konvensjonens artiklar (WK) 31 til 33.⁴⁵ Sjølv om ikkje alle statar har ratifisert WK, vert desse føresegnene rekna som kodifikasjon av folkerettsleg sedvane.⁴⁶

Dei aktuelle traktatane finst i forskjellige språkformer, som alle er like offisielle og bindande. Av praktiske årsakar tar avhandlinga utgangspunkt i den engelske versjonen. Grunna usemje om ei rekke aspekt av del XI av Havrettstraktaten viste det seg naudsynt å gjere nokre modifikasjonar før traktaten tredde i kraft. Desse har fått uttrykk i Implementeringsavtalen frå 1994. Formelt er avtalen ikkje eit formelt tillegg til eller ei endring av traktaten, sjølv om enkelte føresegner vart endra på viktige måtar.⁴⁷ I den grad innhaldet i avtalen vert handsama i avhand-

⁴³ I. Scobbie, «Wicked Heresies or Legitimate Perspectives? Theory and International Law» i Evans, M.D. (red) *International Law* (3. utgåve, Oxford University Press 2010), s. 64.

⁴⁴ ICJ-statuttane, art. 38 § 1.

⁴⁵ Vienna Convention on the Law of Treaties (1969) 1155 UNTS 331 [Heretter VCLT].

⁴⁶ M. Ruud og G. Ulfstein, (3. utgåve, Universitetsforlaget 2006), s. 92.

⁴⁷ S. Nandan, «Administering the Mineral Resources of the Deep Seabed» i Freestone D., Barnes, R. og Ong D.M. (eds), *The Law of the Sea: Progress and Prospects* (2006

linga, vil den reknast som semje om tolkinga, og som ein integrert del av Havrettstraktaten.⁴⁸

2.2.2 Havretts- og Biodiversitetskonvensjonen

Utgangspunktet er at traktatar skal tolkast i god tru og etter ei vanleg forståing av ordlyden, i konteksten den står i, og i lys av føremålet og hensikta med traktaten.⁴⁹ Denne framgangsmåten for tolking inneber for det første ei rein tekstleg tilnærming, der ein skal vurdere kva orda tyder i konteksten av resten av traktaten. I tillegg er det eit teleologisk element – ein skal sjå tolkingsresultatet i lys av føremålet med traktaten.⁵⁰

Det er tidspunktet for kontraktsslutninga, og intensjonane på dette tidspunktet som skal leggest til grunn for ordlydstolkinga.⁵¹ Samstundes, og til ei viss grad i konflikt med dette utgangspunktet, må ein tolke traktatar innanfor rammeverket av heile folkerettssystemet på tolkingstidspunktet.⁵² Denne innfallsvinkelen for tolking av traktatar tar utgangspunkt i at folkeretten er eit heilskapleg system. Ein traktat eksisterer ikkje i eit vakuum, men innanfor dette systemet, og det finst ein vekselverknad mellom innhaldet i den, og systemet som heilskap.⁵³

Det er ein klar overlapp mellom del XI av Havrettstraktaten som har føresegner mellom anna om vern av det marine miljøet, og Biodiversi-

Oxford University Press), s. 78.

⁴⁸ Etter Wien-konvensjonen skal «[a]ny subsequent agreement between the parties regarding the interpretation of the treaty or application of its provisions» takast omsyn til i tolkinga, som ein del av konteksten, VCLT Art. 31 § 2 (a).

⁴⁹ VCLT artikkel 31 § 1.

⁵⁰ P. Birnie, A. Boyle og C. Redgwell, *International Law & the Environment* (3. utgåve, Oxford University Press 2009) s. 19.

⁵¹ Sjå til dømes *Legal Consequences for States of the Continued Presence of South Africa in Namibia (South West Africa) notwithstanding Security Council Resolution 276* (Advisory Opinion) [1970] ICJ rep 16, § 53.

⁵² «[A]n international instrument has to be interpreted and applied within the framework of the entire legal system prevailing at the time of the interpretation.» Denne innfallsvinkelen til tolking ser derimot ut til å berre gjelde omgrep som etter sin art i alle fall til ei viss grad er dynamiske, Ibid. § 53.

⁵³ C. McLachlan, «The Principle of Systemic Integration and Article 31(3)(c) of the Vienna Convention» (2005) i 54 *International & Comparative Law Quarterly*, s. 282.

tetskonvensjonen som gjeld vern av miljøet både på land og i havet. Tilhøvet mellom Biodiversitetskonvensjonen og Havrettstraktaten er regulert i Artikkel 22 i førstnemnde. Føresegna gir prioritet til rettar og plikter etter Havrettstraktaten, med unntak av dei tilfella der dette vil føre til «a serious damage or threat to biological diversity».⁵⁴

Dette kan føre til at staten må stogge mineralutvinning etter del XI av Havrettstraktaten sjølv om staten, eller eit selskap heimehørende i staten, har fått løyve. I andre tilfelle vil Havrettstraktaten ha prioritet. Denne prioriteten gjeld derimot berre der det er motstrid mellom traktatane og utelukker ikkje innverknad på tolkingsprosessen, som må gjerast før motstrid kan konstaterast.

Biodiversitetskonvensjonen og andre rettslege dokument innanfor miljøretten vil typisk anten gå lenger i trygginga av miljøet enn Havrettstraktaten, vere meir presise i sitt innhald, eller begge delar. Reglane desse instrumenta er uttrykk for kan difor vere relevante for tolkinga av Havrettstraktaten, i alle fall i den grad dei kan reknast som ein del av det folkerettslege systemet og så lenge Havrettstraktaten ikkje stenger for tolkinga.⁵⁵ Dette kan vere ei følgje av ordlyden i Havrettstraktaten, til dømes om partane har forplikta seg til ei progressiv utvikling eller omgrepet i seg sjølv er av dynamisk karakter.⁵⁶

2.2.3 Organisasjonspraksis som tolkingsbidrag

Del XI av Havrettstraktaten er ikkje berre ein multilateral konvensjon. Den skaper også ein internasjonal organisasjon med eit mandat, mellom anna til å regulere med miljøføremål. For denne typen traktatar gjeld det ein særskild tolkingsregel som følgjer av det institusjonelle aspektet ved organisasjonar. I tolkinga av mandatet til organisasjonar må ein i

⁵⁴ Convention on Biological Diversity (Biodiversitetskonvensjonen) (1992) 1760 UNTS 79.

⁵⁵ A. Boyle, «Further development of the 1982 Convention on the Law of the Sea: Mechanisms for Change» i D. Freestone, R. Barnes og D.M. Ong, (red.) *The Law of the Sea. Progress and Prospects* (Oxford University Press 2006), s. 56.

⁵⁶ M. Koskenniemi «Fragmentation of International Law: Difficulties Arising from the Diversification and Expansion of International Law», (2006) (Report of the Study Group of the International Law Commission) UN Doc. A/CN.4/L.682, s. 243

tillegg til dei etablerte tolkingsreglane også sjå til føremåla med organisasjonen, viktigheita ved føremålet, og praksisen til organisasjonen.⁵⁷

ISA sin organisasjonspraksis har dermed ein dobbel rolle. På den eine sida er dei uttrykk for korleis organisasjonen sjølv tolkar del XI av Havrettstraktaten, og på den andre sida er den eit tolkingsmoment som kan ha sjølvstendig innverknad på korleis føresegnene skal forståast. Den rettskjeldemessige tyngda av organisasjonspraksisen i tolkinga bør samstundes ikkje overdrivast. Utgangspunktet er at slike avleidde dokument berre er bindande i den grad dei har heimel i traktaten.⁵⁸ Verknaden vil difor først og fremst vere i tilfelle der traktaten er uklår, eller som stadfesting av ei tolking.⁵⁹

Praksisen får uttrykk på forskjellige måtar, men den mest sentrale praksisen kjem som vedtak i Generalforsamlinga, der alle medlemsstatar er representerte.⁶⁰ Desse dokumenta kan vere uttrykk for semje mellom medlemsstatane om ei tolking når dei er vedtekne ved konsensus, og dette kan ein nytte som sjølvstendig tolkingsmoment.⁶¹ Praksis som er vedtatt i organ utan representasjon frå alle statar, eller der konsensus ikkje er oppnådd, vil difor vere mindre tungtvegande i tolkinga av traktaten. Dersom ein legg for stor vekt på praksis av denne arten, kan resultatet bli at eit fleirtal *de facto* endrar traktatpliktene for alle, i strid med suverenitetsprinsippet.

Sidan dokumenta der praksisen kjem til uttrykk klart nok ikkje er traktatar, og Wien-konvensjonen difor ikkje gjeld, kan ein stille spørsmålet om korleis ein skal gå fram i tolkinga. Eg vil leggje til grunn at tolkingstil-

⁵⁷ «[T]he very nature of the organization created, the objectives which have been assigned to it by its founders, the imperatives associated with the effective performance of its functions, as well as its own practice, are all elements which may deserve special attention when the time comes to interpret these constituent treaties», *Legality of the Use by a State of Nuclear Weapons in Armed Conflict* (Advisory Opinion) [1996] ICJ Rep 66 § 21.

⁵⁸ D. Akande, «International Organizations» i Evans, M.D. (red.), *International Law* (3. utgåve, Oxford University Press 2010), s. 268.

⁵⁹ Akande, op. cit., s. 264

⁶⁰ Det er mellom anna slik ISA har fastsett reguleringane for undersøking og utforsking etter dei forskjellige mineralsamlingane.

⁶¹ I tråd med VCLT Art. 31 § 3 (a).

nærminga vil vere tilsvarende den som følger av Wien-konvensjonen.⁶²

2.3 Folkerettsleg sedvane og prinsipp

2.3.1 Sedvane

Fordi mineralutvinning i så stor grad er regulert gjennom Havrettstraktaten, vil folkerettsleg sedvane kome noko i bakgrunnen. Samstundes kan sedvanereglane vere relevante for tolkinga av traktatar, og Wien-konvensjonen seier eksplisitt at alle folkerettsreglar kan ha relevans som ein del av konteksten.⁶³

Folkerettsleg sedvane er reglar som er skapt gjennom langvarig praksis mellom statar. Legitimiteten til slike reglar kjem derfor, som traktatar, frå statars aksept til å vere bundne, men sedvanereglar treng som regel vesentleg meir tid for å skapast. Ein folkerettsleg sedvaneregel vert definert som «international custom, as evidence of a general practice accepted as law».⁶⁴

For at ein regel skal reknast som folkerettsleg sedvane set statuttane to krav. For det første er det eit krav om at det finst ein etablert statspraksis – at den er «established, widespread, and consistent».⁶⁵ I tillegg er det krav om prov på at praksisen har skjedd i trua på at praksisen var juridisk bindande – kravet om *opinio juris*.

Eit spørsmål vert då om nokre av reglane eller prinsippa som spring ut av den internasjonale miljøretten oppfyller desse vilkåra, og må reknast som folkerettsleg sedvane. Vidare er det eit spørsmål om innhaldet i

⁶² *Responsibilities and Obligations of States Sponsoring Persons and Entities with respect to Activities in the Area* (No. 17) (Seabed Disputes Chamber Advisory Opinion) [2011] ITLOS Rep 10, § 60: «The fact that these instruments are binding texts negotiated by States and adopted through a procedure similar to that used in multilateral conferences permits the Chamber to consider that the interpretation rules set out in the Vienna Convention may, by analogy, provide guidance as to their interpretation.»

⁶³ WK Art. 31 § 3 (c), «any relevant rules of international law applicable in the relations between the parties.»

⁶⁴ ICJ-statuttane, Art. 38 § 1 (b).

⁶⁵ H. Thirlway, «The Sources of International Law» i Evans, M.D. (red.), *International Law* (3. utgåve, Oxford University Press 2010), s. 102.

sedvaneregele, og kva for verknad dette har for tolkinga av regimet for mineralutvinning i Området.

2.3.2 Prinsipp

Folkerettslege prinsipp vert definert som «the general principles of law recognized by civilized nations».⁶⁶ Ingen av dei store internasjonale domstolane har basert avgjersler på slike prinsipp, og det er usemje om definisjonen i folkerettslitteraturen.⁶⁷

Det er to moglege tolkingar, anten at det er tale prinsipp som er felles for fleire nasjonale rettssystem, og at dei difor kan løftast opp på internasjonalt nivå, eller at prinsippa eksisterer i folkerettssystemet *per se*.⁶⁸ I begge tilfelle er det ei utfordring å slå fast eksistensen av slike prinsipp i mangel på praksis og *opinio juris*. Ei mogleg tolking er at det berre er krevje *opinio juris*, og i så fall vil ei rekke miljørettslege prinsipp bli aktuelle som tolkingsbidrag.⁶⁹ Fordi denne rettskjelda er kontroversiell, og at mange av dei sentrale folkerettslege prinsippa som har innverknad på mineralutvinning i Området har fått utslag direkte i traktatteksten, vil denne rettskjelda hamne i bakgrunnen.

2.4 Juridisk litteratur og rettspraksis

Juridisk litteratur og rettspraksis er subsidiære kjelder, og dette inneber at kjeldene ikkje kan skape rett i seg sjølv.⁷⁰ Litteratur og rettspraksis kan derimot vere nyttige som hjelp til å identifisere reglar frå dei primære kjeldene, og som utgreiingar av kva som er gjeldande rett.⁷¹

Avhandlinga vil støtte seg på juridisk litteratur ut frå ei vurdering av at litteraturen uttrykker ei forsvarleg tolking av dei formelle rettskjeldene.

⁶⁶ ICJ-statuttane, Art. 38 § 1 (c)

⁶⁷ Thirlway, op. cit., s. 109.

⁶⁸ Thirlway, op. cit., s. 108-9.

⁶⁹ Birnie, Boyle og Redgwell, op. cit., s. 27-8. Via VCLT Art. 31 § 3 (c).

⁷⁰ ICJ-statuttane Art. 38 § 1 (d).

⁷¹ Thirlway, op. cit., s. 110.

Ei rettsleg avgjersle i ein internasjonal domstol er i utgangspunktet berre bindande for partane i tvisten, og den genererer ingen prejudikatsverknad.⁷² Trass i dette viser domstolane gjerne til tidlegare avgjersler (og stundom til andre domstolars praksis). ICJ framstiller det på følgjande måte:

It is not a question of holding [the parties to the current case] to decisions reached by the Court in previous cases. The real question is whether, in this case, there is cause not to follow the reasoning and conclusions of earlier cases.⁷³

Fordi kjeldene er subsidiære, må ein vere kritisk til grunnlaget for påstandane dei uttrykker. Likevel er det grunn til å legge noko større vekt på rettslege avgjersler enn på juridisk litteratur. Dette er fordi det finst eit ønske om å vere konsekvent i desse organa, at dei er samansett av ekspertar på folke- eller havrett, og at dei presumptivt difor har innverknad på korleis statar oppfattar eigne plikter og rettar.

I denne avhandlinga vil det bli vist til ei rekke slike avgjersler frå ICJ og Havrettsdomstolen. Per dags dato finst det ingen slike dommar som gjeld Del XI av Havrettstraktaten direkte. Det finst derimot ei rådgjevande avgjersle frå The Seabed Disputes Chamber, som er eit uavhengig kammer sett saman av dommarar frå Havrettsdomstolen og som har jurisdiksjon i dei fleste tvistar som gjeld mineralutvinning i Området.

⁷² Thirlway, op. cit., s. 110.

⁷³ *Land and Maritime Boundary between Cameroon and Nigeria, Preliminary Objections (Judgment)* [1998] ICJ Rep 275, § 28.

3 Historikk og bakgrunn

3.1 Innleiing

Bakgrunnen for reguleringa av mineralutvinning i Havrettstraktaten er eit rettsleg regime som i den moderne havretten vart utvikla frå og med 1500-talet – prinsippet om det frie havet. Essensen av regimet er både eit fråver av regulering av aktivitetar, og fråveret av høvet til å tileigne seg havområde.⁷⁴

For å skjøne siktemålet med regulering av mineralaktivitetar er det difor naudsynt å først sjå korleis rettssituasjonen utvikla seg. Føremålet med dette kapitlet er å vise utviklinga som enda i det regimet som vart vedteke i 1982.

Det sentrale stridstemaet i utviklinga av den moderne havretten rettar seg mot dei to største økonomiske interessene: navigasjon og fiske. Den sentrale interessekonflikten var mellom kyststatar på den eine sida, og maritime statar (statar med store flåtar) på den andre.⁷⁵ Maritime statar ønskjer minst mogleg suverenitet for kyststatar over havområda, av omsyn til navigasjon og utnytting av ressursar. Kyststatane ønskjer mest mogleg jurisdiksjon, av omsyn til nasjonal tryggleik og økonomi (eksklusiv rett til utnytting av ressursane utanfor eigen kyst).⁷⁶ I dette noko forenkla skjemaet vil kyststatane vere tilhengjarar av eit lukka hav (*mare clausum*), medan dei maritime statane ønskjer eit fritt hav (*mare liberum*).

Generelt kan ein seie at i periodar der ein eller to statar har vore dominerande økonomisk og militært har det frie regimet dominert, og motsett når desse ikkje har vore mektige nok til å oppretthalde regimet.⁷⁷

⁷⁴ D.J. Bederman, «The Sea» i B. Fassbender og A. Peters, *The Oxford Handbook of the History of International Law* (2012), s. 366.

⁷⁵ Bederman, op. cit., s. 370-1

⁷⁶ Bederman, op. cit., s. 370-1.

⁷⁷ D.P. O'Connell, *The International Law of the Sea* (vol. 1, Clarendon Press 1982), s. 1

3.2 Fritt Hav

3.2.1 Det intellektuelle grunnlaget

Tidleg på 1600-talet kom Det nederlandske austindiakompaniet i konflikt med portugisiske interesser i Indiahavet. Portugal gjorde gjeldande eksklusive navigasjonsrettar i Indiahavet på bakgrunn av ein paveleg bulle og Tordesillas-traktaten mellom Portugal og Spania frå 1494.⁷⁸ Austindiakompaniet hyrte juristen Hugo Grotius til å greie ut om den rettslege posisjonen til Portugal, og resultatet vart verket *Mare liberum* i 1606.⁷⁹

Ifølgje Grotius er eigarskap til sjuande og sist alltid basert på okkupasjon og «de ting som ikke kan tas i besittelse eller som aldri har blitt tatt i besittelse av noen, [kan ikke] være noens eiendom».⁸⁰ Fordi havet etter sin art ikkje kan vere gjenstand for okkupasjon, kunne det heller ikkje vere noko grunnlag for eigarskap eller eksklusiv bruk. Konklusjonen vart difor at Portugal sin posisjon ikkje heldt mål rettsleg.

I staden kom han fram til eit naturretsleg «primærprinsipp» – prinsippet om det frie havet.⁸¹ Innhaldet i prinsippet om det frie havet er at ingen kan krevje eigarskap over hava, med unntak av ei smal stripe langs kysten, og at alle kan utnytte ressursane som er i dei eigarlaus havområda.⁸² Denne todelinga av havet vart ikkje utfordra før på 1900-talet.

3.2.2 Statspraksis

Aksepten for regelen kom ikkje beinveges, heller ikkje i Nederland.

⁷⁸ T.W. Fulton, *The Sovereignty of the Sea* (Blackwood, [1. utgåve 1911] 1976), s. 5: «Spain claimed the exclusive right of navigation in the western portion of the Atlantic, in the Gulf of Mexico, and in the Pacific. Portugal assumed a similar right in the Atlantic south of Morocco and in the Indian Ocean».

⁷⁹ Fulton, op. cit., s. 5.

⁸⁰ H. Grotius, *Mare Liberum – Det frie hav* (omsett av A.H. Aure [først gitt ut 1609], Vidarforlaget 2009), s. 95; 113.

⁸¹ Bederman, op. cit., s. 367.

⁸² Grotius, op. cit., s. 97: Havet er «virkelig [...] så enormt stort at det ikke kan tas i besittelse, og fordi det egner seg til alles bruk, og slik forholder det seg [for] både skipsfart og fiskeri.»; D.R. Rothwell og T. Stephens, *The International Law of the Sea* (Hart Publishing 2010) s. 3.

Enkelte har påpeika at alle europeiske statar i Grotius si samtid forsøkte å kontrollere så mykje av havområda dei kunne, og at det difor var Grotius sine meiningsmotstandarar som fekk rett på kort sikt.⁸³

Regelen om det frie havet vart likevel generelt akseptert frå rundt år 1700.⁸⁴ Grunnen var ikkje naudsynleg at Grotius sin posisjon var av høgare akademisk kvalitet, eller at den betre skildra statspraksisen fram til då. Det var den dominerande posisjonen til enkelte maritime statar som vart avgjerande, særleg Storbritannia, Nederland og Frankrike.⁸⁵ Desse landa hadde interesse av å halde havet ope for navigasjon for å kunne transportere varer til og frå koloniane deira. Denne verknaden vart ytterlegare forsterka då britane stod fram som dei klart mektigaste på havet, etter sigeren over Napoleon i 1805.⁸⁶

Om ein ser vekk frå retten til fri navigasjon og fiske, er det vanskeleg å finne rettleiing i statspraksis om kva innhaldet i det frie havet var.⁸⁷ Ressursar på havbotnen ser ikkje ut til å vere tema i litteraturen i det heile på denne tida. Då det seinare vart spørsmål om kva for juridiske regime som skulle gjelde på havbotnen, vart det likevel semje om at ressursane var omfatta av hovudregelen om fri tilgang i kraft av prinsippet om det frie havet.⁸⁸

Rettstilstanden for utnytting av mineralressursar i Området vart på denne måten fastsett på bakgrunn av økonomiske interesser som primært retta seg mot navigasjon.⁸⁹

⁸³ R.P. Anand, *Origin and Development of the Law of the Sea* (Martinus Nijhoff 1983) s. 228.

⁸⁴ Bederman, op. cit., s. 369.

⁸⁵ Bederman, op. cit., s. 369

⁸⁶ Bederman, op. cit., s. 370.

⁸⁷ Rothwell og Stephens, op. cit., s. 149.

⁸⁸ Rothwell og Stephens, op. cit., s. 120.

⁸⁹ Churchill, R.R. og Lowe, A.V., *The Law of the Sea* (Manchester University Press 1999), s. 204.

3.3 Havrettstraktaten 1982

3.3.1 Innleiing

På 1900-talet var det fleire forsøk på vidareutvikling og kodifikasjon av Havretten. Etter eit mislukka kodifikasjonsforsøk i 1930, fann den første havrettskonferanse stad i 1958 og resulterte i fire havrettskonvensjonar.

To av desse, om kontinentalsokkelen og fiske på det opne havet, representerte eit brot med todelinga av havet. Det var ikkje lenger spørsmål om å justere grensene mellom det opne og det lukka havet (fritt hav og territorialfarvatnet). I staden vart nye soner og former for jurisdiksjon skapt som skulle eksistere i tillegg til dei.⁹⁰

Både traktatane frå 1958 og 1982 definerer det opne havet negativt.⁹¹ Ein konsekvens av definisjonen er at opprettinga av nye soner, eller utviding av dei eksisterande, gjer det opne havet mindre i geografisk utstrekning.

Medan bruken av havet hadde vore avgrensa fram til etterkrigstida, gjorde industrialiseringa av fiskeria og oljefunn på sokkelen til at konflikten mellom maritime statar og kyststatar blussa opp att.⁹² Tingingane om Havrettstraktaten varte mellom 1973 og 1982, og då prosessen var ferdig hadde den rettslege situasjonen for hava endra karakter radikalt.

3.3.2 Innskrenking av det frie havet

Mange statar var urolege for overfiske og forureining utanfor egne kystar, og det vart klart at eit rettsleg regime basert på fri tilgang ikkje var tilstrekkeleg for å svare på desse utfordringane.⁹³ Utover på 1960-talet vart stadig fleire tidlegare koloniar uavhengige, og dette endra dynamikken i det internasjonale samfunnet. Desse statane var ikkje nøgde med det eksisterande regimet, som dei meinte var utvikla av eit knippe vestlege

⁹⁰ M.D. Evans, «The Law of the Sea» i M.D. Evans (red.), *International Law* (3. utgåve, Oxford University Press 2010), s. 652.

⁹¹ Havrettstraktaten Art. 86; Convention on the High Seas (1958) 450 UNTS 11 Art. 1.

⁹² Anand, op. cit., s. 232.

⁹³ Churchill og Lowe, op. cit., s. 16.

statar og skreddersydd deira økonomiske interesser.⁹⁴ Talspersonar frå utviklingslanda såg på det frie havet som lite anna enn eit ideologisk dekke for utnytting av naturressursane til fattige statar.⁹⁵

Under tingingane til Havrettstraktaten (1982) kravde dei difor større kontroll over ressursane utanfor eigen kyst.⁹⁶ Dei industrialiserte statane, med USA og Sovjetunionen i spissen, var hovudsakleg motstandarar av dette, av omsyn til navigasjonsrettar.⁹⁷ I motsetnad til tidlegare kodifikasjonsforsøk var tingingane som utgangspunkt basert på konsensus, og partane valde å lage éin traktat (i staden for fire i 1958). Traktaten skulle innehalde alle føresegnene konferanse vedtok – og dette vart omtala som «pakkeavtalen.»⁹⁸

Pakkeavtalen og utgangspunktet om konsensus gjorde at statar vart villige til å bytte saker av mindre strategisk viktighet for å oppnå gunstige resultat på andre område.⁹⁹ Tanken om å opprette soner i staden for å justere grensene mellom (det lukka) territorialfarvatnet og (det opne) frie havet, vart med vidare i arbeidet med Havrettstraktaten frå 1982.

Konsekvensen vart at Havrettstraktaten auka storleiken på territorialfarvatnet og kontinentalsokkelen, og oppretta den eksklusive økonomiske sonen. Dette reduserte utstrekninga av det opne havet tilsvarande. Medan regimet for kontinentalsokkelen gjeld for havbotnen, gjeld den eksklusive økonomiske sonen vassøyla. Kort fortalt seier begge regima at den aktuelle kyststaten har eksklusiv rett på naturressursane innanfor områda. Begge strekker seg ut til 200 nautiske mil frå land (grunnlinja).¹⁰⁰ Slik vart dei mest produktive delane av havet lukka med omsyn til ressursutnytting, medan retten til navigasjon i den eksklusive økonomiske

⁹⁴ Anand, op. cit., s. 230.

⁹⁵ R.L. Friedheim, *Negotiating the New Ocean Regime* (University of South Carolina Press 1993) s. 17.

⁹⁶ Churchil og Lowe, op. cit., s. 16; Friedheim, op. cit., s. 28.

⁹⁷ Friedheim, op. cit., s. 33.

⁹⁸ «[t]he package deal.» Sjå A. Beesley, «The negotiating strategy of UNCLOS III: Developing and developed countries as partners – a pattern for future multilateral international conferences?» (1983) i 46[2] *Law and Contemporary Problems*, s. 186.

⁹⁹ Friedheim, op. cit., s. 33.

¹⁰⁰ Kontinentalsokkelen kan gå ut til over 350 nautiske mil dersom dei geologiske tilhøva talar for det, sjå Havrettstraktaten Art. 76 §§ 4-6.

sonen i all hovudsak er halde ved like.

3.3.3 Fellesarven

Regimet for mineralutvinning i Området er eit anna ledd i innskrenkinga av det frie havet. Det grunnleggande prinsippet for regimet er at minerala på Området er «the common heritage of mankind» (heretter omtala som fellesarvprinsippet).¹⁰¹

Startskotet for fellesarv-prinsippet i havrettssamanheng vert som regel spora tilbake til ein tale som vart halde for Generalforsamlinga i SN i 1967 av Malta sin ambassadør Arvid Pardo.¹⁰² Han viste til ei store verdiane som låg på havbotnen i form av manganknollar, og skildra to måtar utvinninga av desse kunne skje under dei reguleringsregima som eksisterte.

Den eine var at kyststatane ville krevje jurisdiksjon over stadig aukande område. Alternativet var at regimet for det opne havet ville gjelde, og at industrialiserte statar som hadde føresetnadene for å utvikle utvinningsteknologi i praksis ville ekskludere andre statar.¹⁰³ Kritikken av prinsippet om det frie havet liknar slik sett diskusjonane om den eksklusive økonomiske sonen. Som eit alternativ lanserte Pardo tanken om at havbotnen, og ressursane som kunne utvinnast derfrå skulle vere ein felles arv for menneskeslekta.¹⁰⁴

Sjølv om kritikken mot regimet om det frie havet i hovudsak var lik, var løysinga annleis for denne delen av havbotnen. I staden for utvida rettar til kyststatar inneber fellesarvprinsippet eit forbod mot statleg tileigning og suverenitetsutøving.¹⁰⁵ Fellesarven inneber ei felles overnasjonal forvaltning av mineralutvinning gjennom ein internasjonal organisasjon, i tillegg til fredeleg bruk av havbotnen, deling av verdiane som

¹⁰¹ Havrettstraktaten Art. 136.

¹⁰² I litteraturen har fellesarva røter tilbake til 1800-talet, sjå H. Tuerk, op. cit., s. 31.

¹⁰³ T. Scovazzi, «The Seabed Beyond the Limits of National Jurisdiction: General and Institutional Aspects» i Elferink, A.G.S og Molenaar, E.J (red.) *The International Legal Regime of Areas beyond National Jurisdiction: Current and Future Developments* (Martinus Nijhoff Publishers 2010), s. 44

¹⁰⁴ UN Doc. A/C.1/PV 1515,

¹⁰⁵ H. Tuerk, *Reflections on the Contemporary Law of the Sea* (Martinus Nijhoff Publishers 2012), s. 35; Havrettstraktaten Art. 137 § 1.

vert vunne ut, og vern av det marine miljøet.¹⁰⁶

Forslaget var revolusjonerande nettopp fordi forvaltinga skulle skje gjennom ein internasjonal organisasjon, og fordi verdiane av ressursane skulle delast også med statar som ikkje sjølve deltok i utvinninga. Fellesarvprinsippet vart ført vidare av generalforsamlinga til SN, mellom anna i resolusjon 2749 (XXV).¹⁰⁷

I hovudsak var det stor oppslutning om fellesarvprinsippet. Også industrielle statar hadde interesse i å innføre ei eller anna form for felles og overnasjonal regulering. Dette er fordi konsekvensen av eit uregulert regime er usikkerheit for investorar. Utan regulering kunne ein potensiell utvinnar bruke store verdiar på å utforske eit område, og likevel risikere at nokon andre starta å vinne ut.¹⁰⁸

Medan det var stor grad av semje om dei grunnleggande komponentane i fellesarven, var det usemje knytt til korleis dei skulle setjast i verk. Særleg galdt dette funksjonane til ISA og kven som skulle kunne drive med mineralutvinning. Standpunktta gjekk frå at organisasjonen skulle vere eit register utvinnaren melde seg til for å få eksklusive rettar (først i tid, best i rett), til at berre ISA sjølv kunne drive mineralutvinning i Området.¹⁰⁹ I desse forskjellige posisjonane var det ein klar Nord-Sør-dimensjon, der dei mindre utvikla landa ønskte mest mogleg kompetanse til organisasjonen, og omvendt.¹¹⁰

Resultatet vart ein mellomposisjon der både statlege og private einingar kan få lisens til utvinning gjennom ein kontrakt med ISA. Desse einingane må greie ut eit område stort nok til å kunne etablere to utvinningsoperasjonar, og der den eine vert reservert for ISA eller land under utvikling.¹¹¹

¹⁰⁶ K. Baslar, *The Concept of the Common Heritage of Mankind in International Law* (Martinus Nijhoff Publishers 1998), s. 209.

¹⁰⁷ «The Declaration of Principles governing the Sea-Bed and the Ocean Floor and the Subsoil Thereof, Beyond the Limits of National Jurisdiction», UNGA Res. 2749 (XXV).

¹⁰⁸ Nandan, op. cit., s. 79

¹⁰⁹ Friedheim, op. cit., s. 237-8.

¹¹⁰ Friedheim, op. cit., s. 221.

¹¹¹ Havrettskonvensjonen, Annex III Art. 8.

Havrettstraktaten la også opp til obligatorisk overføring av teknologi til ISA og statar under utvikling, og føresegner om produksjonskontroll for å halde mineralprisane høge slik at konsekvensen på økonomien til statar med mykje gruvedrift ikkje skulle lide. Dette førte til at ei rekke industrialiserte statar valde å halde seg utanfor regimet.¹¹² Det var ikkje før i 1994 og Implementeringsavtalen,¹¹³ som i praksis endra desse føresegnene, at desse statane kunne akseptere regimet.

Avtalen rokkar likevel ikkje ved dei grunnleggande aspekta ved fellesarvprinsippet. Havrettstraktaten forbyr tileigning av og suverenitetsutøving i Området, slår fast at ISA skal regulere aktivitetane, og at ingen kan vinne ut mineralar utan løyve frå organisasjonen (Art. 137). Området skal berre nyttast på fredeleg vis (Art. 141), og verdiane skal delast mellom alle statar (Art. 140 § 2). I tillegg skal det marine miljøet ha effektivt vern mot effektane av mineralaktivitetar, og ISA skal vedta reguleringar med dette føremålet (Art. 145).

¹¹² Tuerk, op. cit., s. 41.

¹¹³ Agreement Relating to the Implementation of Part XI of the United Nations Convention on the Law of the Sea of 10 December 1982, 1836 UNTS 3 [Heretter Implementeringsavtalen 1994].

4 Den internasjonale miljøretten

4.1 Innleiing

Industrialisering og folkevekst har ført til eit enormt press på ressursar og økosystem.¹¹⁴ Internasjonal miljørett vert i denne avhandlinga forstått som den delen av folkeretten som tar for seg denne utfordringa. Forstått på denne måten er den internasjonale miljøretten ganske enkelt folkerettslege reglar brukt på miljørettslege problemstillingar.¹¹⁵

Det finst spor av internasjonalt samarbeid for å verne miljøet i alle fall tilbake til 1800-talet.¹¹⁶ Det vart då klart at menneskelege handlingar hadde potensial til å endre livsvilkåra til artar i så stor grad at det var naudsynt med internasjonalt samarbeid.¹¹⁷ Fram til 1970-talet var dei fleste tiltaka retta mot konkrete og veldefinerte utfordringar. Som regel kom dei som ein konsekvens av overutnytting av ein levande ressurs eller uforsvarleg handtering av skadelege substansar.¹¹⁸ Reguleringa av miljøvern vart dermed reaktiv, lite koordinert, og utvikla stykkevis.

Dette var bakteppet for Stockholmkonferansen i 1972. Sjølv om konferansen «berre» resulterte i ei ikkje-bindande prinsippklæring, vart den definerande fordi den la opp til ei meir heilskapleg tilnærming til miljøutfordringane.¹¹⁹ Stockholmkonferansen la grunnlaget for Brundtland-rapporten (1987) og Rio-konferansen (1992). Frå sistnemnde kom det tre ikkje-bindande dokument og to traktatar om høvesvis bio-

¹¹⁴ J.R. May og J.P. Kelly, «The environment and international society: issues, concepts and context» i S. Alam m.fl. (red.) *Routledge Handbook of International Environmental Law* (Routledge 2013), s. 13.

¹¹⁵ P. Birnie, A. Boyle og C. Redgwell, *International Law & the Environment* (3. utgåve, Oxford University Press 2009), s. 4.

¹¹⁶ P. Sands og J. Peel, *Principles of International Environmental Law* (3. utg., Cambridge University Press 2012), s. 23.

¹¹⁷ A.M. Halvorssen, «The origin and development of international law» i S. Alam med fleire (red.), *Routledge Handbook of International Environmental Law* (Routledge 2013), s. 26.

¹¹⁸ Halvorssen, op. cit., s. 25; Sands og Peel, op. cit., s. 27.

¹¹⁹ Sands og Peel, op. cit., s. 30.

diversitet og klima. I desse dokumenta er eigenverdien til miljøet klart stadfesta, saman med behovet for å sjå miljøet som ein heilskap – økosystemtilnærminga.¹²⁰

Denne nye tilnærminga til miljøutfordringa er integrert i det som vert kalla berekraftig utvikling. Berekraftig utvikling krev mellom anna at miljøvurderingar skal integrerast i spørsmål om økonomisk utvikling,¹²¹ og ikkje reknast som alternative «but as mutually reinforcing, integral concepts.»¹²² ICJ har også uttalt seg om det rettslege innhaldet i dette aspektet ved berekraftig utvikling: Domstolen sa at statar må ta omsyn til desse nye normene og gi dei høveleg vekt, ikkje berre når ein vurderer nye aktivitetar, men også for aktivitetar ein alt har starta med. Dette behovet for å «reconcile economic development with the protection of the environment» er, ifølgje ICJ, treffande uttrykt i konseptet om berekraftig utvikling.¹²³

ICJ viser både til den rettslege plikta til å ta omsyn til desse nye prinsippa, og til at dette må gjerast også ved tolking og implementering av traktatar som ikkje inneheld referansar til dei, og som vart underteikna før prinsippa vart bindande for statane. Berekraftig utvikling har sidan 1992 stått i sentrum av den rettslege utviklinga på området. Utviklinga omfattar både ei presisering av plikta til å verne miljøet, prosedyrereglar og regulative verkøy, og nye plikter der føre var-tilnærminga står sentralt.

¹²⁰ Sjå til dømes forordet til Biodiversitetskonvensjonen: «Conscious of the intrinsic value of biological diversity and the ecological, social, economic, scientific, educational, cultural, recreational and aesthetic value of biological diversity and its components, Conscious also of the importance of biological diversity for evolution and for maintaining life-sustaining systems of the biosphere [...]», Convention on Biological Diversity (Biodiversitetskonvensjonen) (1992) 1760 UNTS 79.

¹²¹ Rio Declaration on Environment and Development (Rio-deklarasjonen) (1992) UN Doc. A/CONF.151/26 (vol. I), Prinsipp 4; Sands og Peel, op. cit., s. 215.

¹²² Iron Rhine Arbitration (Belgium v Netherlands) (Award) [2005] ICGJ 373, § 59.

¹²³ *Gabcikovo-Nagymaros Project* (Hungary v. Slovakia) (Judgment) [1997] ICJ Rep 7

4.2 Ein skal ikkje valde skade

4.2.1 Innleiing

Utgangspunktet for retten til å utnytte ressursar var på landterritoriet at dette låg under suvereniteten til vedkomande stat, og på havet ein fri rett til den som kom først, med jurisdiksjon for flaggstaten.¹²⁴ Samstundes inneber suverenitet over eige territorium også at statane har rett til vern mot øydeleggingar frå andre statar.¹²⁵ Dette er grunnlaget for plikta til å ikkje gjere skade på territoriet til ein annan stat ved, mellom anna, forureining. Plikta til å hindre, redusere og kontrollere miljøskadeleg åtfærd er ei av få miljørettslege normer som kan sporast tilbake til før 1960-talet.

Regelen vart lagt til grunn i ein skiltsdom frå 1941, der utslepp frå eit kanadisk smelteverk førte til skade på eigedom og personar i USA. Skiltsdomstolen slo fast at

no state has the right to use or permit the use of its territory in such a manner as to cause injury by fumes in or to the territory of another or the properties or persons therein, when the case is of serious consequence and the injury is established by clear and convincing evidence.¹²⁶

Regelen som vert lagt til grunn av skiltsdomstolen set ei grense for suvereniteten i dei tilfelle det fører til skade. Formuleringa er avgrensa til å gjelde bruken av eige territorium og skade på personar eller eigedom i ein annan stat.

Ei seinare avgjersle illustrerer korleis eigenverdien til miljøet i aukande grad gjer seg gjeldande. I ei rådgjevande avgjersle om legaliteten av atomvåpen inkorporerer ICJ desse aspekta og dette viser korleis regelen har utvikla seg. Domstolen slår fast at alle statar har ei folkerettsleg plikt til å sørje for at aktivitetar under deira jurisdiksjon og kontroll respekterer

¹²⁴ Halvorssen, *op. cit.*, s. 26.

¹²⁵ Ruud og Ulfstein, *op. cit.*, s. 282.

¹²⁶ 33 AJIL (1939) 182 og 35 AJIL (1941) 684.

«the environment of other states or of areas beyond national control».¹²⁷

Der skiltsdomstolen ser ut til å legge mest vekt på økonomisk skade, får miljøet ein eigenverdi, og den reviderte regelen gjeld også skade på miljøet utanfor nasjonal jurisdiksjon. Regelen er også tatt med direkte i Havrettskonvensjonen, og legg til at statar skal gjere alle naudsynte tiltak for at forureining ikkje skal spreie seg utanfor areala der dei utøver suverene rettar.¹²⁸

4.2.2 Krav om aktsemd

Innhaldet i denne plikta er generelt forstått som eit aktsemdkrav som staten må oppfylle.¹²⁹ ICJ slår fast denne tolkinga i Pulp Mills-avgjersla. Plikta «has its origin in the due diligence that is required of a state in its territory».¹³⁰ Innhaldet i aktsemdkravet er ikkje fastsett ein gong for alle, men varierer med typen aktivitet, risiko-, og skadepotensialet ved aktiviteten.¹³¹ Ut frå desse variablane må staten vedta passande reglar og prosedyrar og utvise vaktsemd over aktiviteten.¹³²

The International Law Commission illustrerer i kommentarane til «Draft articles on Prevention of Transboundary Harm from Hazardous Activities» korleis denne plikta er dynamisk:

Issues such as the size of the operation; its location, special climate conditions, materials used in the activity, and whether the conclusions drawn from the application of the factors in a specific case are reasonable, are among the factors to be considered in determining the due diligence requirement in each instance.¹³³

¹²⁷ ICJ Reports (1996) «Nuclear Weapons Advisory Opinion» 226, para 29

¹²⁸ Havrettsstraktaten Art. 194 § 2.

¹²⁹ Birnie, Boyle og Redgwell, op. cit., s. 147.

¹³⁰ *Case Concerning Pulp Mills on the River Uruguay* (Argentina v. Uruguay) (Judgment) [2010] ICJ Rep 14, § 101.

¹³¹ *Responsibilities and Obligations of States Sponsoring Persons and Entities with respect to Activities in the Area* (No. 17) (Seabed Disputes Chamber Advisory Opinion) [2011] ITLOS Rep 10, § 81.

¹³² *Case Concerning Pulp Mills on the River Uruguay* (Argentina v. Uruguay) (Judgment) [2010] ICJ Rep 14, § 197.

¹³³ ILC Report (2001) GAOR A/56/11, s. 394.

Det dynamiske i plikta inneber også at aktsemdkravet er ein standard for regulering som vert påverka av ny teknologi.¹³⁴ Stundom vert dette understreka gjennom formuleringar som «Best environmental practices» eller liknande. Resultatet av den dynamiske karakteren til kravet til aktsemd er at det er svært kan nyttast på mange forskjellige problemkompleks. På den andre sida er det ikkje naudsynleg enkelt å slå fast kva plikta krev i enkelttilfelle.¹³⁵

4.2.3 Konsekvensutgreiing og miljøovervaking

Føremålet med ei konsekvensutgreiing er å identifisere risikoar med ein foreslått aktivitet, slik at den som avgjer om ein skal godkjenne aktiviteten har eit best mogleg grunnlag til å gjere dette på.¹³⁶

Ifølgje ICJ i Pulp Mills-avgjersla krev folkeretten at ei konsekvensutgreiing må gjerast for aktivitetar som «may have a significant adverse impact» på miljøet til ein annan stat.¹³⁷ Denne plikta vert så kopla til aktsemdkravet, og plikta til å hindre skade på territoriet til andre statar. For å kunne verne miljøet, må ein ha naudsynt kunnskap om dei aktuelle risikoane ved aktiviteten. Denne plikta vil ikkje vere oppfylt med mindre det vert gjort ei slik vurdering, om naudsynt så lenge aktivitetane held fram.¹³⁸ Statars plikt til å gjere konsekvensutgreiing er også regulert i Havrettskonvensjonen, som seier at

When States have reasonable grounds for believing that planned activities under their jurisdiction or control may cause substantial pollution of or significant and harmful changes to the marine environment, they shall, as far as practicable, assess the potential effects of such activities on the marine environment [...].¹³⁹

¹³⁴ Birnie, Boyle og Redgwell, op. cit., s. 148.

¹³⁵ Birnie, Boyle og Redgwell, op. cit., s. 149.

¹³⁶ Birnie, Boyle og Redgwell, op. cit., s. 163.

¹³⁷ *Case Concerning Pulp Mills on the River Uruguay* (Argentina v. Uruguay) (Judgment) [2010] ICJ Rep 14, § 204.

¹³⁸ *Case Concerning Pulp Mills on the River Uruguay* (Argentina v. Uruguay) (Judgment) [2010] ICJ Rep 14, § 204

¹³⁹ Havrettsstraktaten, Art. 206 og 205.

Medan sitatet frå Pulp Mills-avgjersla eksplisitt berre tok stilling til effektar på ein annan stat, er det inga slik avgrensing i konvensjonsteksten. Etter ordlyden vert plikta verksam når det ligg føre «reasonable grounds» for at aktivitetar «*may cause [...] significant and harmful changes*», og tolka i samanheng med føre var-tilnærminga set dette neppe eit høgt krav til risikoen.¹⁴⁰ For mineralaktivitetar i Området vert dette stadfesta av at ei konsekvensutgreiing *alltid* må gjerast.¹⁴¹

4.3 Føre var-tilnærming

Føre var-tilnærminga er nært knytt til det preventive aspektet ved plikta til å hindre, redusere og kontrollere skadar på miljøet. Det preventive aspektet gjeld berre for kjente konsekvensar og risikoar.¹⁴² Føre var-tilnærminga gjeld korleis ein skal handsame det vitskapelege grunnlaget for risikovurdering. Prinsippet får uttrykk i ei rekke folkerettslege dokument, og den mest kjende formuleringa finn ein i Rio-deklarasjonen sitt femtande prinsipp:

In order to protect the environment, the precautionary approach shall be widely applied by States according to their capabilities. Where there are threats of serious or irreversible damage, lack of scientific certainty shall not be used as a reason for postponing cost-effective measures to prevent environmental degradation.¹⁴³

Den første setninga tar for seg tilnærminga generelt – at ein skal vere varsam i tilnærminga til miljøvern. Det er blitt heldt fram at «forsiktighetsprinsippet» er ei betre omsetjing enn den norske (føre var-prinsippet eller –tilnærminga). I svensk og dansk rett er omgrepet omsett på denne måten.¹⁴⁴ Sidan føre var-tilnærminga er det etablerte

¹⁴⁰ Birnie, Boyle og Redgwell, op. cit., s. 171.

¹⁴¹ Implementeringsavtalen 1994, Annex, Section 1 § 7.

¹⁴² D. Freestone, «International Fisheries Law Since Rio: The Continued Rise of the Precautionary Principle», i A. Boyle og D. Freestone (red.) *International Law and Sustainable Development* (Oxford University Press 1999), s. 139.

¹⁴³ Prinsipp 15 i Rio-deklarasjonen.

¹⁴⁴ H.C. Bugge, *Lærebok i miljøforvaltningsrett* (Universitetsforlaget 2015), s. 97.

omgrepet i Noreg, kjem eg til å halde meg til det.

Den andre setninga set grenser for når dette skal gjelde. Formuleringa legg opp til eit relativt høgt krav til det potensielle skadeomfanget (alvorleg eller uoppretteleg), og kostnadseffektive tiltak. Det er mangel på full vitenskapleg kunnskap om dei potensielle skadane som aktiverer tilnærminga. Det er difor korleis statar skal forholde seg til vitenskapleg uvisse som er i kjernen i norma.¹⁴⁵ Uvisse kan til dømes gjelde sjølve den aktuelle aktiviteten, kapasiteten miljøet har til å ta opp i seg forureininga, eller i kva grad levande ressursar kan halde ut aktiviteten, eller andre tilhøve.¹⁴⁶

Føre var-tilnærminga er slik til hjelp når ein skal identifisere om det ligg føre ein rettsleg relevant risiko. Samstundes seier tilnærminga ingenting om korleis ein skal gå fram for å kontrollere risikoen, og heller ikkje kva for grad av risiko som er akseptabelt i det enkelte tilfellet.¹⁴⁷ Som med plikta til å ikkje valde skade på miljøet, vil det difor vere behov for ei regulativ konkretisering av korleis plikta skal gjennomførast.

4.4 Verna områder

Eit verna område er eit reguleringsverktøy som kan nyttast for å oppnå eit særleg vern for eit avgrensa område, som regel fordi området er trua eller økologisk viktig.¹⁴⁸ Både definisjon og kva ein kallar slike områder skil seg noko i folkerett og litteratur.¹⁴⁹ Som eit utgangspunkt kan ein sjå til Biodiversitetskonvensjonen som definerer verna område som eit geografisk avgrensa areal som er «designated or regulated and managed to achieve specific conservation objectives.»¹⁵⁰

Desse konserveringsføremåla kan vere verning, gjenoppretting og

¹⁴⁵ S. Marr, *The Precautionary Principle in the Law of the Sea*, (Martinus Nijhoff Publishers 2003), s. 24.

¹⁴⁶ Birnie, Boyle og Redgwell, op. cit., s. 156.

¹⁴⁷ Birnie, Boyle og Redgwell, op. cit., s. 161.

¹⁴⁸ Birnie, Boyle og Redgwell, op. cit., s. 667.

¹⁴⁹ «Marine Protected Area»; «Area of particular environmental interest»; «Particularly sensitive sea area».

¹⁵⁰ Convention on Biological Diversity (Biodiversitetskonvensjonen) (1992) 1760 UNTS 79 Art. 2 § 15.

vedlikehald av økosystemet eller biodiversiteten innanfor det aktuelle området.¹⁵¹ Vernet vert implementert gjennom strengare reglar for aktivitetar som har innverknad på økosystema. Til ei viss grad kan det hevdast at opprettinga av verna områder er ei praktisk implementering av plikta til å verne miljøet ut frå ei føre var-tilnærming fordi det er til vern sjølv om det ikkje naudsynleg finst konkrete truslar.¹⁵²

¹⁵¹ Sands og Peel, op. cit., s. 443.

¹⁵² UN Environmental Programme «Marine and Coastal Biodiversity: Review, further elaboration and refinement of the programme of work» (2003) UNEP/CBD/SBSTTA/8/INF/3/Rev.1, § 85.

5 ISA sitt mandat for miljøregulering

5.1 Innleiing

I dette kapitlet skal eg analysere mandatet ISA har til å vidareutvikle miljøvernreglane for mineralutvinning i Området. Dette kapitlet presenterer ISA si rolle som forvaltar, og tar så for seg det generelle mandatet om å gjere tiltak for å verne miljøet mot skadelege effektar utvinninga inneber. Kapitla som følgjer handsamer dei følgjene avgrensingar av ISA si reguleringsmakt har på høvet til å implementere slike miljøvernreglar.

Del XI av Havrettstraktaten inneheld prinsippa og dei overordna reglane for mineralaktivitetar i Området. Det er der ein finn reglane om kompetansen til ISA, og tilhøvet mellom organisasjonen og medlemsstatane. Det fundamentale føremålet med organisasjonen er å organisere og kontrollere («organise and control») mineralutvinninga, og på denne måten setje i verk fellesarvprinsippet.¹⁵³

Organiseringa har fleire sider ved seg: ISA skal mellom anna oppmode til aktivitetar i Området, og er sakshandsamar av søknader om løyve til aktivitetar. Kontrollfunksjonen skal utøvast for å sikre at reglane i Havrettstraktaten vert fylgde, mellom anna gjennom inspeksjonar. ISA skal også vedta «rules, regulations and procedures» for å vidareutvikle det rettslege regimet.¹⁵⁴ Denne vidareutviklinga gjeld fleire område, men det sentrale for denne avhandlinga er reglane for vern av det marine miljøet.

Utgangspunktet for å vurdere rekkevidda av ISA si reguleringsmakt for miljøvern er Artikkel 145 i Havrettskonvensjonen. Denne må tolkast i lys av andre delar av traktaten. Del XII av Havrettstraktaten inneheld reglar for vern av det marine miljøet generelt og vil vere særleg relevant. Tolkninga må også gjerast i lys av andre aktuelle folkerettslege kjelder frå den internasjonale miljøretten. Avhandlinga vil også analysere det som finst av relevant organisasjonspraksis frå ISA.

¹⁵³ Havrettstraktaten Art. 157 § 1.

¹⁵⁴ Havrettstraktaten Annex III Art. 1; Havrettstraktaten Art. 162 § 2 (j) og 153 § 4

5.2 Eit aspekt ved fellesarvprinsippet

Regimet for mineralutvinning er prega av den underliggende føresetnaden om at utvinninga skal skje.¹⁵⁵ Denne føresetnaden ligg også bak prinsippet om fellesarven, som ISA sitt mandat må tolkast i lys av.¹⁵⁶ Slik sett talar dei fleste momenta i prinsippet om fellesarven for at mineralutvinning skal starte.

Det har difor vore halde fram at den internasjonale miljøretten, som til dømes set verdien av biologisk mangfald høgt, er i konflikt med dette grunnlaget. Prinsippet om fellesarven er halde fram som «a concept which at its core is about the sharing in the fruits of exploitation of resources», og det impliserer at andre omsyn kjem lengre ned på prioriteringslista.¹⁵⁷

På den andre sida er vern av miljøet, nettopp for å sikre fellesarven mot forureining og andre negative effektar, også ein del av prinsippet.¹⁵⁸ Ein kan dermed seie at sjølv om dei fleste styrande prinsippa talar for høg utvinningsgrad, må ein også ta omsyn til miljøet. Enkelte forfattarar har difor argumentert for at berekraftig utvikling – med ei integrering av miljøomsyn i avgjerslene – er eit aspekt ved fellesarvprinsippet.¹⁵⁹ Organisasjonen har både kompetanse og plikt til å sørje for at mineralaktivitetane skjer innanfor forsvarlege rammer. Konvensjonen seier at

Necessary measures shall be taken in accordance with this Convention with respect to activities in the Area to *ensure effective protection for the marine environment* (mi utheving) from harmful effects which may arise from such activities. To this end the Authority shall adopt appropriate rules, regulations and procedures for *inter alia*:

¹⁵⁵ Nandan, op. cit., s. 79.

¹⁵⁶ M.H. Nordquist og S. Nandan, United Nations Convention on the Law of the Sea 1982. A Commentary, Volume VI (Martinus Nijhoff Publishers 2003), s. 99.

¹⁵⁷ Leary, D. K., *International Law and the Genetic Resources of the Deep Sea* (2007 Martinus Nijhoff), s. 100.

¹⁵⁸ E.D. Brown, *Sea-Bed Energy and Minerals: The International Legal Regime: Volume 2 – Sea-Bed Mining* (Kluwer Law International 2001), s. 389-90.

¹⁵⁹ K. Baslar, *Sea-Bed Energy and Minerals: The International Legal Regime: Volume 2 – Sea-Bed Mining* (Martinus Nijhoff Publishers 1998), s. 103-4.

(a) the prevention, reduction and control of pollution and other hazards to the marine environment, including the coastline, and of interference with the ecological balance of the marine environment, particular attention being paid to the need for protection from harmful effects of such activities as drilling, dredging, excavation, disposal of waste, construction and operation or maintenance of installations, pipelines and other devices related to such activities;

(b) the protection and conservation of the natural resources of the Area and the prevention of damage to the flora and fauna of the marine environment.¹⁶⁰

Første del av føresegna tar for seg det generelle mandatet – og plikta – til å sørge for eit effektivt vern av det marine miljøet, og at ISA skal lage reglar for å oppnå dette. Bokstavane (a) og (b) gir ei rettleiing på kva for aktivitetar som skal regulerast og kva ein skal søkja å oppnå.

Mandatet for regulering for trygging av det marine miljøet reiser tre spørsmål: Kva for handlingar kan organisasjonen regulere? Kva er det marine miljøet? Og kva for retningslinjer skal reglane byggjast på?

5.3 Mineralaktivitetar og miljøvern

5.3.1 Utforsking og utvinning av mineral

Det er berre handlingar som fell innanfor omgrepet «activities in the Area» som kan regulerast. Ut frå ei rein språkleg tolking kan det sjå ut som at reguleringsmyndigheita er svært vid. Omgrepet er legaldefinert i Artikkel 1 i Havrettstraktaten. Det gjeld «all activities of exploration for, and exploitation of, the resources of the Area».¹⁶¹ I tillegg vert «resources» definert som «all solid, liquid or gaseous mineral resources (...)».¹⁶² Formuleringa inneber at det utelukkande er utforskings- og utvinningsaktivitetar som er omfatta av reguleringsmyndigheita. Kjernen i

¹⁶⁰ Havrettstraktaten, Art. 145.

¹⁶¹ Havrettstraktaten Art. 1 § 1 (3).

¹⁶² Havrettstraktaten Art. 133 (a).

omgrepet er etter ordlyden aktivitetar knytt til å vinne ut minerala, og frakte dei til vassoverflata.¹⁶³ Føresegna inneheld ei ikkje-uttømande liste over aktivitetar som er innanfor denne definisjonen.

Ein indikasjon på yttergrensene for kva ein skal forstå med utforsking og utvinning av mineralressursane kan ein finne i Annex IV Artikkel 1 § 1 til Havrettstraktaten. Føresegna gjeld the Enterprise, ISA sitt kommersielle organ som ei framtida kan drive utvinning. Føresegna slår fast at organet, i tillegg til å drive «activities in the Area», skal stå for transport, foredling og marknadsføring av minerala. Desse ledda i produksjonsprosessen vil difor ikkje vere omfatta av reguleringsmyndigheita til ISA.¹⁶⁴ Eit unntak frå dette er effektar av foredling som skjer på skip direkte ovanfor der minerala vert tekne ut.¹⁶⁵ Konsekvensen av dette er at Reguleringane berre kan gjelde mineralaktivitetane og verksemd som er direkte knytt til dei.¹⁶⁶

5.3.2 Det marine miljøet

Objektet for vern er «the marine environment», men Havrettstraktaten har ingen definisjon av omgrepet. Kva grenser dette set for myndigheita til ISA må difor finnast på anna vis. Ordlyden tyder på at dei fysiske tilhøva til organismar som vert råka av mineralaktivitetane og som har ei tilknytning til havet, utgjer kjernen i omgrepet. Den seinare referansen til «ecological balance» i bokstav (a), og til «damage to the flora and fauna of the marine environment» i bokstav (b), forsterkar ei slik tolking.

Spørsmålet vert dermed om også andre moment fell innanfor omgrepet. Som rettleiing kan ein sjå til traktaten sin definisjon av «pollution of the marine environment», som er definert som

¹⁶³ *Responsibilities and Obligations of States Sponsoring Persons and Entities with respect to Activities in the Area* (No. 17) (Seabed Disputes Chamber Advisory Opinion) [2011] ITLOS Rep 10, § 94.

¹⁶⁴ *Responsibilities and Obligations of States Sponsoring Persons and Entities with respect to Activities in the Area* (No. 17) (Seabed Disputes Chamber Advisory Opinion) [2011] ITLOS Rep 10, § 84.

¹⁶⁵ Havrettstraktaten Annex III Art. 17 § 2 (f).

¹⁶⁶ For ein annan konklusjon, sjå Scovazzi, (2004), op. cit., s. 393

such deleterious effects as harm to living resources and marine life, hazards to human health, hindrance to marine activities, including fishing and other legitimate uses of the sea, impairment of quality for use of sea water and reduction of amenities.¹⁶⁷

I tillegg til livsvilkåra til levande ressursar og fare for helse, vert det marine miljøet knytt til andre sin legitime bruk av marine ressursar. Forstått på denne måten omfattar det marine miljøet også vilkåra og førestnadene for utnytting av ressursar, så lenge desse er legitime.¹⁶⁸

Konsekvensane av ei slik tolking kan vere avgjerande for rekkevidda til reglane for vern av særleg økosystema rundt hydrotermale skorsteinar. ISA skal etter denne tolkinga ikkje berre ta omsyn til effekten mineralaktivitetar har på økosystema, men også kva for innverknad aktiviteten har for, til dømes, utnytting av levande ressursar.¹⁶⁹ ISA har gjennom reguleringar sjølve gitt ein definisjon av det marine miljøet, som seier at

“[the] Marine environment” includes the physical, chemical, geological and biological components, conditions and factors which interact and determine the productivity, state, condition and quality of the marine ecosystem, the waters of the seas and oceans and the airspace above those waters, as well as the seabed and ocean floor and subsoil thereof.¹⁷⁰

Denne definisjonen ser ut til å innehalde alle moment som avgjer kor

¹⁶⁷ Havrettstraktaten, Art. 1 § 1 (4).

¹⁶⁸ K.E. Skodvin, *Freedom of navigation in the exclusive economic zone under the LOS Convention: Balancing coastal and maritime state interests* (Universitetet i Bergen 2013), s. 353

¹⁶⁹ Fiske er aktuelt i nokre av desse områda, men også genetiske ressursar i økosystema rundt hydrotermale skorsteinar som kan nyttast i ei rekke kommersielle produkt. Sjå Leary, op. cit., s. 157-164.

¹⁷⁰ Det finst eitt sett med reguleringar for kvar av dei tre mineralsamlingane. Reguleringane har identisk innhald, med unntak av nokre aspekt som er knytt til størrelsen på mineralsamlingane. I framhaldet tar eg utgangspunkt i Sulfidreguleringane: ISA, «Decision of the Assembly of the International Seabed Authority relating to the regulations on prospecting and exploration for polymetallic sulphides in the Area» (heretter Sulfidreguleringane), ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 1 § 3 (c).

produktivt eit økosystem kan vere. I motsetnad til forureiningsdefinisjonen er ikkje alternativ bruk eksplisitt nemnd. Dette kan likevel ikkje vere avgjerande for rekkevidda av ISA sitt mandat. Dette er på den eine sida fordi definisjonen i Reguleringane ikkje er uttømande («includes»), og på den andre sida fordi dokumentet er underordna Havrettstraktaten.

Reglane skal verne det marine miljøet mot «harmful effects», så langt det er i samsvar med traktaten elles. Kva som er skadelege effektar må sjåast i samanheng med det marine miljøet, og forståast som effektar som verker negativt inn på livsvilkåra. Slik sett er det ein nær samanheng mellom dette omgrepet og forureining. Sett i lys av bokstav (a), femner dei skadelege effektane både om forureining og «other hazards».

Verknaden av mineralutvinninga er forventa å vere dels direkte på havbotnen, og dels indirekte i form av partikkelskyer som vert spreidde over større område enn der utvinninga skjer, i tillegg til forureining i vassøyla i samband med frakten opp til overflata. Dette vil få verknader direkte på livet på havbotnen, og kan potensielt få verknader for alternativ bruk av både vassøyla og havbotnen (fiske og genetiske ressursar). Alle desse aspekta skal vernast gjennom ISA sitt regelverk.

I det heile kan ein konkludere med at Artikkel 145 opnar for ei svært brei tilnærming til kva som er omfatta av det marine miljøet. ISA må ta omsyn til effekten av mineralutvinning på andre aktivitetar på havbotnen, så vel som den kumulative verknaden av mineralutvinning og andre aktivitetar på det marine miljøet.

5.4 Styrande prinsipp for reglane

5.4.1 Innleiing

Ordlyden «rules, regulations and procedures» legg tilsynelatande få avgrensingar på korleis ISA skal gjennomføre vern av miljøet. Noko rettleiing kan ein finne i Annex III til Havrettstraktaten som seier at organisasjonen mellom anna skal vedta «mining standards and practices, including those relating to [...] the protection of the marine

environment».¹⁷¹ Dette er dei generelle reglane som regulerer korleis utvinnaren går fram for å få løyve til å gjere aktivitetar i Området, og kva vilkåra skal vere. I tillegg har organisasjonen ein heimel til å vedta «policies» om saker som er innanfor kompetansen til organisasjonen.¹⁷² Denne heimelen legg opp til ei meir overordna tilnærming til forvaltninga, og gir organisasjonen ein brei tilgang til å gjere tiltak for å oppnå føremåla med regimet.¹⁷³

I innhald skal reglane og vedtaka sikre «effective protection» av det marine miljøet. Denne formuleringa skjuler meir enn den viser, og det er vanskeleg å gjere ei ordlydstolking utan sirkelargumentasjon. Ordlyden formulerer eit utgangspunkt og ein hensikt om å etablere ei forvaltning som inneber eit verknadsfullt vern av det marine miljøet. Vernet skal på den eine sida vere mot forureining og andre skadelege effektar frå mineralutvinning. Det er også eit mål om «protection and conservation» av naturlege ressursar, mot skade på floraen og faunaen og «interference with the ecological balance» av det marine miljøet. Dette føreset ei aktiv rolle i utvikling og implementering av miljøvernstandardar,¹⁷⁴ og dermed noko meir enn berre eit vern mot forureining.

Utover dette inneheld Del XI ganske enkelt ikkje nokon «hard» føresegn som tar for seg kva innhaldet i standardane og reglane skal vere, eller kva for prinsipp dei skal bygge på. Kva som konstituerer eit effektivt vern («effective protection») vil naudsynleg endre seg over tid, og dette tyder på at intensjonane til partane ikkje var å skape eit augneblinksbilete i 1982. Denne tolkinga vert støtta av Artikkel 209 i Havrettstraktaten, som seier at statar har plikt til å lage reglar for mineralutvinning i Området i tråd med del XI, og at desse skal bli «re-examine[d] from time to time.» Den mest nærliggande tolkinga er difor at partane meinte å gi traktatteksten eit rom for tolking og utvikling.

¹⁷¹ Havrettstraktaten Annex III, Art. 17 § 1 (b)(xii).

¹⁷² Havrettstraktaten, Art. 162 § 1 og Art. 160 § 1.

¹⁷³ M. Lodge, «Current Legal Developments : International Seabed Authority» (2011) i 26 *The International Journal of Marine and Coastal Law*, s. 467.

¹⁷⁴ A. Jaeckel, «An Environmental Management Strategy for the International Seabed Authority? The Legal Basis (2015) i 30 *The International Journal of Marine and Coastal law*, s. 99.

I denne prosessen må ein for det første sjå til andre føresegner i traktaten, og særleg til del XII som gjeld vern av det marine miljøet generelt.¹⁷⁵ Artikkel 192 til 196 inneheld dei generelle føresegnene om statars plikter til å verne miljøet. Mellom anna skal ein i utviklinga av miljøvernreglar ta omsyn til «characteristic regional features» av det marine miljøet.¹⁷⁶ Det er klart frå heilskapen i desse føresegnene at del XII aldri var meint å berre dreie seg om forureiningsvern, og mykje tyder på at til dømes vern av økosystem er omfatta av plikta.¹⁷⁷ For djuphavet inneber dette ei plikt til å ta særleg omsyn til dei unike organismane som finst på havbotnen, og det faktum at det er mykje vi framleis ikkje veit om korleis artane og økosystema fungerer.¹⁷⁸

For det andre må ein sjå til relevante folkerettsreglar frå det internasjonale miljøretten.¹⁷⁹ Innanfor dette rammeverket vil ISA ha ansvaret for å finne balansen mellom omsynet til miljøvern og omsynet til økonomisk utvikling som prinsippet om fellesarven krev.

5.4.2 Tydinga av den internasjonale miljøretten

Utviklinga innanfor miljøretten er nettopp meint å gi rettslege verktøy, innfallsvinklar og reglar med sikte på å sikre plassen til miljøvernet i folkerettslege og statlege avgjersler, og dermed sørge for i alle fall ein forsvarleg balanse mellom miljøet og økonomiske omsyn. Som vist i kapittel 4 har fleire av desse normene gjort seg gjeldande ved tolkinga av traktatar. Enkelte av desse kan også vere relevante for tolkinga av Artikkel 145.

Internasjonal rettspraksis tyder på at berekraftig utvikling er på veg inn i folkeretten i form av sedvane, og særleg det aspektet som gjeld integrering av miljøspørsmål i avgjersle om økonomisk utvikling.¹⁸⁰ I ein

¹⁷⁵ Dette følgjer av VCLT Art. 31 §§ 1 og 2, men er også understreka i Artikkel 145 i Havrettstraktaten («in accordance with this Convention»).

¹⁷⁶ Havrettstraktaten Art. 197.

¹⁷⁷ Birnie, Boyle og Redgwell, op. cit., s. 745.

¹⁷⁸ Jaeckel, op. cit., s. 101.

¹⁷⁹ I tråd med VCLT Art. 31 §3 (c).

¹⁸⁰ *Iron Rhine Arbitration* (Belgium v Netherlands) [Award] [2005] ICGJ 373, § 59; *Gabcikovo-Nagymaros Project* (Hungary v. Slovakia) (Judgment) [1997] ICJ Rep 7.

breiare kontekst kan ein seie at denne integreringa ligg latent i prinsippet om fellesarven, som både talar om realisering av verdiar og vern av miljøet.

I noko mindre grad kan ein seie det same om verdien av biologisk mangfald i Biodiversitetskonvensjonen. Konvensjonen held fram verdien av biologisk mangfald, og føresetnaden om å ha ei økosystem-tilnærming på miljøvernet.¹⁸¹ Økosystem-tilnærminga inneber at ein rettar forvaltninga og miljøvernet mot realitetane i havet, og kva for relasjonar som finst mellom dei levande og ikkje-levande delane (i motsetnad til politiske eller økonomiske grenser).¹⁸² Tilnærminga talar for det første for at den regulerande myndigheita tar omsyn til økosystemet som heilskap.¹⁸³ Og ideelt sett bør den regimet rette seg mot alle aktivitetar som har innverknad på økosystemet.¹⁸⁴ Som vist i kapittel 5.3.1., kan ISA berre lage reglar for mineralaktivitetar.

Tilnærminga er også med i eit anna dokument som vart vedtatt på Rio-konferansen, nemleg Agenda 21.¹⁸⁵ Agenda 21 er eit ikkje-bindande dokument der kapittel 17 handlar om forvaltninga av havet og kystnære område. Det tar utgangspunkt i miljøvernreglane som vart fastsette i Havrettstraktaten, men legg til ei rekke element. Det vert lagt vekt på behovet for ei integrert forvaltning, konsekvensutgreiing, berekraftig utnytting og ei føre var-tilnærming.¹⁸⁶ Fokuset er dreidd bort frå kontroll over kjelder til forureining, til eit breiare vern for å hindre forverring av miljø og vern av økosystem.¹⁸⁷

Dette kan tolkast som ei utdjuping av den meir generelle formuleringa

¹⁸¹ Biodiversitetskonvensjonen Artiklar 1 og 8.

¹⁸² Rothwell og Stephens, op. cit., s. 463.

¹⁸³ F. Douvere, «The importance of marine spatial planning in advancing ecosystem-based sea use management» (2008) i 32 *Marine Policy* s. 764.

¹⁸⁴ L.A. de La Fayette, «A New Regime for the Conservation and Sustainable Use of Marine Biodiversity and Genetic Resources Beyond the Limits of National Jurisdiction» (2009) i 24 *The International Journal of marine and Coastal Law*, s. 259

¹⁸⁵ UNCED, «Agenda 21, Rio Declaration, Forest Principles»(1992) A/CONF.151/26 [tilgjengeleg frå <http://www.unep.org/Documents.Multilingual/Default.asp?documentid=52> (henta 22.05.2015)].

¹⁸⁶ UNCED, «Agenda 21», op. cit., §§ 17.1, 17.6 (d), 17.21

¹⁸⁷ Birnie, Boyle og Redgwell, op. cit., s. 384.

i Havrettstraktaten, som talar om bevaring av «the flora and fauna» og «rare and fragile ecosystems».¹⁸⁸ Ei økosystem-tilnærming vil difor vere i samsvar med føremålet med miljøvernreglane i traktaten.¹⁸⁹ Forordet til Havrettstraktaten legg vekt på at problema i éin del av havet heng saman med dei andre delane, og at ein difor må sjå utfordringane som ein heilskap.¹⁹⁰ Dette kan også tolkast som i samsvar med økosystem-tilnærminga.

Desse dokumenta kan ikkje endre Havrettstraktaten, men har likevel hatt innverknad på korleis føresegnene vert tolka.¹⁹¹ Dei kan difor ha relevans også for miljøvernmandatet til ISA. Det internasjonale samfunnet har støtta desse nye konseptane i ei rekke dokument.¹⁹² ISA har ein sentral rolle i utviklinga av desse reglane, og praksisen frå organisasjonen kan difor kaste lys over korleis føresegna skal tolkast.¹⁹³

5.4.3 Organisasjonspraksis

Av organisasjonspraksis er det særleg to sett med dokument som er relevante fordi dei tar stilling til og utdjuvar innhaldet i Artikkel 145. Sjølv om desse dokumenta er underordna traktaten og difor må tolkast med utgangspunkt i Artikkel 145, kan dei nyttast til å klarlegge og supplere uklare aspekt av ordlyden.¹⁹⁴

¹⁸⁸ Havrettstraktaten Art. 145 og 194 § 5; Sjå også forordet til Havrettstraktaten § 4; UN Environmental Programme «Marine and Coastal Biodiversity: Review, further elaboration and refinement of the programme of work» (2003); UNEP/CBD/SBSTTA/8/INF/3/Rev.1, § 18.

¹⁸⁹ ; A. Jaecker, op. cit., s. 103.

¹⁹⁰ «Conscious that the problems of ocean space are closely interrelated and need to be considered as a whole», sjå forordet til Havrettstraktaten § 4

¹⁹¹ Birnie, Boyle og Redgwell, op. cit., s. 384, 745.

¹⁹² Mellom andre Agreement for the Implementation of the Provisions of the United Nations Convention on the Law of the Sea of 10 December 1982 Relating to the Conservation and management of Straddling Fish Stocks and Highly Migratory fish Stocks of 4 August 1995, 2167 UNTS 88, Art. 5; Resolusjonar i Generalforsamlinga i SN (Res. 68/70, 27 februar 2014); Sluttdokumentet til SN-konferansen om berkraftig utvikling («Rio+20») (Res. 66/288 11. september 2012).

¹⁹³ Havrettstraktaten Art. 165 § 2 (e)

¹⁹⁴ *Responsibilities and Obligations of States Sponsoring Persons and Entities with respect to Activities in the Area* (No. 17) (Seabed Disputes Chamber Advisory Opinion)

Dei første dokumenta er Reguleringane, som samlar og vidareutviklar reglane for mineralaktivitetar. Reguleringane inneheld reglane for saks- handsaminga og vilkåra for å drive mineralaktivitetar i Området, altså «*mining standards and practices*.»¹⁹⁵ Føremålet med dei var å samle alle desse reglane i eitt dokument, og slik gjere reglane meir tilgjengelege og enklare å forstå.¹⁹⁶ Føresegnene speglar teksten i Artikkel 145, og overfører plikta til å gjere naudsynte tiltak til statar og private føretak som driv mineralaktivitetar. Vidare vert det slått fast at i implementeringa av plikta til å verne miljøet – også når det vert gjort av ISA – skal ein ta i bruk «*a precautionary approach*», slik den kjem til uttrykk i Rio-deklarasjonen prinsipp 15, og «*best environmental practices*.»¹⁹⁷

Det første steget for å kunne gjennomføre ei slik forvaltning er å skaffe informasjon om det marine miljøet. Reguleringane krev difor at utforskaren samlar inn data om livsvilkåra i urørt tilstand, overvaker endringar, og gjer konsekvensutgreiing. Dette vil seie at ISA, i gjennomføringa av mandatet etter Artikkel 145, inkorporerer nokre sentrale aspekt ved den internasjonale miljøretten i standardane som må følgjast ved mineralaktivitetar.

Ei utvikling på eit tilgrensande område – rekkevidda av sponsorstaten sitt ansvar for miljøskadar – kan vere interessant i denne samanhengen. Dette var hovudspørsmålet i *The Seabed Disputes Chamber* si rådgjevande avgjersle frå 2011. Kammeret kom til at staten måtte nytte ei føre var tilnærming etter Reguleringane, tilsvarende slik det er framstilt ovanfor. Internasjonale domstolar har generelt vore tilbakehaldne med å slå fast at føre var-tilnærminga har ein direkte effekt på traktattolking. Det var difor noko uventa at kammeret kom til at plikta ikkje berre gjeld innanfor saksområda som er dekkja av Reguleringane, men også er ein integrert del av sponsorstaten si plikt etter Artikkel 139 til å syte for at utforskaren/ utvinnaren etterlever sine plikter.¹⁹⁸

[2011] ITLOS Rep 10, § 93.

¹⁹⁵ Havrettstraktaten Annex III, Art. 17 § 1 (b)(xii).

¹⁹⁶ Nandan, op. cit., s. 88-9.

¹⁹⁷ Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1., Regulation 33 §§ 2 og 5.

¹⁹⁸ *Responsibilities and Obligations of States Sponsoring Persons and Entities with respect to Activities in the Area* (No. 17) (Seabed Disputes Chamber Advisory Opinion)

Det må understrekest at denne tolkinga var av ei anna føresegn, og at den difor ikkje bør få særleg vekt i tolkinga av Artikkell 145. Relevansen ligg i at føre var-tilnærminga vert løfta frå Reguleringsane, og nytta som tolkingsmoment av ei føresegn i Havrettstraktaten der den får verknad som folkerettsleg plikt innanfor utvinning av mineral i Området.¹⁹⁹ Kammeret går også vidare og slår fast at tilnærminga er inkorporert i ei rekke folkerettslege dokument, og at dette inneber ein «trend» mot at den får status som folkerettsleg sedvane.²⁰⁰ Reguleringsane til ISA er også ein del av denne tendensen.

Det andre dokumentet er «Decision of the Council relating to an environmental management plan for the Clarion-Clipperton Zone», som gjeld for ein del av Stillehavet der interessa for utvinning av manganknollar er størst.²⁰¹ Forvaltingsplanen vart utvikla av the Legal and Technical Commission (LTC), som er eit fagleg organ i ISA. Planen definerer ni område på 160 000 kvadratkilometer kvar (400 x 400 kilometer) kalla «areas of particular environmental interest» (APEI-ar),²⁰² og foreslår at desse vert lukka for mineralaktivitetar.²⁰³ Grunnlaget for planen er forskning og informasjon gitt av forskjellige utforskarar som del av pliktene etter Reguleringsane.²⁰⁴ Prinsippa som ligg til grunn er fellesarven, ei føre var-tilnærming, miljøvern, konservering og berekraftig utnytting av biologisk mangfald, og transparens.²⁰⁵ Dette tyder på at organisasjonen

[2011] ITLOS Rep 10, § 131.

¹⁹⁹ R. Rayfuse, «Precaution and the Protection of Marine Biodiversity in Areas beyond National Jurisdiction» i D. Freestone (red.), *1982 Law of the Sea Convention at 30: Successes, Challenges and New Agendas* (Brill 2013) s. 106.

²⁰⁰ *Responsibilities and Obligations of States Sponsoring Persons and Entities with respect to Activities in the Area* (No. 17) (Seabed Disputes Chamber Advisory Opinion) [2011] ITLOS Rep 10, § 135.

²⁰¹ ISA, «Decision of the Council relating to an environmental management plan for the Clarion-Clipperton Zone», (2012), ISBA/18/C/22.

²⁰² ISA «Environmental Management Plan for the Clarion-Clipperton Zone» (Heretter Miljøforvaltingsplanen) (2011), ISBA/17/LTC/7, § 42.

²⁰³ ISA, Miljøforvaltingsplanen, ISBA/17/LTC/7, § 21.

²⁰⁴ M. Lodge med fleire, «Seabed mining: International Seabed Authority environmental management plan for the Clarion-Clipperton Zone. A partnership approach» (2014) i 49 Marine Policy, s. 68.

²⁰⁵ ISA, Miljøforvaltingsplanen, ISBA/17/LTC/7, § 13.

reknar desse momenta som ein del av mandatet etter Artikkel 145.

I avgjersla vart det tatt utgangspunkt i plikta til å verne miljøet, og kompetansen til å vedta «policies». Desse føresegnene vart sett i lys av andre utviklingar i folkeretten, og det vart lagt vekt på føre var-tilnærminga slik den kjem til uttrykk i ISA sine eigne Reguleringar. Dette vart gjort sjølv om rekkevidda til Reguleringane avgrensar seg til mineralaktivitetar og sakshandsaminga av søknader, og ikkje miljøvern generelt. Det vert også vist til Resolusjon 63/111 frå Generalforsamlinga i FN. Resolusjonen oppmodar statar og organisasjonar om å integrere miljørettslege prinsipp «based on best available scientific information and the precautionary approach» for å sikre ei forsvarleg forvaltning av ressursar.²⁰⁶ Planen viser også til Johannesburg-deklarasjonen frå 2002, som er ein del av rammeverket til Biodiversitetskonvensjonen. Den understreker behovet for oppretting av verna områder som eit ledd i konservering og forvaltning av hava.²⁰⁷

APEI-ane er store nok både til å vere skjerma for mineralaktivitetar i areala rundt, og er plasserte for å inkludere forskjellige biogeografiske skilnader.²⁰⁸ Vedtaket representerer dermed eit steg mot ei regional regulering basert på ei økosystem-tilnærming.²⁰⁹

Begge desse dokumenta bidrar til å kaste lys over korleis føresegna skal tolkast. Ei føre var-tilnærming og beste praksisar er sentrale i begge avgjerslene, medan ei økosystem-tilnærming og behovet for ei regional forvaltning er viktig for grunnlaget til Miljøforvaltingsplanen. Det kan likevel vere grunn til å legge noko meir vekt på Reguleringane, fordi dei

²⁰⁶ UN General Assembly, Res. 63/111 «Oceans and the Law of the Sea» (2009), UN doc. A/RES/63/111, § 132.

²⁰⁷ K.M. Gjerde og A. Rulsk-Domino, «Marine Protected Areas beyond National Jurisdiction: Some Practical Perspectives for Moving Ahead» (2012) i 27 *The International Journal of Marine and Coastal Law*, s. 353; ISA LTC, op. cit., § 35 (b); World Summit on Sustainable Development (WSSD), «Plan of Implementation of the World Summit on Sustainable Development», A/CONF.199/20 (4. Desember 2012), § 32 (c).

²⁰⁸ ISA, Miljøforvaltingsplanen, ISBA/17/LTC/7 §§ 25, 27 (b)

²⁰⁹ ISA, Miljøforvaltingsplanen, ISBA/17/LTC/7, § 35 § 1 (a), (b) og (c); M. Lodge, «The Deep Seabed» i D.R. Rothwell m. fl. (red.) *The Oxford Handbook of the Law of the Sea* (Oxford University Press 2015), s. 253.

er treft av plenarforsamlinga ved konsensus.

5.4.4 Konklusjonar

Gjennom organisasjonspraksis plasserer ISA seg midt i utviklinga av den internasjonale miljøretten. Organisasjonen tar omsyn til utviklinga både i andre føresegner i Havrettstraktaten, og til utviklinga utanfor desse. Dette kan sporast i dei få kjeldene som finst, og både i vedtakinga av «mining standards and practices» og i meir overordna reglar som Miljøforvaltingsplanen, som er det første dømet på ein regional og økosystem-basert forvaltingsplan for Området.

Som vist med referanse til den rådgevande avgjersla til the Seabed Disputes Chamber er ISA meir enn ein passiv mottakar av normer i denne samanhengen. På enkelte område er organisasjonen ein aktiv deltakar i vidareutviklinga og implementeringa av normer i den internasjonale miljøretten.²¹⁰ Særleg gjeld dette for føre var-tilnærminga som gjennom Reguleringane er bindande både for statar og ISA sjølv.

Konklusjonen er difor at organisasjonen har eit mandat til å ta desse normene i bruk i utforminga av reglar. Utfordringa ligg heller på eit anna plan – nemleg korleis desse kan implementerast. Det er dette avhandlinga skal dreie seg om i kapitla som kjem.

²¹⁰ Sjå generelt R. Wolfrum, «The Contribution of the Regulations of the International Seabed Authority to the Progressive Development of International Environmental Law» i M. Lodge og M.H. Nordquist (red.), *Peaceful Order in the World's Oceans. Essays in Honor of Satya N. Nandan* (Brill Nijhoff 2014).

6 Vilkår for å få løyve

6.1 Innleiing

I dette kapitlet går vi gjennom dei materielle vilkåra som må oppfyllest for å få retten til å drive med høvesvis undersøking, utforsking og utvinning. Annex III i Havrettstraktaten inneheld rammeverket for desse vilkåra, medan Reguleringane på nokre punkt har vidareutvikla regelverket. Føremålet med dette kapitlet er å vise kva for posisjon vern av det marine miljøet har i desse vilkåra. Eg vil gi eit raskt oversyn over dei generelle reglane, og så fokusere på dei som dreier seg om vern av det marine miljøet.

Som vi skal sjå er det fleire vilkår for å starte med utforsking og utvinning enn det er for såkalla undersøkingar. Dette er fordi undersøking er mindre inngripande, og fordi løyve til både utforsking og utvinning inneber eksklusive rettar for aktivitetar.²¹¹ Undersøking («prospecting») er den første av tre fasar som leier til kommersiell utvinning. I reguleringane er omgrepet definert som «the search for deposits», og vurdering av tettleik og økonomisk verdi av førekomstane.²¹² Den som har rett til undersøkingar kan også ta ut små mengder mineral, så lenge føremålet er å gjere testar, og ikkje av kommersielle grunnar.²¹³ Retten til å drive undersøkingar er ikkje tidsavgrensa og gir ingen eksklusiv rett til seinare å drive med utforsking eller utvinning av førekomstane. Føremålet med undersøkingane er innsamling av informasjon som kan tene til grunnlag for ein søknad om utforskløysve.

Kjernen i utforskingssomgrepet («exploration») er også leiteverksemd, men med eksklusive rett til å gjere dette.²¹⁴ Utforskinga inneber også ein rett til å teste utstyret som skal nyttast til utvinning, transport og for-

²¹¹ Retten til utforsking gir førsteretten til arealet for kommersiell utvinning, sjå Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 26 § 2.

²¹² Her som tar eg utgangspunkt i Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1., Regulation 1 § 3 (e)

²¹³ Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 2 § 4.

²¹⁴ Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 1 § 3 (b)

edlingsprosess, og studiar av faktorar som skal takast omsyn til i utvinningsstadiet – miljøverknader, teknikk og økonomi. Utforsking er dermed eit steg nærmare kommersielle utvinning samanlikna med undersøking. Utvinning («exploitation») tyder den kommersielle drifta, og omfattar aktivitetar frå det å ta ut minerala, å løfte dei til overflata, og fram til transportleddet.²¹⁵

6.2 Undersøking

Vilkåra for å drive med undersøkingar er mindre omfattande enn tilfellet er for utforsking og utvinning. Det er fordi aktiviteten ikkje ekskluderer andre frå å drive liknande verksemd innanfor det aktuelle arealet, og fordi aktivitetane har veldig lågt potensial til å føre til skadar.

Føretaket som vil starte undersøkingar må levere ei rekke garantiar, om at det vil følge reglane om treningsprogram og miljøvern under aktivitetane, også slik desse er vidareutvikla i Reguleringane.²¹⁶ Eininga må på same måte godta ISA som kontrollmyndigheit.²¹⁷ Undersøkingane kan først starte etter at eininga har fått godkjenning.²¹⁸

Det er sekretariatet ved Generalsekretæren i ISA som gjer sakshandsaminga i denne prosessen, og han skal gi melding innan 45 dagar.²¹⁹ Med unntak av formelle feil ved garantien er det to tilfelle der ISA kan la vere å gi godkjenning. Det første tilfellet er der arealet føretaket ønsker å drive undersøkingar i heilt eller delvis er omfatta av ein «approved plan of work [...] or in a reserved area» for den same typen mineral.²²⁰

At ein ikkje kan drive undersøkingar der ei anna eining har driv med utforsking eller utvinning er ei naturleg følge av at slike planar inneber eksklusive rettar til minerala. Dei reserverte områda er allereie under-

²¹⁵ Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 1 § 3 (a).

²¹⁶ Havrettstraktaten Annex III, Art. 2 § 1 (b); Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 3 § 4 (d) (i) og (ii).

²¹⁷ Havrettstraktaten Annex III, Art. 2 § 1 (b).

²¹⁸ Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 2 § 1.

²¹⁹ Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 4 § 2.

²²⁰ Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 2 § 3.

søkte, og sett til side for utforskning og utvinning for ISA eller statar under utvikling.²²¹

I tillegg seier Reguleringane at undersøkaren og Generalsekretæren

shall apply a precautionary approach, as reflected in principle 15 of the Rio Declaration. Prospecting shall not be undertaken if substantial evidence indicates the risk of serious harm to the marine environment.²²²

Kva som ligg i at Generalsekretæren skal har ei føre var-tilnærming er i denne samanhengen ikkje klart. Sakshandsaminga som fører til løyve til å drive undersøkingar ser ut til å vere reint formell: Anten er det gitt dei naudsynte garantiane eller ikkje, og anten har ISA treft eit vedtak som utelukker aktivitetar eller ikkje. Det er difor vanskeleg å sjå føre seg ein plass for vurdering av risikoar i vurderinga av om vilkåra er oppfylte.

Det er også vanskeleg å sameine innhaldet i dei to setningane av føresegna – eit krav om «substantial evidence» er eit høgare beviskrav enn dei fleste tolkingar av føre var-tilnærminga talar for. Ei mogleg tolking av dette er at den første setninga rettar seg mot den som har fått godkjent si melding om undersøkingar, medan den andre setninga også gjeld før dette tidspunktet. Grunnlaget for ei slik tolking er at ein ikkje vil ha status som undersøkar (setninga rettar seg mot «prospectors») før etter godkjenninga frå Generalsekretæren.

Det er ikkje heilt klart kven som skal gjere vurderinga av om slike prov ligg føre, men Generalsekretæren skal etter Reguleringane gi melding berre dersom dei tre tilhøva som er skildra ovanfor ligg føre, og det er ikkje lagt opp til ei vurdering av miljøkonsekvensane utover den som eventuelt er gjort av ISA i samband med vedtak om lukking. Det er difor nærliggande å tolke føresegna slik at det er (den potensielle) utforskaren sjølv som skal gjere vurderinga.

Sjølv om ein skulle sjå vekk frå problemstillinga om kven som skal gjere vurderinga og den noko uklare definisjonen av kva som er «serious

²²¹ Havrettstraktaten Annex III Artiklar 8 og 9.

²²² Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 2 § 2.

damage to the marine environment», så vil ein fortsatt stå igjen med spørsmålet om det faktiske grunnlaget. Det er ikkje eit krav om å gjere ei konsekvensutgreiing av effektane av undersøkingar, og det er difor vanskeleg å sjå kvar slike prov skulle kome frå.²²³

6.3 Utforsking og utvinning

6.3.1 Innleiing

Løyve til utforsking og utvinning inneber ein noko meir komplisert prosess enn for undersøkingar. For å få løyve må ein søke til ISA ved å levere ein framdriftsplan («plan of work»), som skal gi informasjon om arealet det er søkt om og ei skildring av metodane utstyr og metode for gjennomføringa.²²⁴ Ved godkjenning vert framdriftsplanen grunnlaget for ein kontrakt mellom føretaket og ISA, og kontrakten gir førstnemnde eksklusive rettar til mineralaktivitetar.

Vilkåra som må oppfyllest kan grovt sett delast i to: Det er tale om eigenskapar ved søkaren på den eine sida (kvalifikasjonsstandardar),²²⁵ og ytre omstende på den andre sida. Kvalifikasjonsstandardane er i hovudsak formelle, og nokre av dei er felles med vilkåra for å starte undersøkingar.

Dersom søkaren får avslag på søknaden om løyve, kan han klage på denne avgjersla. Havrettstraktaten oppretta The Seabed Disputes Chamber, som har jurisdiksjon over forskjellige aspekt ved mineralaktivitetar i Området, mellom anna «concerning the refusal of a contract.»²²⁶ Konsekvensen av dette er at ISA ikkje naudsynleg har siste ord om kor vidt vilkåra er oppfylte.

6.3.2 Kvalifikasjonsstandardar

Søkaren må garantere for at reglane i konvensjonen, inkludert kontrollmyndigheita til ISA, vert akseptert, og at vilkåra i avtalen vert følgt i god

²²³ Om samanhengen mellom konsekvensutgreiing og vurderinga av dette kriteriet, sjå Lodge (2011), op. cit., s. 466.

²²⁴ Havrettstraktaten Annex III, Art. 3 § 1.

²²⁵ «[Q]ualification standards», sjå mellom anna Havrettstraktaten Annex III, Art. 4 § 1.

²²⁶ Havrettstraktaten, Art. 187 § 1 (d).

tru.²²⁷ For private føretak er det også eit krav om sponsorerklæring frå heimstaten. Utover dette skal kvalifikasjonsstandardane «relate to the financial and technical capabilities of the applicant and his performance under any previous contract with the Authority».²²⁸ Det vil seie føretaket si evne til å utføre utforskinga eller utvinninga i tråd med framdriftsplanen. Eit tilleggskrav som kom med i Implementeringsavtalen, er at utforskaren må legge ei konsekvensutgreiing ved søknaden.²²⁹

6.3.3 Vilkår knytt til ytre omstende

Dersom kvalifikasjonsstandardane er oppfylte og framdriftsplanen er utforma på korrekt måte, i samsvar med «the rules, regulations and procedures», skal ISA godkjenne søknaden om løyve, og dette er formulert som ei plikt.²³⁰ Traktaten opnar for at nekting likevel kan skje dersom det ligg føre særskilde omstende utanfor sjølve søknaden: «the Authority shall approve [...] unless» etterfulgt av ei opplisting av tre slike omstende.

Ordlyden tyder på at ISA ikkje kan ta andre omsyn enn dei som er lista opp.²³¹ Denne tolkinga vert understreka i føresegna som tar for seg dei prosessuelle sidene av nektinga. Det saksførebuande organet skal berre ta omsyn til «the grounds stated» i Annex III.²³² Og det medlemmet som vil nekte løyve må vise til ein konkret innvending som inneber «non-compliance with the requirements of Annex III, article 6».²³³

For det første kan nektinga skje dersom arealet det er søkt om heilt eller delvis er dekt av eit eksisterande utforskingsløyve. For det andre kan nektinga skje for å hindre at ein stat får løyve som dekker store delar av havbotnen (anti-monopol). For det tredje kan løyve nektast ut frå omsynet til miljøet, dersom arealet det er tale om har blitt «disapproved by the Authority».²³⁴

²²⁷ Havrettstraktaten Annex III Art. 4 § 6.

²²⁸ Havrettstraktaten Annex III, Art. 4 § 2.

²²⁹ Implementeringsavtalen 1994, Annex, Section 1 § 7.

²³⁰ Havrettstraktaten Annex III, Art. 6 § 3.

²³¹ Nordquist og Nandan, op. cit., s. 683

²³² Havrettstraktaten, Art. 165 § 2 (b).

²³³ Havrettstraktaten, Art. 162 § 2 (j) (i).

²³⁴ Havrettstraktaten Annex III, Art. 6 § 3 (a) – (c).

I kapittel 4.4. vert verna område omtala som eit sentralt verktøy for å sikre ei forsvarleg forvaltning av ressursar gjennom eit særleg vern innanfor eit avgrensa areal. Konsekvensen av eit vedtak om å stenge eit område, er opprettinga av eit verna område der ingen mineralaktivitetar skal tillatast.

Den tidlegare omtala miljøforvaltingsplanen (EMP CCZ) har ein slik komponent, og slår mellom anna fast at «[f]or a period of five years [...] no application for approval of a plan of work for exploration or exploitation shall be granted» i APEI-ane.²³⁵ ISA baserer vedtaket på plikta til å effektivt verne det marine miljøet i Artikkell 145, og Artikkell 162 § 1 som gir kompetanse til å treffe vedtak innanfor kompetansen til organisasjonen.²³⁶ Konsekvensen av vedtaket er at areala som er definerte i APEI-ane vert midlertidige verna område, og dermed «disapproved» for mineralutvinning.

Grunngjevinga for vedtaket er at ei overordna og regional forvaltning er eit av tiltaka som er naudsynt for å sikre eit effektivt vern av det marine miljøet.²³⁷ Det vert lagt særleg vekt på det sårbare artsmangfaldet på havbotnen, og at føre var-tilnærminga talar for å verne enkelte område. Desse momenta er i tråd med tolkinga av ISA sin kompetanse innanfor miljøvern (sjå førre kapittel).

Det som derimot kan vere ei utfordring med vedtaket er verknaden den har for sakshandsaminga av søknader. Grunnen til at dette er ei problemstillinga er at Havrettstraktaten har ein særskild prosedyre for slike vedtak. Arealet må vere «disapproved by the Authority pursuant to article 162, paragraph 2 (x)» (mi utheving).²³⁸

Det er derimot på det reine at ISA ikkje nytta denne føresegna då dei

²³⁵ ISA, «Decision of the Council relating to an environmental management plan for the Clarion-Clipperton Zone (26. juli 2012), ISBA/18/C/22, s. 2 (§ 6); Avgjersla er også omtala i kapittel 5.

²³⁶ ISA, «Decision of the Council relating to an environmental management plan for the Clarion-Clipperton Zone (26. juli 2012), ISBA/18/C/22, s. 2 (§ 6): «The Council shall have the power to establish in conformity with this Convention [...] the specific policies to be pursued by the Authority on any question or matter within the competence of the Authority».

²³⁷ Ibid., s. 1.

²³⁸ Havrettstraktaten Annex III, Art. 6 § 3 (b).

oppretta APEI-ane, men den generelle heimelen i § 1. Dette kan i utgangspunktet sjå ut som rein formalisme, men føresegna i § 2 (x) inneheld vilkår som ikkje finst i § 1. Det må etter førstnemnde ligge føre «substantial evidence [that] indicates the risk of serious harm to the environment».²³⁹

Ordlyden legg opp til ein sikkerheit i prova som er høgare enn det som gjeld etter ei føre var-tilnærming, og krev i det minste ei konkret vurdering av risikobiletet.²⁴⁰ Det er ikkje gjort nokon form for konsekvensutgreiing i forbindelse med opprettinga av APEI-ane. Det finst difor heller ikkje noko prov som indikerer ein trussel mot det marine miljøet. Grunna uvisse om både livet på havbotnen, metodar for utvinning, og innverknaden dette har på livet (både på botnen og i vassøyla), er dette prov som langt på veg ikkje kan oppdrivast.²⁴¹ Det finst dermed ikkje noko grunnlag for eit vedtak etter § 2 (x) i dette tilfellet.²⁴²

Ei mogleg tolking av Havrettstraktaten Annex III Art. 6 § 3 er at partane meinte å setje denne terskelen for å kunne lukke areal for utvinning. Ein kan då tenke seg at høvet til å stenge område er uttømande regulert i denne føresegna.²⁴³ Ei dynamisk tolking kan ikkje strekke seg lenger enn det er dekning for i traktatteksten,²⁴⁴ og konsekvensen er i så fall at ISA har ei plikt til å godkjenne søknaden trass i krava som er stilt i miljøforvaltingsplanen. Dette inneber ikkje at opprettinga av APEI-ar ikkje er gyldig som vedtak, men at verknaden av det er meir avgrensa enn vedtaksteksten kan sjå ut til. Havrettstraktaten inneheld føresegner som krev samarbeid mellom statar og internasjonale organisasjonar.²⁴⁵

²³⁹ Havrettstraktaten, Art. 162 § 2 (x).

²⁴⁰ Jaeckel, op. cit., s. 107.

²⁴¹ Rayfuse (2011), op. cit., s. 465.

²⁴² Lodge (2011), op. cit., s. 466. Det kan nok også argumenterast for at det heller ikkje finst nokon slik risiko føre var-tilnærminga etter Rio-deklarasjonen prinsipp 15 krev for å bli aktivert («threats of serious or irreversible damage», sjå kapittel 4.3). Det kan dermed sjå ut som at ISA legg seg nærmare si forståing av tilnærminga, der «plausible indications of potential risks» krev handling (sjå kap 7.2.2).

²⁴³ Delar av litteraturen tyder på at dette var meininga, men dette er ikkje eintydig. Sjå Nordquist og Nandan, op. cit., s. 683.

²⁴⁴ Boyle, op. cit., s. 46.

²⁴⁵ Mellom anna i Havrettstraktaten, Art. 197.

Det kan tenkast at denne vil bli broten dersom ein medlemsstat sponsar ein søknad innanfor areala som er omfatta av APEI-ane.

På den andre sida seier same føresegn at framdriftsplanen skal vere i samsvar også med andre «rules, regulations and procedures», der miljøforvaltingsplanen fell innanfor førstnemnde.²⁴⁶ I forlenginga av dette seier Reguleringane at LTC under sakshandsaminga skal vurdere om framdriftsplanen sørgjer for «effective protection and preservation» av det marine miljøet.²⁴⁷ Dersom aktivitetar fører til alvorlege følgjer for det marine økosystemet så skal LTC anten stogge aktiviteten, eller la vere å tilrå godkjenning av søknaden.²⁴⁸ Omgrepa i Reguleringane skal tolkast likt som det som følgjer av Havrettstraktaten, og er dermed ei opning for dei breie vurderingane som er handsama i førre kapittel (om Artikkell 145).²⁴⁹ LTC skal også ta omsyn til «policies» som ISA har vedtatt med heimel i konvensjonen.²⁵⁰

Desse føresegnene opnar for at ISA tar omsyn til kva som er naudsynt for å verne miljøet. Konklusjonen er difor at medan Havrettstraktaten og Annex III ikkje legg opp til ei stenging av område utanom tilfella der det ligg føre «substantial evidence», så stenger den heller ikkje for ei slik utvikling.²⁵¹

APEI-ane vart oppretta for å sikre eit effektivt vern og er innanfor ISA sitt mandat. Miljøforvaltingsplanen vil dermed falle innanfor det organisasjonen kan legge til grunn i sakshandsaminga.

6.4 Innverknad på reguleringsmakta

Sakshandsamingsreglane i Annex III tener som ein god illustrasjon på at miljøvern har fått ein annan posisjon i dag enn det hadde i 1982, då

²⁴⁶ Havrettstraktaten Art. 6 § 3.

²⁴⁷ Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 23 § 4 (b).

²⁴⁸ Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 33 § 4.

²⁴⁹ Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 1 §§ 1 og 2. Likevel med kvalifiseringa «serious.»

²⁵⁰ Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 23 § 10.

²⁵¹ Dette kan også følge av såkalla «incidental powers» (Havrettstraktaten Art. 157 § 2). Etter mi meining følgjer det av ordlyden direkte, slik at det ikkje er naudsynt å gå via denne føresegna.

føresegnene vart tinga fram. Som omtala i kapittel 3 var kompetansen til ISA eit stridstema under redigeringa av traktatteksten. Enkelte industrialiserte statar ønskte minst mogleg makt til ISA, som dei visste ville bli dominert av statar under utvikling.

Å gi organisasjonen vid diskresjon som regulerande myndigheit vart rekna som eit sjansespel, der innsatsen var tap av ein garantert tilgang til minerala for eigne borgarar. Det vart difor sett fram krav om traktatfesting av uttømande objektive kriterier og reglar mot etterfølgjande unilaterale endringar av vilkåra for aktivitetar (investorvern).²⁵² Enkelte av forslaga vann fram, og konsekvensen er at ISA sitt handlingsrom vart redusert samanlikna med andre forslag (typisk frå statar under utvikling) der ISA hadde vide fullmakter.

Regelen om å krevje «substantial evidence» for å stenge områder for utvinning bør forståast i denne samanhengen. Denne regelen gjeld sjølvsagt framleis formelt, men seinare har ISA supplert med nye og strengare reglar, som i praksis set til sides dette høge kravet til prov. Der Annex III legg opp til ei vurdering av miljøverknadene frå sak til sak, er det gjennom ISA lagt opp til ei meir heilskapleg tilnærming til miljøvernet gjennom miljøforvaltingsplanar, og ei eiga vurdering av om søknaden i tilstrekkeleg grad tar omsyn til det marine miljøet. I denne vurderinga skal ISA bruke ei føre var-tilnærming i tråd med Reguleringane.²⁵³

Samstundes finst det berre éin miljøforvaltingsplan for mineralaktivitetar i Området. Den gjeld berre for ein brøkdell av det totale arealet, og berre for utvinning av manganknollar. Dersom miljøvernet skal bli effektivt bør slike planar også vedtakast dei plassane der utvinning av dei andre mineralførekomstane er aktuelt.

²⁵² E.D. Brown, *Sea-Bed Energy and Minerals: The International Legal Regime: Volume 2 – Sea-Bed Mining* (Kluwer Law International 2001), s. 113.

²⁵³ Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 33 § 2.

7 Vilkår etter løyve er gitt

7.1 Innleiing

Medan kapittel 5 handsama ISA sin kompetanse innanfor miljøvern, er føremålet med dette kapittelet å sjå korleis denne kompetansen vert nytta i praksis, og kva for plikter som gjeld for den som driv med mineralaktivitetar.

Havrettstraktaten legg opp til tre fasar i mineralaktivitetane, som ISA skal utarbeide nærmare reglar for: undersøkingar, utforsking og utvinning. Så langt har ISA berre fastsett reglar for dei to første fasane.

Etter havrettstraktaten kan mineralutvinning gjerast av ISA gjennom driftsselskapet kalla the Enterprise, av ein stat eller av private føretak.²⁵⁴ The Enterprise er endå ikkje oppretta, slik at dette inntil vidare ikkje er aktuelt. Fram til dei siste åra har det vanlege vore at statar har drive aktivitetar, medan private einingar har vore mest aktuelt dei siste åra.²⁵⁵

Reguleringane til ISA spelar ein sentral rolle i dette systemet. Dei samlar, sameiner og utdjuper reglane som gjeld for mineralaktivitet i Området. Eininga søker ISA om godkjenning av ein «plan of work» (heretter framdriftsplan) som skal utformast i samsvar med konvensjonen og Reguleringane.

I motsetnad til statar og ISA (inkludert the Enterprise) er private føretak ikkje direkte bundne av Havrettstraktaten eller reguleringane. Det er difor krav om ei sponsorerklæring frå den staten der føretaket er registrert.²⁵⁶ Sponsorstaten tar på seg at føretaket gjer aktivitetane i tråd med sine plikter.²⁵⁷ Ved godkjenning skal framdriftsplanen vere grunn-

²⁵⁴ Havrettstraktaten Art. 153 § 2.

²⁵⁵ Seks aksjeselskap («limited companies») har fått utforskingstillating sidan 2011, sjå ISA «Deep Seabed Minerals Contractors» http://www.isa.org.jm/deep-seabed-minerals-contractors?qt-contractors_tabs_alt=1#qt-contractors_tabs_alt

²⁵⁶ Havrettstraktaten Art. 153 § 2 (b)

²⁵⁷ Havrettstraktaten Art. 139 § 1.

laget for ein kontrakt mellom eininga og ISA.²⁵⁸

Kontrakten gir eksklusive rettar til utforsking/utvinning innanfor det arealet som søknaden gjeld.²⁵⁹ Standardklausular, som er vedtekne som tillegg til Reguleringane, skal vere ein del av kontrakten saman med ei stadfesting frå utforskaren/utvinnaren om at føretaket skal følgje Reguleringane.²⁶⁰ Kontrakten og Reguleringane inneheld vilkåra føretaket må følgje i utforskinga og utvinninga, og det er desse vilkåra sponsorstaten må syte for at vert etterlevde. Desse vilkåra er utforma med utgangspunkt i Havrettstraktaten, Implementeringsavtalen og Reguleringane, og det finst difor ein liknande regel i minst eitt av desse dokumenta, som vert spegla i Standardklausulane. Standardklausulane skal tolkast i samsvar med desse dokumenta.²⁶¹

Reguleringane vert dermed den viktigaste reiskapen for å påverke korleis føretaket går fram i mineralaktivitetane. Det vert dermed spørsmål om kva spor ein kan finne av den internasjonale miljøretten i Reguleringane. Pliktene til å verne miljøet under utforsking kan sorterast i to. For det første er det ei plikt om å verne miljøet mot forureining og anna som kan skade det marine miljøet (kap. 7.2). For det andre er det føreseigner som krev innhenting av informasjon og utgreiing om konsekvensar (kap. 7.3).

7.2 Plikt til å ikkje gjere skade

7.2.1 Innleiing

Den overordna regelen om vern av det marine miljøet er at

The Contractor shall take necessary measure to prevent, reduce and control pollution and other hazards to the marine environment arising from its activities in the Area as far as reasonably

²⁵⁸ Havrettstraktaten Art. 153 § 3; Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 25 § 1; Standardklausulane Section 1.3 (Standardklausulane er i Annex IV til reguleringane).

²⁵⁹ Havrettstraktaten Annex III, Art. 3 § 4 (c).

²⁶⁰ Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 25 § 1. Standardklausulane er i Annex IV i dette dokumentet.

²⁶¹ Standardklausular for sulfidar, ISBA/16/A/12/Rev.1 Annex IV, Section 1.2 og 1.3.

possible applying a precautionary approach and best environmental practices.²⁶²

Denne norma er allereie omtala tidlegare i denne avhandlinga, og det er ikkje hensiktsmessig å gjenta kva dette tyder i stor detalj. I den generelle folkeretten, der regelen har sitt opphav, rettar plikta seg mot statar. I formuleringar av regelen har det difor stort sett vore fokus på staten som regulerande myndigheit over innbyggerane sine, og når staten ikkje gjer nok for å hindre at dette fører til skade på andre statar.

Ved mineralutvinning er det utforskaren sjølv som må oppfylle denne plikta, og funksjonen som staten har over eigne innbyggerar er delt mellom ISA og vedkomande sponsorstat. Det er difor ikkje ukomplisert å overføre desse pliktene på eit privat selskap.

Likevel kan ein slå fast at plikta inneber at det vert gjort tiltak for å førebygge, redusere og kontrollere forureinande aktivitetar. Utforskaren må handle aktsamt i gjennomføringa av plikta,²⁶³ og ta i bruk ei føre var-tilnærming.

7.2.2 Akseptabelt risikonivå

Eit sentralt spørsmål i fastsetjinga av pliktene til utforskaren er kva for nivå av risiko som er akseptabel under mineralaktivitetar. Section 5.1 i Standardklausulane seier at utforskaren skal nytte ei føre var-tilnærming i implementeringa av plikta til å hindre, redusere og kontrollere negative effektar på det marine miljøet.

I sin kjerne handlar føre var-tilnærminga om korleis ein skal forholde seg til vitskapleg kunnskap og risiko. Den første setninga referer til føre var-tilnærminga generelt.²⁶⁴ Den andre setninga avgrensar verkeområdet til dei tilfelle der det finst ein trussel om alvorleg eller irreversibel mil-

²⁶² Standardklausular for sulfidar, ISBA/16/A/12/Rev.1 Annex IV, Section 5.1.

²⁶³ Birnie, Boyle og Redgwell, op. cit., s. 147.

²⁶⁴ *Responsibilities and Obligations of States Sponsoring Persons and Entities with respect to Activities in the Area* (No. 17) (Seabed Disputes Chamber Advisory Opinion) [2011] ITLOS Rep 10, § 128.

jøskade, og kostnadseffektive tiltak for å hindre degradering av miljøet.²⁶⁵

I den tidlegare nemnde rådgjevande avgjersla til the Seabed Disputes Chamber, vert innhaldet i føre var-tilnærminga slik den gjeld for mineralaktivitetar i Området vurdert. I avgjersla seier Kammeret at føre var-tilnærminga har eit vidare verkeområde enn kva som følgjer av Reguleringane. Tilnærminga er også ein del av konvensjonen, og difor ein del av sponsorstatens plikter om å sikre etterleving av kontraktvilkåra. Om innhaldet i føre var-tilnærminga vert det sagt at

This obligation applies in situations where scientific concerning the scope and potential negative impact of the activity in question is insufficient but where there are plausible indications of potential risks. A sponsoring State would not meet its obligation of due diligence if it disregarded those risks.²⁶⁶

Denne tolkinga av føre var-tilnærminga skil seg frå ordlyden i Rio-deklarasjonen på to måtar. For det første har Kammeret inga kvalifisering knytt til alvoret ved dei potensielle effektane. For det andre ser kravet til risikoen ut til å vere senka, markert ved at det ikkje lenger er krav om ein risiko, men ein plausibel indikasjon på ein potensiell risiko. Det er difor vanskeleg å sameine formuleringa med den som følgjer av teksten.

Ein mogleg måte å vurdere dette på er at Kammeret anten differensierer mellom plikta ein sponsorstat har til å vere føre var når han skal sikre etterleving av ein kontrakt, og den ein utforskar (eller ISA) pliktar å nytte i den faktiske etterlevinga. Etter denne tolkinga vil ein stat ha plikt til å gripe inn på eit tidlegare tidspunkt enn utforskaren sjølv. Konsekvensen vert altså i så fall at statane må innføre eit strengare regime enn det dei ISA i utgangspunktet legg opp til.

²⁶⁵ D. French «From the Depths: Rick Pickings of Principles of Sustainable Development and General International Law on the Ocean Floor – The Seabed Disputes Chamber’s 2011 Advisory Opinion» (2011) i 26 *The International Journal of Marine and Coastal Law*, s. 551.

²⁶⁶ *Responsibilities and Obligations of States Sponsoring Persons and Entities with respect to Activities in the Area* (No. 17) (Seabed Disputes Chamber Advisory Opinion) [2011] ITLOS Rep 10, § 131.

Ein annan måte å sameine avgjersla med Reguleringane og Kontrakt-klausulane er at føre var-tilnærminga det er referert til i avgjersla gjeld som ein del av den overordna norma om å sikre etterleving. Forstått på denne måten kan ein seie at sitatet strengt tatt ikkje gjeld same norm.

Desse måtane å tolke avgjersla på er vanskeleg å godta. Kammeret uttaler seg om føre var-tilnærminga på ein generell måte. Det vert mellom anna sagt at

[T]he precautionary approach is *also* an integral part of the general obligation of due diligence of sponsoring States (mi utheving).²⁶⁷

Dette tyder på at Kammeret uttaler seg om den same norma som det gjorde i avsnitta før (§ 125-128), nemleg plikta til å nytte ei føre var-tilnærminga for aktivitetar i Området.²⁶⁸ Dette tyder vidare på at føre var-tilnærminga som utforskaren pliktar å følgje er ei strengare norm enn formuleringa i Rio-deklarasjonen.

7.3 Plikt til å kartlegge

7.3.1 Innleiing

På eit vis er mineralutvinning i Området i ei særstilling. I motsetnad til dei fleste andre regima for miljøvern – om det skulle vere fiske eller navigasjon – så har dei mest skadelege aktivitetane ikkje starta endå. Samstundes manglar ein kunnskap av rekkevidda av verknadene av mineralaktivitetar. ISA har difor innsamling av data og overvaking av det marine miljøet som sentrale vilkår for å drive med utforsking.

Plikta til kartlegging skjer trinnvis, frå den innleiande fasen av utforskingsaktivitetar fram til testing av utvinningsutstyr.²⁶⁹ Utforskaren

²⁶⁷ *Responsibilities and Obligations of States Sponsoring Persons and Entities with respect to Activities in the Area* (No. 17) (Seabed Disputes Chamber Advisory Opinion) [2011] ITLOS Rep 10, § 131.

²⁶⁸ French, op. cit., s. 552.

²⁶⁹ G. Le Gurun, «Some Reflections on the Evolutionary Approach to the Establishment of the International Seabed Authority» i M. Lodge og M.H. Nordquist (red.), *Peaceful Order in the World's Oceans. Essays in Honor of Satya N. Nandan* (Brill Nijhoff 2014),

skal opprette målelinjer som set standarden for den naturlege tilstanden til det marine miljøet. Vidare skal han gjere konsekvensutgreiing før aktivitetane startar, og overvake verknadene av aktivitetane medan dei skjer.²⁷⁰

Desse pliktene tener eit dobbelt føremål. For det første er kunnskap om livsvilkåra naudsynt for at føretaket kan vite kva for tiltak han må gjere etter plikta om å ikkje gjere skade på det marine miljøet. For det andre skal kartlegginga også tene som grunnlag til å utvikle det juridiske regimet vidare.

Slik vil utforskaren si implementering av miljøvernreglane ha innverknad på eigne og andre som vil starte aktivitetar sine framtidige plikter.²⁷¹ Sett frå ISA si side vil det sjølvsagt vere ei føremon å få meir kunnskap om tilhøva for liv og effektar av aktivitetar for å kunne drive ei forsvarleg forvaltning i tråd med føre var-tilnærminga.²⁷² Det er særleg på dette området ISA har hatt ein framskoten rolle i implementering og vidareutvikling av internasjonal miljørett.²⁷³ Dette illustrerer at regimet for mineralutvinning i Området er i utvikling og at det finst ein veksilverknad mellom aktivitetane – som fører til betre kunnskap om havbotnen, og reguleringa av aktivitetane – som vert utforma etter kvart som kunnskapen aukar.

7.3.2 Oppretting av målelinjer (baselines)

Fordi ein veit så lite om livet i Området og dei negative effektane av aktivitetane, har ISA gjennom Reguleringane og Standardklausulane lagt vekt på innhenting av informasjon om dette.²⁷⁴ I Standardklausulane får dette utslag ved at føretaket skal «gather environmental baseline data» etter kvart som utforskinga utfoldar seg.²⁷⁵ På bakgrunn

s. 261.

²⁷⁰ Standardklausular, ISBA/16/A/12/Rev.1 Annex IV, Section 5.2.

²⁷¹ Le Gurun (2007), op. cit., s. 225.

²⁷² Le Gurun (2007), op. cit., s. 232.

²⁷³ M. Lodge, «The Deep Seabed» i D.R. Rothwell m. fl. (red.) *The Oxford Handbook of the Law of the Sea* (Oxford University Press 2015), s. 252

²⁷⁴ Le Gurun (2007), op. cit., s. 225.

²⁷⁵ Standardklausular, ISBA/16/A/12/Rev.1 Annex IV, Section 5.3.

av denne datainnsamlinga skal utforskaren etablere «environmental baselines» som skal nyttast til samanlikning når han skal fastsetje dei sannsynlege verknadene av mineralaktivitetar. Utforskaren har ei plikt til å hente inn slike data før aktivitetane startar, og så lenge han driv med mineralaktivitetar.²⁷⁶

Føremålet er å fastslå tilstanden på havbotnen før aktivitetane startar.²⁷⁷ Slik kan ISA få kunnskap om korleis vilkåra for liv er før testing av utstyr startar, og korleis desse vilkåra endrar seg over tid.²⁷⁸ Plikta skal gjennomførast i samsvar med Reguleringane, som krev at plikta til å hente inn data og lage målelinjer skal implementerast «taking into account any recommendations issued by the Legal and Technical Commission».²⁷⁹

Ut frå ordlyden i Reguleringane er plikta til å følge tilrådingane ikkje strengt bindande, og dette vert underbygd i ei anna føresegn i Reguleringane, som slår fast at anbefalingane er meint «to assist» utforskaren i implementeringa av reglane som ISA har vedtatt.²⁸⁰ Sjølv om tilrådingane ikkje er direkte bindande, pliktar utforskaren å gjere greie for livsvilkåra innanfor det arealet han driv med mineralaktivitetar i. Dette må gjerast på ein måte som gjer det mogleg å evaluere forandringar i det marine miljøet. Innhaldet vil difor berre binde utforskaren i den grad metodane som er skildra er naudsynpte for å kunne vurdere effektane av mineralaktivitetane på det marine miljøet.

Kommisjonen vedtok slike tilrådingar i 2013, og dei gjeld både for oppretting av målelinjer og for konsekvensutgreiing og –overvaking.²⁸¹ Føremålet med tilrådingane er å rettleie utforskaren i innsamling av data, slik at det vert mogleg å evaluere seinare forandringar i det marine

²⁷⁶ Standardklausular, ISBA/16/A/12/Rev.1 Annex IV, Section 5.2 (c).

²⁷⁷ Le Gurun (2007), op. cit., s. 247.

²⁷⁸ ISA LTC, «Recommendations for the guidance of contractors for the assessment of the possible environmental impacts arising from exploration for marine minerals in the Area» ISBA/19/LTC/8, § 13.

²⁷⁹ Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 34 § 1.

²⁸⁰ Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 41 § 1.

²⁸¹ ISA LTC, «Recommendations for the guidance of contractors for the assessment of the possible environmental impacts arising from exploration for marine minerals in the Area» (Heretter LTC-tilrådingar) (1. mars 2013), ISBA/19/LTC/8.

miljøet.²⁸² Dokumentet deler opp plikta til å opprette målelinjer i sju målestokkar, og innanfor kvar av desse vert metodane for å måle utdju-
pa.²⁸³ Resultata frå desse målingane skal rapporterast til generalsekre-
tæren i ISA.²⁸⁴

7.3.3 Konsekvensutgreiing og overvaking

I tillegg til opprettinga av målelinjer for det marine miljøet, har utforska-
ren altså plikt til å vurdere effektane av aktivitetane på det marine miljøet.
Saman med planen for oppretting av målelinjer, må søkaren levere ei
innleiande konsekvensutgreiing og ein plan for overvaking av potensielle
effektar på det marine miljøet.²⁸⁵ Utforskaren skal greie ut om konse-
kvensane av alle «exploration activities» før dei startar, og i tråd med
planen for overvaking og Reguleringsane etablere og gjennomføre «a
programme to monitor and report such effects» til ISA.²⁸⁶ Effektane skal
målast mot målelinjene.²⁸⁷

Etter ordlyden omfatter denne plikta alle former for mineralaktivitet,
men også i høve til plikta til å overvake effektar skal utforskaren ta omsyn
til Reguleringsane. Reguleringsane viser vidare til tilrådingar frå the Legal
and Technical Commission (LTC), som mellom anna kan liste opp ak-
tivitetar som «have no potential for causing harmful effects on the marine
environment.»²⁸⁸ Slike aktivitetar er fritekne frå kravet om
konsekvensutgreiing.

Ei slik vurdering ligg til grunn for delar av tilrådingane frå LTC, som
inkluderer ei liste over aktivitetar som «are considered to have no po-
tential for provoking serious harm to the marine environment» og som
difor er ekskluderte frå kravet om konsekvensutgreiing.²⁸⁹ Dette gjeld

²⁸² ISA, LTC-tilrådingar, op. cit., ISBA/19/LTC/8, Annex I § 1.

²⁸³ Fysisk oseanografi, kjemisk oseanografi, geologi, eigenskapar ved botnen, biologiske
økosystem, bioturbasjon, og danning av bunnfall, sjå ISA, LTC-tilrådingar § 16.

²⁸⁴ Sjå mellom anna Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 34 § 2.

²⁸⁵ Standardklausular, ISBA/16/A/12/Rev.1 Annex IV, Section 5.2 (a).

²⁸⁶ Standardklausular, ISBA/16/A/12/Rev.1 Annex IV, Section 5.2 (a) og 5.4.

²⁸⁷ Standardklausular, ISBA/16/A/12/Rev.1 Annex IV, Section 5.3.

²⁸⁸ Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 34 § 1.

²⁸⁹ ISA, LTC-tilrådingar, ISBA/19/LTC/8, § 18.

for dei fleste aktivitetar som vert gjort på avstand, for hausting av prøvar i liten skala, og analysere desse prøvane.

Verken Reguleringsane eller Standardklausulane går særleg grundig inn på kva ei konsekvensutgreiing skal innehalde. Eit utgangspunkt vil her vere å sjå til Section 5.1 i Standardklausulane om plikta til å verne miljøet. Utgangspunktet vil då vere at konsekvensutgreiinga må vere eigna til å vurdere om tiltak må gjerast etter føresegna, og til Regulation 33 § 4 om at aktiviteten vil ha «serious harmful effects» og difor ikkje kan tillatast.

Også dette vert handsama i tilrådingane til LTC, som skildrar både kva for areal konsekvensutgreiinga skal gjerast for, og kva for aspekt ved aktivitetane ein går ut frå fører til dei største miljøkonsekvensane. Tilrådingane krev at konsekvensutgreiing og miljøovervaking vert gjort både før, under og etter det aktuelle inngrepet for å kunne måle endringar i tid.²⁹⁰ Dei skal omfatte både effektar på havbotnen og på vassøyla, ikkje berre i areala som vert direkte råka av aktiviteten, men også innehalde ei vurdering av effektar på områda rundt.

7.3.4 Særleg om tilrådingar frå the Legal and Technical Commission

Som vist ovanfor er tilrådingane frå LTC sentrale når ein skal vurdere det nærmare innhaldet i pliktene om kartlegging av livet på havbotnen. Fordelen med at LTC står for utdjupinga av pliktene er at organet møter oftare enn Rådet og Generalforsamlinga til ISA, og at endringar difor kan skje raskare. Ulempa er at tilrådingane strengt tatt ikkje er bindande for utforskaren eller utvinnaren. Desse har rett nok ei plikt til å merke seg dokumenta, og å gjere pliktene om overvaking «taking [the recommendations] into account».²⁹¹ Utforskaren eller utvinnaren har difor berre plikt til å ta stilling til dokumenta, men står i stor grad fri til å velje om han vil ta dei til følgje.

Dette gjer at tilrådingane ikkje er bindande etter sitt innhald, og dei

²⁹⁰ ISA, LTC-tilrådingar, ISBA/19/LTC/8, §§ 21 og 22.

²⁹¹ Sulfidreguleringsane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 34 § 1; Standardklausular i same dokument Annex IV, Section 13.2 (e).

skal berre vere til rettleiing i implementeringa av pliktene etter kontrakten.²⁹² Dette treng ikkje bety at tilrådingane ikkje har effekt. The Seabed Disputes Chamber var inne på dette spørsmålet, og kom til at indikasjonane i tilrådingane ga «precision and specificity» til plikta om å gjere konsekvensutgreiing, slik den gjeld for mineralaktivitetar i Området.²⁹³

Dette kan tyde på at potensialet for innverknad på pliktene er større enn kva Reguleringsane og Standardklausulane legg opp til, og at dei må vektleggast når ein skal vurdere rekkevidda av pliktene. Samstundes vurderer ikkje kammeret den ikkje-bindande arten til desse dokumenta direkte. I det heile inneber tilrådingane eit visst diskresjonært spelrom for føretaket i vurderinga av korleis pliktene vert påverka.

Ein mogleg måte å vurdere tilrådingane på er å rekne dei som *best environmental practices* og dermed som ein del av den overordna plikta til å hindre, redusere og kontrollere forureining og andre farar for det marine miljøet.²⁹⁴ Denne statusen vil derimot ikkje kome som følge av statusen som tilrådingar, og dette må vurderast frå sak til sak.

7.4 Fastsetjing av grenseverdiar

Det ligg i aktivitetane sin natur at mineralutvinning vil føre til innverknad på det marine miljøet. Som det er vist ovanfor finst ei generell plikt til å ikkje gjere skade på det marine miljøet, og reglar for kartlegging, konsekvensutgreiing og overvaking av desse effektane. Desse siste pliktene er vesentleg meir utdjupa. Etter desse føresegnene skal vilkåra for det marine miljøet målast på ei rekke forskjellige måtar. Kjeldene tar derimot ikkje for seg kva for innverknader som må kunna godtakast, og dette gjer at plikta til å hindre, redusere og kontrollere forureining og andre

²⁹² ISA, LTC-tilrådingar, ISBA/19/LTC/8, § 2.

²⁹³ *Responsibilities and Obligations of States Sponsoring Persons and Entities with respect to Activities in the Area* (No. 17) (Seabed Disputes Chamber Advisory Opinion) [2011] ITLOS Rep 10, § 149

²⁹⁴ Dette standpunktet vert heldt fram i M. Lodge med fleire, «Seabed mining: International Seabed Authority environmental management plan for the Clarion-Clipperton Zone. A partnership approach» (2014) i 49 Marine Policy, s. 68

farar, som heilskap treng klargjering.²⁹⁵

Tilsvarande gjeld for «serious harm to the marine environment», som er standarden som utløyser kompetansen ISA har til å treffe vedtak om suspensjon eller justeringar av kontraktvilkåra. Omgrepet har rett nok ein legaldefinisjon i Reguleringane, som seier at det

means any effect from activities in the Area on the marine environment which represents a significant adverse change in the marine environment determined according to the rules, regulations and procedures adopted by the Authority on the basis of internationally recognized standards and practices.²⁹⁶

Omgrepet viser altså vidare til «significant adverse change», som derimot ikkje er definert. Før slike grenseverdiar er fastsette av ISA, vil føretaket ha vanskar med å tolke innhaldet i pliktene etter kontrakten. Dette er eitt av områda som må utdjupast for at føresegna kan bli effektiv.²⁹⁷ Denne mangelen er også påpeika av Tyskland, som etterlyser ein modell som skildrar både kva ein ønskjer å verne, og kva for skala av innverknad som må godtakast.²⁹⁸

Bakgrunnen for dette er at det rettslege regimet for mineralutvinning i Området er under utvikling, og ein del av denne prosessen er å finne ein balanse mellom kommersielle interesser og miljøvern.²⁹⁹ Ein del av prosessen fram mot denne balansen er ei trinnvis («evolutionary») implementering av miljøvernreglar, der ein fram til no har konsentrert

²⁹⁵ J.C. Nelson, «The Contemporary Seabed Mining Regime: A Critical Analysis of the Mining Regulations Promulgated by the International Seabed Authority» (2005) i 16 Colorado Journal of International Environmental Law & Policy, s. 54.

²⁹⁶ Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 1 § 3 (f).

²⁹⁷ M. Lodge, «International Seabed Authority's Regulations on Prospecting and Exploration for Polymetallic Nodules in the Area» (2002) i 20[3] Journal of Energy & Natural Resources Law, s. 289.

²⁹⁸ Federal Ministry for Economic Affairs and Energy (Germany), «ISA Stakeholder Survey. Submission by Germany» (2014), s. 3. Tilgjengeleg frå <https://www.isa.org.jm/sites/default/files/germany.pdf> (henta 18.05.2015). Uttalelsen vart gitt i samband med utviklinga av Reguleringar for utvinningsfasen.

²⁹⁹ Le Gurun (2007), op. cit., s. 225.

seg om utforsningsfasen.³⁰⁰ I denne konteksten er det naturleg at reglane om innhenting av informasjon er mest utvikla.

³⁰⁰ Le Gurun (2014), op. cit., s. 256.

8 Endring av vilkåra

8.1 Innleiing

Som vist ovanfor er det fleire aspekt ved reglane for miljøvern som treng oppklaring og utdjuing for at systemet skal bli effektivt. Den trinnvise innføringa av regimet for miljøvern har som verknad at reglane for miljøvern ikkje er ferdige når løyvet vert gitt. Det er tvilsamt om dette vil vere på plass når ISA i framtida gir løyve til kommersiell utvinning. Dette aktualiserer spørsmålet om når ISA kan endre utvinningsvilkåra eller innføre nye plikter etter dette tidspunktet.

Frå nasjonale rettssystem er det grovt sett to måtar å regulere mineralutvinning. Den eine er viktigast i kontinentale rettssystem, der framgangsmåten for å få løyve, og vilkåra for utvinning er regulerte ved lov. I desse systema er kontrakten om løyve noko i bakgrunnen, og kontraktvilkåra mindre detaljerte.³⁰¹ I Common law-tradisjonen er det kontrakten som er i sentrum, og den handsamer alle aspekt ved prosjektet.

Ein av dei sentrale skilnadene mellom desse to måtane å regulere utvinninga på, er korleis den regulerande myndigheita kan gå fram på for å endre vilkåra i utvinningsløyvet.³⁰² Dersom kontrakten (meir eller mindre) fullt ut regulerer utvinninga, er det også i denne ein kan finne dei prosessuelle reglane for endring. Dersom utvinninga hovudsakleg er regulert gjennom lovgjeving, kan utvinningsvilkåra endrast gjennom interne politiske prosessar (lovvedtak til dømes). Regulering gjennom kontrakt er difor føretrekt av mange investorar.³⁰³

Reguleringa av mineralutvinning i Området står i ein slags mellomposisjon. Om det er statar, ISA (gjennom the Enterprise) eller private føretak vert løyvet gitt i form av ein kontrakt, som også inneheld pliktene

³⁰¹ C. Kirchner m. fl., *Mining Ventures in Developing Countries. Part 1: Interests, Bargaining Process, Legal Concepts* (Kluwer/Alfred Metzner Verlag 1979), s. 174.

³⁰² E. Schanze, m. fl., *Mining Ventures in Developing Countries. Part 2: Analysis of Project Agreements* (Kluwer/Alfred Metzner Verlag 1981), s. 22.

³⁰³ Kirchner m. fl., op. cit., s. 174.

til utvinnaren i form av standardklausular. Samstundes er statar og ISA folkerettsleg bundne av Reguleringane, som er ei form for sekundær lovgjeving.³⁰⁴ Reguleringane har derimot ikkje ein slik effekt på private føretak, der forholdet mellom ISA og utvinnaren fullt ut er regulert gjennom kontrakten, som inneheld standardklausulane og ei erklæring om å godta og følge Reguleringane. Det vert difor spørsmål om kva for verknad ei revidering av Reguleringane har, og kva mekanismar som finst i kontrakten for å endre vilkåra.

Standardklausulane krev at kontrakten skal tolkast i samsvar med Reguleringane. Enkelte plassar er dette eksplisitt i den enkelte føresegna (formuleringar som «in accordance with the Regulations»³⁰⁵). Dette er også eit tolkingsprinsipp for standardklausulane som heilskap.³⁰⁶

8.2 Metodar for endring

8.2.1 Innleiing – Vern mot endringar

Ein kan tenke seg tre måtar vilkåra for utvinning eller utforsking kan endrast etter at løyve er gitt. Den første er endring av kontrakten, den andre er endring av Reguleringane, og den tredje endring av tilrådingane frå LTC. Det kan vere aktuelt med forskjellige typar endringar, frå ønsket om å bruke ein felles standard for innhenting av informasjon til oppretting av verna område i areal som er dekt av eit løyve om mineralaktivitet. Kva type endring som er aktuell kan ha innverknad på handlingsrommet til ISA.

I traktaten er utgangspunktet at pliktene til utforskaren eller utvinnaren skal regulerast gjennom kontrakten med ISA, og at førstnemnde er garantert «security of tenure».³⁰⁷ Denne ordlyden talar for at føretaket er verna mot endringar, og det er også eit kjenneteikn ved kontraktregule-

³⁰⁴ Sjå til dømes Havrettstraktaten, Art. 137 § 2.

³⁰⁵ Sjå til dømes Standardklausular ISBA/16/A/12/Rev.1 Annex IV, Section 5.3.

³⁰⁶ «Terms and phrases defined in the Regulations shall have the same meaning in these standard clauses», sjå Standardklausulane, ISBA/16/A/12/Rev.1 Annex IV, Section 1.2.

³⁰⁷ Havrettstraktaten, Art. 153 § 6.

ring av utvinning av naturressursar. Innhaldet i vernet mot endringar av vilkåra er utdjupa i Annex III Artikkel 18 og 19.

8.2.2 Revidering av kontrakten

Artikkel 19 i Annex III av Havrettstraktaten regulerer når revidering av vilkåra i kontrakten kan og skal skje. Både ISA og føretaket kan etter føresegna gjera gjeldande at det finst nye omstende som gjer kontrakten urimeleg, eller gjer oppfyllinga av føremåla med kontrakten upraktiske eller umoglege. I desse tilfella skal partane «enter into negotiations to revise it accordingly».³⁰⁸

Ein kan til dømes tenke seg at metoden for utvinning av mineral som føretaket tidlegare har fått godkjent viser seg å vere meir forureinande enn alternativa. Dette vil vere eit omstende som gjer føremålet om å verne miljøet upraktisk (eventuelt umogleg). Etter ordlyden vil føretaket og ISA ha ei plikt om å inngå tingingar i god tru, og endre vilkåra i samsvar med utviklinga. Men kva så om føretaket ikkje er einig med ISA i vurderinga av kva for metodar som er mest forureinande?³⁰⁹ I desse tilfella vil det ligge føre ei plikt til å inngå i tingingar for å fastslå om desse omstenda faktisk ligg føre, men ikkje ei plikt til å revidere kontrakten ved usemje.³¹⁰ Kor vidt det finst ei rettsleg relevant ny omstenda kan i ytste konsekvens fastsetjast av the Seabed Disputes Chamber.³¹¹

Ein liknande prosess er innført gjennom Reguleringane. Framdriftsplanen er delt opp i Aktivitetsplanar som gjeld for fem år kvar. Før utgangen av kvar periode skal partane møtast for å gjere ei evaluering. Føretaket skal gjere dei justeringane som er «necessary» for den komande perioden.³¹² Denne mekanismen ser ut til å primært rette seg mot tilfelle der føretaket ikkje har klart å følgje tidsskjemaet, eller liknande, i framgangsplanen, men det kan ikkje utelukkast at også miljøspørsmål kan

³⁰⁸ Tilsvarande i Section 24.1 i Standardklausulane, ISBA/16/A/12/Rev.1 Annex IV.

³⁰⁹ Dette kan sjølv sagt også gå andre vegen, men det er mindre praktisk så lenge det er tale om endring av plikter til å verne miljøet.

³¹⁰ Brown, op. cit., s. 147-8.

³¹¹ Kammeret har jurisdiksjon over tvistar som gjeld «the interpretation of [...] a contract», sjå Havrettstraktaten Art. 187 § 1 (c) (ii).

³¹² Standardklausular, ISBA/16/A/12/Rev.1 Annex IV, Section 4.4.

bli aktuelle. Det er altså lagt opp til både endringar av kontrakten etter kvart som nye omstende dukkar opp, og etter kvart som nye fasar av aktivitetar startar.

Men sjølv om partane er einige om eksistensen av nye omstende er innhaldet i revideringa ikkje gitt. Det kan tenkast at føretaket og ISA er ueinige om kva for endringar som er naudsynte i lys av dei nye omstenda. Andre paragraf i Annex III Artikkel 19 seier at kontrakten berre kan reviderast «with the consent of the parties».³¹³ Konsekvensen av denne føresegna er at føretaket kan seie nei til alle endringar i kontrakten.

Kravet om einigheit fører til at regimet er føreseieleg for føretaket. Samstundes gjer det at ISA sine forsøk på å innføre plikter som er naudsynte for eit effektivt vern av det marine miljøet kan bli blokkerte.

8.2.3 Vedtaking av nye reguleringar

Oppdatering av reguleringane er ein annan tenkeleg måte å endre vilkåra for aktivitetar på. Ei slik endring vart gjort i 2013 av reguleringane for undersøking og utforsking etter manganknollar.³¹⁴ Som del av kontrakten skal føretaket «comply» med dei pliktene som er «applicable», mellom anna ISA sine reglar og reguleringar.³¹⁵ Formuleringa som er nytta er nærmast identisk med den som finst i Annex III Art. 4 § 6 (a), som vilkåret må tolkast i lys av.

Ut frå ordlyden er det på den eine sida klart at utvinnaren er bunden også av Reguleringane på grunnlag av kontrakten. Det er likevel ikkje klart om denne plikta også gjeld når ISA treff nye reglar, altså om det er reglane som er «applicable» på avtaletidspunktet eller på tolkingstidspunktet som må følgjast.

Konsekvensen av at ein legg til grunn at tolkingstidspunktet gjeld, er at ISA vil få ein posisjon som reguleringsmyndigheit som ikkje er heilt ulik ein lovgjevar (i den forstand at organisasjonen kan endre vilkåra unilateralt). Tolkinga vil også avgrense vernet utvinnaren har mot

³¹³ Havrettstraktaten Annex III, Art. 19 § 2; tilsvarende i Standardklausulane, ISBA/16/A/12/Rev.1 Annex IV, Section 24.3.

³¹⁴ Lodge (2015), op. cit., s. 241.

³¹⁵ Standardklausular, ISBA/16/A/12/Rev.1 Annex IV, Section 13.2.

endringar i kontraktvilkåra etter Annex III Artikkel 19.³¹⁶ Kravet om samtykke for endring vil då berre gjelde for vilkår som berre er regulerte i kontrakten, slik som at føretaket har eksklusiv rett til utforsking og utvinning i arealet som er omfatta av framgangsplanen.

Samstundes må føresegna i Annex III Artikkel 19 tolkast i lys av andre føresegner i konvensjonen, og det er særleg Annex III Artikkel 17 som kan kaste lys over regelen. Føresegna gjeld ikkje spørsmålet direkte, men kva ISA skal legge vekt på når dei fastset varigheita på ein kontrakt om utvinning. Eitt av momenta er at

[t]he total duration of exploitation, however, should also be short enough to give the Authority an opportunity to amend the terms and conditions of the plan of work at the time it considers renewal in accordance with the rules, regulations and procedures which it has adopted subsequent to approving the plan of work.³¹⁷

Altså skal ein slik kontraktperiode ikkje vere så lang at høvet til å implementere Reguleringar vedtatt etter kontraktsgjeringa vert upraktisk. Ein føresetnad bak føresegna er at dei nye reglane ikkje automatisk vert bindande på utvinnaren, og den ville difor ikkje vore naudsynt dersom ein slik automatikk var meint.³¹⁸ ISA må difor gå gjennom prosessen i Artikkel 19 om revidering av kontraktvilkåra for å innføre nye plikter, til dømes om vern av det marine miljøet.

Dette er også stadfesta av praksisen til ISA då organisasjonen i 2013 innførte nye avgifter for å dekke overvaking av utforskaren sine aktivitetar. Det vart då naudsynt å reforhandle alle dei eksisterande løyva til utforsking.³¹⁹

8.2.4 Endring av tilrådingar

Tilrådingane til ISA skil seg frå Reguleringane på to måtar i denne sa-

³¹⁶ W. Hauser, *The Legal Regime for Deep Seabed Mining under the Law of the Sea Convention* (Kluwer/Alfred Metzner Verlag 1983, s. 125

³¹⁷ Havrettstraktaten Annex III, Art. 17 § 2 (b) (iii).

³¹⁸ Hauser, op. cit., s. 125.

³¹⁹ Le Gurun, (2014), op. cit., s. 261-2

manhengen. For det første er det ikkje noka avgrensing av denne plikta knytt til når tilrådingane er vedtekne – føretaket skal ta omsyn til «any recommendations» etter kvart som dei vert vedtekne.³²⁰

For det andre er dei ikkje strengt bindande på føretaket som berre har ei plikt om å «observe, as far as reasonably possible» tilrådingane, eller å gjere ei hardare plikt «taking [them] into account».³²¹ Kort fortalt er desse dokumenta meint å rettleie ved implementeringa av «hardare» plikter. Dette inneber at nedslagsfeltet til tilrådingane er avgrensa av dei eksisterande pliktene, og at det difor strengt tatt ikkje er tale om å *endre* vilkåra for miljøvern.

Tilrådingane kan berre, som allereie nemnd, gi «precision and specificity» til desse vilkåra.³²² Effekten av dette kan potensielt vere samanliknbar med ei endring grunna den dynamiske karakteren til, til dømes, plikta til å verne det marine miljøet. Ein kan tenke seg ei fastsetjing, gjennom tilrådingar, av grensa for kva innverknad på det marine miljøet som er tillaten og kva innverknad som ikkje er det. Det vil då vere ei utdjuing av plikta til å ikkje gjere skade på det marine miljøet, og eventuelt også plikta til å bruke «best environmental practices» etter Section 5.1 i Standardklausulane. I desse tilfella gjeld tilrådingane ei konkretisering av plikter som føretaket allereie har godkjent. Det er derimot ikkje grunna statusen som tilråding som skapar denne effekten, og dette må vurderast konkret frå sak til sak.

8.3 Kontraktregulert endring? – særleg om midlertidige vedtak

Utanom det som er skrive ovanfor, er det berre unntaksvis at ISA kan gripe inn i retten til å vinne ut mineral. Kontrakten kan suspenderast

³²⁰ Standardklausular, ISBA/16/A/12/Rev.1 Annex IV, Section 13.2 (e).

³²¹ Sjå kapittel 7.3.5; Standardklausular, ISBA/16/A/12/Rev.1 Annex IV, Section 13.2 (e); Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 34 § 1, som gjeld overvaking.

³²² *Responsibilities and Obligations of States Sponsoring Persons and Entities with respect to Activities in the Area* (No. 17) (Seabed Disputes Chamber Advisory Opinion) [2011] ITLOS Rep 10 § 149.

eller avsluttast dersom utvinnaren gjer eit alvorleg, vedvarande og bevisst brot med fundamentale delar av kontrakten, eller om han ikkje følgjer ei avgjersle frå eit gyldig tvisteorgan.³²³ ISA kan også gi bøter dersom det ligg føre meir ordinære brot på kontrakten.³²⁴

ISA kan også i nokre tilfelle treffe krisevedtak («emergency order»), som føretaket har ei plikt om å rette seg etter.³²⁵ Vedtaket kan inkludere suspensjon eller justeringar av mineralaktivitetane. Slike vedtak kan berre gjerast for å avverge «serious harm to the marine environment».³²⁶

Det er Rådet som kan treffe slike vedtak. Fordi organet i utgangspunktet berre har møte ein gong i året, legg Reguleringane og Standardklausulane opp til at Generalsekretæren i ISA kan treffe midlertidig vedtak («immediate measures of a temporary nature»)³²⁷ Vedtaket gjeld fram til Rådet har vurdert grunnlaget for vedtak, altså i svært avgrensa tilfelle. I motsetnad til krisevedtak er formuleringa om innhaldet i hastevedtaket noko mindre klart. Det er ingen referanse til suspensjon eller justering av aktivitetane, men tiltak som er

practical and reasonable in the circumstances to prevent, contain and minimize serious harm or the threat of serious harm to the marine environment.³²⁸

Som vist i kapittel 7 har utforskaren allereie ei plikt til å gjere tiltak for å hindre farar på det marine miljøet, og omfanget av denne plikta må klart reknast å konsumere plikta til å hindre alvorleg skade. Vedtak som skal sikre etterlevinga av denne plikta må difor reknast som praktiske og rimelege. Skilnaden i formulering mellom krise- og hastevedtak i Reguleringane kan tale for at innhaldet i dei to typene vedtak er meint å vere forskjellig. Denne skilnaden er derimot utviska i Standardklausulane som oppretter plikta for utforskaren å etterleve vedtaka. Ifølgje

³²³ Havrettstraktaten Annex III, Art. 18 § 1 (a) og (b); Standardklausular, ISBA/16/A/12/Rev.1 Annex IV, Section 21.1 (a) og (b).

³²⁴ Havrettstraktaten Annex III, Art. 18 § 2; Standardklausular, Section 21.6

³²⁵ Standardklausular ISBA/16/A/12/Rev.1 Annex IV, Section 6.3.

³²⁶ Havrettstraktaten Art. 162 § (w).

³²⁷ Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 35 § 3.

³²⁸ Sulfidreguleringane, ISBA/16/A/12/Rev.1, Regulation 35 § 3.

Standardklausulane kan begge typar vedtak innebere «orders to the Contractor to immediately suspend or adjust any activities».³²⁹

Det som skil desse vedtaka frå krisevedtak, og dei andre metodane for endring (endring av krisevedtak, kontrakt, Reguleringar og tilrådingar), er at dei ikkje er nemnde i Havrettstraktaten. Fordi plikta til å etterleve hastevedtak er ein del av kontrakten, er det reelt sett ikkje ei endring i kontraktvilkåra. Retten til uendra kontraktvilkår etter reglane om «security of tenure» vil difor ikkje gjelde. Kva for innhald hastevedtaka kan ha, er likevel direkte regulert av ei anna føresegn i Havrettstraktaten. Den seier at

Except for emergency orders [...] the Authority may not execute a decision involving monetary penalties, suspension or termination until the contractor has been accorded a reasonable opportunity to exhaust the judicial remedies available to him [...].³³⁰

Sjølv om denne føresegna ikkje set grenser for innhaldet i seg sjølv, kan ho få ein praktisk konsekvens. For det første vil det per definisjon vere eit tiltak som må gjerast raskt. For det andre kan hastevedtaket for det meste vere gyldig i 90 dagar. Innan denne tida er det meininga at Rådet skal treffe sitt vedtak. Dersom føretaket ønskjer å bruke rettsmiddel mot avgjersla, vil resultatet mest sannsynleg bli at eit hastevedtak som inneber suspensjon eller avslutning av kontrakten aldri trer i kraft. Dette gjeld derimot ikkje for justering av vilkåra.

³²⁹ Standardklausular, ISBA/16/A/12/Rev.1 Annex IV, Section 6.3.

³³⁰ Havrettstraktaten Annex III, Art. 18 § 3.

9 Konklusjonar og merknader

9.1 Innleiing

I Havrettstraktaten er dei fleste sentrale normene frå den internasjonale miljøretten ikkje nemnde, og dei var i stor grad heller ikkje utvikla då traktaten vart tinga fram i åra fram mot 1982. Sakshandsamingsreglane i Annex III legg opp til ei vurdering av søknader frå sak til sak, og strenge vilkår for å nekte aktivitetar. Begge desse utgangspunkta kan gjere ei tilnærming basert på økosystem og moderne miljørettslege prinsipp som føre var-tilnærminga vanskeleg.

Eg meiner likevel at ISA sitt mandat til å vareta omsynet til miljøvern i Artikkel 145, har rom for dynamisk tolking. Eg har vist korleis dette mandatet er sett i verk gjennom organisasjonen sin praksis. Særleg Reguleringane og Miljøforvaltingsplanen, men også til ei viss grad tilrådingane frå The Legal and Technical Commission, går langt i ei utvikling i tråd med miljørettslege normer. Miljøforvaltingsplanen for Clarion-Clipperton-sonen handsamer denne regionen som heilskap der målet er ei «integrated ecosystem-based» forvaltning.³³¹ Dette omgrepet var ukjent i 1982, og syner at ein har tatt inn nye omgrep og prinsipp frå den allmenne miljøretten i vedtak etter Havrettstraktaten.

Grunnlaget er i hovudsak eit nytt syn på kva utgjer eit effektivt vern («effective protection»), under innverknad frå den internasjonale miljøretten. I tråd med dette argumenterer eg for at ISA har reguleringsmakt til å innføre også nye reglar som går i retning den internasjonale miljøretten. Denne tolkinga har ein konsekvens for forståinga av fellesarv-prinsippet, som tidlegare har blitt rekna først og fremst som eit økonomisk konsept.³³² Det kan også vere eit bidrag i forståinga av rommet for dynamisk tolking av Havrettstraktaten meir generelt, i lys av utviklingar etter 1982.

³³¹ ISA, Miljøforvaltingsplanen (2011), op. cit., ISBA/17/LTC/7 § 35 (d).

³³² Leary, op. cit., s. 100.

9.2 Regional forvaltning

Det er likevel utfordringar for korleis miljøvernreglane kan gjennomførast, og ein del problemstillinga knytt til høvet for ei regional økosystembasert forvaltning. For mineralutvinning i Området er utgangspunktet at ein kan søke om løyve til utforsking og utvinning kvar som helst.³³³ Utfordringa til ISA er at organisasjonen ikkje sjølv har midlar til å kartlegge havbotnen. Mesteparten av dette arbeidet vert gjort av utforskarer, og først etter at vedkomande har fått rett til mineralaktivitetar i arealet.³³⁴ Den miljøforvaltingsplanen som er oppretta tar, også ifølgje ISA sjølv, ikkje stilling til alle ønskelege aspekt, grunna manglande faktisk kunnskap om havbotnen. Plasseringa av APEI-ane er ikkje plasserte for å verne areal som er særleg viktige grunna «uniqueness, biological diversity or productivity» som sjølvstendige moment.³³⁵

Dette står til dømes i motsetnad til kva som gjeld ved petroleumsverksemd på den norske kontinentalsokkelen. Her er alle område som utgangspunkt stengde for utvinningsaktivitetar og det må eit konkret vedtak til for å opna nye område.³³⁶ Det er staten som lyser ut blokker (område) som det kan søkjast konsesjon på. Før opning skal det skje ei konsekvensutgreiing av verknadene av opning som inkluderer konsekvensane for miljøet. Forslaget om opning skal så leggast fram for Stortinget, som tar den endelege avgjersla.³³⁷ Føremona med denne framgangsmåten er at ein forsøker å kartlegge effektane på (det marine) miljøet før det vert mogleg å søke om løyve til utvinning.

På grunn av rekkefølga, og at løyvet inneber retten til utvinning i det

³³³ Då med unntak av søknad om utforsking eller utvinning av manganknollar i areal dekte av APEI-ar, og nokre særreglar for reserverte områder.

³³⁴ Sjølv om Reguleringane og Standardklausulane krev ei foreløpig konsekvensutgreiing saman med søknaden, vil denne vere basert på eit svakt faktisk grunnlag, og ikkje ta omsyn til areala rundt blokkene det er søkt om løyve til, sjå Reguleringane, Regulation 20 § 1 (c).

³³⁵ ISA, Miljøforvaltingsplanen, ISBA/17/LTC/7 § 29.

³³⁶ Petroleumsloven § 2-1. Framstillinga er ikkje meint som ei skildring av dagens situasjon på norsk sokkel (der store delar er opne for petroleumsaktivitetar), men som ei skildring av prosessen fram mot utvinning.

³³⁷ Forskrift til lov om petroleumsvirksomhet, kap. 2a, §§ 6a og 6d.

aktuelle arealet, vert bruken av arealbaserte forvaltingsverktøy, slik som miljøforvaltingsplanar og APEI-ar, meir komplisert enn dersom informasjonen vart henta inn før.

ISA vil etter dagens regelverk ikkje ha midlar til slik kartlegging før kommersiell utvinning er i gang. Dette vert av organisasjonen sjølv omtala som ein Catch 22-situasjon.³³⁸ Midlane til å kartlegge havbotnen, og slik få eit grunnlag for å vurdere kva areal som bør stengast for utvinning, vil ligge føre først etter at mineralaktivitetane er i gang. I rammeverket til dei komande utvinningsreguleringane har organisasjonen difor sett på moglegheita for opprettinga av eit forskingsfond.³³⁹ I tillegg er det ytra eit mål om at alle areala som er aktuelle for mineralaktivitetar skal ha regionale konsekvensutgreiingar og miljøforvaltingsplanar (inkludert APEI-ar) på plass før løyve til utvinning vert gitt.³⁴⁰

Utfordringane med ei regional forvaltning vert illustrert også på ein annan måte i Miljøforvaltingsplanen for Clarion-Clipperton-sonen. Dei verna områda vart plasserte for å representere eit breitt register av habitat. Det vart likevel naudsynt å revidere plasseringa på grunn av eksisterande løyve til utforskning av manganknollar.³⁴¹ Kvar ein plasserer dei verna områda er naturleg nok sentralt for kor effektive dei er. For å vere mest effektive, må dei verna områda difor opprettast før (for mange) slike løyve er gitt.³⁴²

9.3 Endre rammeverket?

Problema som oppstår grunna mangel på kunnskap og midlar vert

³³⁸ ISA, *Developing a Regulatory Framework for Mineral Exploitation in the Area. Report to members of the Authority and all Stakeholders* (International Seabed Authority 2015) [tilgjengeleg frå <http://www.isa.org/jm/files/documents/EN/Survey/Report-2015.pdf> (henta 18.05.2015)], s. 32.

³³⁹ ISA, *Developing a Regulatory Framework for Mineral Exploitation in the Area. Report to members of the Authority and all Stakeholders* (International Seabed Authority 2015) [tilgjengeleg frå <http://www.isa.org/jm/files/documents/EN/Survey/Report-2015.pdf> (henta 18.05.2015)], s. 32

³⁴⁰ Ibid., s. 29-30.

³⁴¹ ISA, Miljøforvaltingsplanen, ISBA/17/LTC/7 § 26.

³⁴² Jaeckel, op. cit., s. 108; ISA, Miljøforvaltingsplanen, ISBA/17/LTC/7 § 39 (a).

forsterka av at handlingsrommet til ISA er størst *før* løyvet vert gitt. Då kan ISA, gjennom vedtaking av Reguleringar og standardklausulane, innføre dei vilkåra som er naudsynte for å oppnå eit effektivt vern. Etter at løyvet er gitt har vi sett at ISA sitt høve til å pålegge nye plikter for å verne miljøet avgrensa.

Mest sannsynleg kan maktbalansen mellom utvinnar og ISA justerast dersom ein endrar standardklausulane. Reguleringane har allereie skapt ein ny mekanisme for å gripe inn i retten til aktivitetar: hastevedtaka. Rett nok er slike vedtak berre aktuelle i avgrensa tilfelle og på relativt strenge vilkår. I prinsippet er det derimot ikkje noko i vegen for å utvide ein slik rett.³⁴³ Dette kan vere at utvinnaren må rette seg etter nye Reguleringar eller etterfølgjande vedtak, eventuelt på nærmare fastsette vilkår og med dei avgrensingane som vart handsama i kapittel 8.3 – altså ein rett til å prøve enkelte avgjersle for The Seabed Disputes Chamber. Ei slik utvikling vil derimot gjere investeringar i mineralaktivitetar i Området meir risikable.

Ei anna utfordring er at ISA ikkje har kompetanse til å regulere andre aktivitetar enn mineralutvinning, sjølv om desse aktivitetane vil ha innverknad på det marine miljøet. Den rådande oppfatninga er at utnytting av til dømes genetiske ressursar i Området (eller det frie havet generelt) er nærmast uregulert. Ei verkeleg integrert og økosystem-basert forvaltning og vern av det marine miljøet krev at alle aktivitetar som har potensial for å vere skadelege er regulerte, og helst av den same institusjonen.³⁴⁴

Ei mogleg løysing er difor å utvide kva for aktivitetar organisasjonen kan regulere. På denne bakgrunnen vart det i februar 2015 avgjort at SN skal jobbe mot ein ny implementeringsavtale til Havrettstraktaten som tar for seg konservering og berekraftig bruk av levande ressursar utanfor nasjonal jurisdiksjon.³⁴⁵ På dette tidspunktet er det ikkje klart om forsøka på å skape ein ny implementeringsavtale vil lukkast, og heller ikkje kva

³⁴³ Ei slik endring vil derimot ikkje gjelde for allereie eksisterande løyve.

³⁴⁴ Douvere, op. cit., s. 259

³⁴⁵ SN (Generalforsamlinga), «Outcome of the Ad Hoc Open-ended Informal Working Group to study issues relating to the conservation and sustainable use of marine biological diversity beyond areas of national jurisdiction and Co-Chairs' summary of discussion» (2015), UN Doc. A/69/780 Annex § 1 (e).

Litteraturliste

Litteratur

- Ahnert, A. og Borowski, C., «Environmental risk assessment of anthropogenic activity in the deep sea» (2000) i 7 *Journal of Aquatic Ecosystem Stress and Recovery*, s. 299-315.
- Akande, D. «International Organizations» i Evans, M.D. (red.), *International Law* (3. utgåve, Oxford University Press 2010), s. 252-283.
- Anand, R.P., *Origin and Development of the Law of the Sea* (Martinus Nijhoff 1983).
- Baslar, K., *The Concept of the Common Heritage of Mankind in International Law* (Martinus Nijhoff Publishers 1998).
- Bederman, D.J., «The Sea» i Fassbender, B. og Peters, A., *The Oxford Handbook of the History of International Law* (Oxford University Press 2012), s. 359-379.
- Beesley, A., «The negotiating strategy of UNCLOS III: Developing and developed countries as partners – a pattern for future multilateral international conferences?» (1983) i 46[2] *Law and Contemporary Problems*, s.183-194.
- Besson, S. «Theorizing the Sources of International Law» i Besson, S. og Tasioulas, J. (red.) *Philosophy of International Law* (Oxford University Press 2010), s. 163-185.
- Birnie, P., Boyle, A. og Redgwell, C., *International Law & the Environment* (3. utgåve, Oxford University Press 2009).
- Boyle, A., «Further development of the 1982 Convention on the Law of the Sea: Mechanisms for Change» i Freestone, D., Barnes, R. og Ong D.M., (red.) *The Law of the Sea. Progress and Prospects* (Oxford University Press 2006).

- Brown, E.D., *Sea-Bed Energy and Minerals: The International Legal Regime: Volume 2 – Sea-Bed Mining* (Kluwer Law International 2001).
- Bugge, H.C., *Lærebok i miljøforvaltningsrett* (Universitetsforlaget 2015).
- Churchill, R.R. og Lowe, A.V., *The Law of the Sea* (Manchester University Press 1999).
- Douve, F., «The importance of marine spatial planning in advancing ecosystem-based sea use management» (2008) i 32 *Marine Policy* s. 762-771.
- Dworkin, R., *Taking Rights Seriously. New impression with a reply to critics.* (Duckworth 1978)
- Evans, M.D. «The Law of the Sea» i Evans, M.D. (red.), *International Law* (3. utgåve, Oxford University Press 2010).
- Federal Ministry for Economic Affairs and Energy (Germany), «ISA Stakeholder Survey. Submission by Germany» (2014) [tilgjengeleg frå <https://www.isa.org.jm/sites/default/files/germany.pdf> (henta 18.05.2015)]
- Friedheim, R.L., *Negotiating the New Ocean Regime* (University of South Carolina Press 1993).
- Fulton, T.W., *The Sovereignty of the Sea* (Blackwood [1. utgåve 1911] 1976)
- French, D. «From the Depths: Rick Pickings of Principles of Sustainable Development and General International Law on the Ocean Floor – The Seabed Disputes Chamber’s 2011 Advisory Opinion» (2011) i 26 *The International Journal of Marine and Coastal Law*, s. 525-568.
- Gjerde, K.M. og Rulska-Domino, A., «Marine Protected Areas beyond National Jurisdiction: Some Practical Perspectives for Moving Ahead» (2012) i 27 *The International Journal of Marine and Coastal Law* s. 351-373.

- Gilford, A. G. og Smith, C. B., «The deep sea as a wilderness: defining, protecting and status and prospects for a high genetic change by the year 2025» (2003) i 30[3] Environmental Conservation s. 219-241.
- Grotius, H., *Mare Liberum – Det frie hav* (omsett av A.H. Aure [først gitt ut 1609], Vidarforlaget 2009)
- Halfar, J. og Fujita, R.M., «Precautionary Management of Deep-sea mining» (2002) i 26 Marine Policy s. 103-106.
- Halvorsen, A.M., «The origin and development of international law» i Alam, S. med fleire (red.), *Routledge Handbook of International Environmental Law* (Routledge 2013), s. 25-42.
- Hauser, W., *The Legal Regime for Deep Seabed Mining under the Law of the Sea Convention* (Kluwer/Alfred Metzner Verlag 1983).
- Jaeckel, A., «An Environmental Management Strategy for the International Seabed Authority? The Legal Basis (2015) i 30 The International Journal of Marine and Coastal law, s. 93-119.
- Kirchner, C. m. fl., *Mining Ventures in Developing Countries. Part 1: Interests, Bargaining Process, Legal Concepts* (Kluwer/Alfred Metzner Verlag 1979).
- Koskenniemi, M., «Fragmentation of International Law: Difficulties Arising from the Diversification and Expansion of International Law», (2006 Report of the Study Group of the International Law Commission) UN Doc. A/CN.4/L.682.
- La Fayette, L.A. de, «A New Regime for the Conservation and Sustainable Use of Marine Biodiversity and Genetic Resources Beyond the Limits of National Jurisdiction» (2009) i 24 The International Journal of marine and Coastal Law, s. 221-280.
- Le Gurun, G., «EIA and the International Seabed Authority» i Bastmeijer, K. og Koivurova, T. (red.), *Theory and Practice of Transboundary Environmental Impact Assessment* (Martinus Nijhoff 2007), s. 221-263.

³⁴⁶ Ibid. § 23.

- Le Gurun, G., «Some Reflections on the Evolutionary Approach to the Establishment of the International Seabed Authority» i M. Lodge og M.H. Nordquist (red.), *Peaceful Order in the World's Oceans. Essays in Honor of Satya N. Nandan* (Brill Nijhoff 2014), s. 249-264.
- Leary, D.K., *International Law and the Genetic Resources of the Deep Sea* (2007 Martinus Nijhoff)
- Lodge, M., «International Seabed Authority's Regulations on Prospecting and Exploration for Polymetallic Nodules in the Area» (2002) i 20[3] *Journal of Energy & Natural Resources Law*, s. 270-295.
- Lodge, M., «Current Legal Developments : International Seabed Authority» (2011) i 26 *The International Journal of Marine and Coastal Law*, s. 463-480.
- Lodge, M., med fleire «Seabed mining: International Seabed Authority environmental management plan for the Clarion-Clipperton Zone. A partnership approach» (2014) i 49 *Marine Policy*, s. 66-72.
- Lodge, M., «The Deep Seabed» i Rothwell, D.R. m. fl. (red.) *The Oxford Handbook of the Law of the Sea* (Oxford University Press 2015), s. 226-253.
- Lowe, V., «Sustainable Development and Unsustainable Arguments» i Boyle A. og Freestone, D. (red.), *International Law and Sustainable Development* (Oxford University Press 1999), s. 19-38.
- May, J.R. og Kelly, J.P., «The Environment and International Society: Issues, Concepts and Context» i Alam, S. med fleire (red.), *Routledge Handbook of International Environmental Law* (Routledge 2013), s. 13-25.
- McLachlan, C. «The Principle of Systemic Integration and Article 31(3) (c) of the Vienna Convention» (2005) i 54 *International & Comparative Law Quarterly*, s. 279-320.
- Nandan, S., «Administering the Mineral Resources of the Deep Seabed» i Freestone D., Barnes, R. og Ong D.M. (eds), *The Law of the Sea: Progress and Prospects* (2006 Oxford University Press), s. 75.

- Nordquist, M.H. og Nandan, S., *United Nations Convention on the Law of the Sea 1982. A Commentary, Volume VI* (Martinus Nijhoff Publishers 2003).
- Nelson, J.C., «The Contemporary Seabed Mining Regime: A Critical Analysis of the Mining Regulations Promulgated by the International Seabed Authority» (2005) i 16 *Colorado Journal of International Environmental Law & Policy*, s. 27-76.
- O'Connell, D.P., *The International Law of the Sea* (vol. 1, Clarendon Press 1982)
- Probert, P.K., «Seamounts, sanctuaries and sustainability: moving towards deep-sea conservation» (1999) 9 *Aquatic Conservation: Marine and Freshwater Ecosystems*, s. 601-605.
- Rayfuse, R., «Differentiating the Common? The Responsibilities and Obligations of States Sponsoring Deep Seabed Mining Activities in the Area» (2011) i 54 *German Yearbook of International Law*, s. 459-488.
- Rayfuse, R., «Precaution and the Protection of Marine Biodiversity in Areas beyond National Jurisdiction» i Freestone, D. (red.), *1982 Law of the Sea Convention at 30: Successes, Challenges and New Agendas* (Brill 2013) s. 106
- Rothwell, D.R. og Stephens, T., *The International Law of the Sea* (Hart Publishing 2010).
- Ruud, M. og Ulfstein, G., *Innføring i folkerett* (3. utgåve, Universitetsforlaget 2006).
- Sands, P. og Peel, J., *Principles of International Environmental Law* (3. utg., Cambridge University Press 2012).
- Schanze, E., m. fl., *Mining Ventures in Developing Countries. Part 2: Analysis of Project Agreements* (Kluwer/Alfred Metzner Verlag 1981)
- Scobbie, I., «Wicked Heresies or Legitimate Perspectives? Theory and International Law» i Evans, M.D. (red.), *International Law* (3. utgåve, Oxford University Press 2010), s. 58-94.

- Scovazzi, T., «Mining, Protection of the Environment, Scientific Research and Bioprospecting: Some Considerations on the Role of the International Sea-Bed Authority» (2004) i 19[4] The International Journal of Marine and Coastal Law, s. 383-409
- Scovazzi, T., «The Seabed Beyond the Limits of National Jurisdiction: General and Institutional Aspects» i Elferink, A.G.S og Molenaar, E.J (red.) *The International Legal Regime of Areas beyond National Jurisdiction: Current and Future Developments* (Martinus Nijhoff Publishers 2010), s. 43-60.
- Skodvin, K.E., *Freedom of navigation in the exclusive economic zone under the LOS Convention: Balancing coastal and maritime state interests* (Universitetet i Bergen 2013).
- Thirlway, H., «The Sources of International Law» i Evans, M.D. (red.), *International Law* (3. utgåve, Oxford University Press 2010), s. 95-121.
- Tuerk, H., *Reflections on the Contemporary Law of the Sea* (Martinus Nijhoff Publishers 2012).
- Van Dover, C.L., «Mining seafloor massive sulphides and biodiversity: what is at risk?» (2010) i ICES Journal of Marine Science, doi:10.1093/icesjms/fsq086
- Warner, R., *Protecting the Oceans Beyond National Jurisdiction: Strengthening the International Law Framework* (2009 Martinus Nijhoff Publishers).
- Wolfrum, R. «The Contribution of the Regulations of the International Seabed Authority to the Progressive Development of International Environmental Law» Lodge, M. og Nordquist, M.H. (red.), *Peaceful Order in the World's Oceans. Essays in Honor of Satya N. Nandan* (Brill Nijhoff 2014).

Avgjersle

International Court of Justice

Legal Consequences for States of the Continued Presence of South Africa in Namibia (South West Africa) notwithstanding Security Council Resolution 276 (Advisory Opinion) [1970] ICJ rep 16.

Legality of the Use by a State of Nuclear Weapons in Armed Conflict (Advisory Opinion) [1996] ICJ Rep 66

Legality of the Threat or Use of Nuclear Weapons (Advisory Opinion) [1996] ICJ Rep 226

Gabcikovo-Nagymaros Project (Hungary v. Slovakia) (Judgment) [1997] ICJ Rep 7.

Land and Maritime Boundary between Cameroon and Nigeria, Preliminary Objections (Judgment) [1998] ICJ Rep 275

Case Concerning Pulp Mills on the River Uruguay (Argentina v. Uruguay) (Judgment) [2010] ICJ Rep 14.

International Tribunal for the Law of the Sea

Responsibilities and Obligations of States Sponsoring Persons and Entities with respect to Activities in the Area (No. 17) (Seabed Disputes Chamber Advisory Opinion) [2011] ITLOS Rep 10.

Permanent Court of Arbitration

Island of Palmas Case (USA v Netherlands) (Award) [1928] 2 UN Rep. International Arbitration Awards 829

Iron Rhine Arbitration (Belgium v Netherlands) (Award) [2005] ICGJ 373

Traktatar, mv.

Traktatar

Convention on Biological Diversity (Biodiversitetskonvensjonen)
(1992) 1760 UNTS 79

Convention on the High Seas (1958) 450 UNTS 11

United Nations Convention on the Law of the Sea (Havrettstraktaten)
(1982) 1833 UNTS 3

Vienna Convention on the Law of Treaties (VCLT) (1969) 1155 UNTS
331

Andre dokument

Agreement Relating to the Implementation of Part XI of the United
Nations Convention on the Law of the Sea of 10 December 1982
(Implementeringsavtalen 1994) (1994), 1836 UNTS 3.

ISA «Environmental Management Plan for the Clarion-Clipperton
Zone» (Miljøforvaltingsplanen) (2011), ISBA/17/LTC/7

ISA, «Decision of the Council relating to an environmental manage-
ment plan for the Clarion-Clipperton Zone», (2012), ISBA/18/C/22.

ISA, «Recommendations for the guidance of contractors for the assess-
ment of the possible environmental impacts arising from explora-
tion for marine minerals in the Area» (LTC-tilrådingar) (2013),
ISBA/19/LTC/8

ISA, «Developing a Regulatory Framework for Mineral Exploitation in
the Area» (2015), ISBA/Cons/2015/1, tilgjengeleg frå <http://www.isa.org.jm/files/documents/EN/Survey/Report-2015.pdf> [henta
12.05.2015]

ISA «Decision of the Assembly of the International Seabed Authority
relating to the regulations on prospecting and exploration for poly-
metallic sulphides in the Area» (2010), ISBA/16/A/12/Rev.1

UNCED, «Rio Declaration on Environment and Development (Rio-deklarasjonen) (1992) UN Doc. A/CONF.151/26 (vol I).

UNCED, Agenda 21. Programme of Action for Sustainable Development (1992) A/CONF.151/26 [tilgjengeleg frå <http://www.unep.org/Documents.Multilingual/Default.asp?documentid=52> (henta 22.05.2015)]

UNCED, «Report of the World Summit on Sustainable Development» (Johannesburg-deklarasjonen) (2002), UN DOC. A/CONF/199.20.

Sjørettsfondets utgivelser

Sjørettsfondet fremmer forskning innen sjørett, transportrett, forsikring, petroleumsrett, energirett og beslektede juridiske emner. I tidsskriftet *MarIus*, inkludert *Scandinavian Institute Maritime and Petroleum Law Yearbook (SIMPLY)*, publiserer studenter og forskere sine arbeider. Fondet utgir også pensumlitteratur for studenter.

Tidsskriftet *MarIus* - siste utgaver

- | | | |
|-----|--|--|
| 454 | ANDENÆS, Elisabeth | I fin form på plattform. Om helsekravene til ansatte i petroleumsvirksomheten. 2015. 164 s |
| 455 | Selected master theses 2015 | Contributors: Jolanta Zabityte and Kyle Ritter. 2015. 124 p. |
| 456 | SIMPLY 2014 | Contributors: Sir Bernard Rix, Thor Falkanger, Erik Røsæg, Henrik Ringbom, Kristina Siig, Henrik Bjørnebye, Ola Mestad, Ivar Alvik, Catherine Banet, Alla Pozdnakova. 2015. 370 p. |
| 457 | BARLAUG, Eirik Lund | Arrest i bunkers om bord i skip på tidscerteparti. 2015. 38 s. |
| 458 | DAAE, Alexander | Avvisning i internasjonal råvarehandel på CIF-vilkår. 2015. 74 s |
| 459 | European Intermodal Sustainable Transport - Quo Vadis? | Editors: Ellen Eftestøl-Wilhelmsson, Anu Bask, Trine-Lise Wilhelmsen and Erik Røsæg. 2015. 330 p. |
| 460 | RESTAN, Bjørn Tarek | Læren om <i>compensatio lucri cum damno</i> ved heving av tapsbringende avtaler. 2016. 70 s. |
| 461 | RUMMELHOFF, Hanna | Støtteordninger til fornybar energi og forholdet til europaretten. Nasjonale myndigheters miljøhandlingsrom. 2016. 158 s. |

Bøker utgitt av Sjørettsfondet

- Askheim, Bale, Gombrii, Herrem, Kolstad, Lund, Sanfelt, Scheel og Thoresen: Skipsfart og samarbeid. Maritime joint ventures i rettslig belysning. 1119 s. 1991. ISBN 82-90260-34-2
- Brækhus, Sjur og Alex Rein: Håndbok i kaskoforsikring På grunnlag av Norsk Sjøforsikringsplan av 1964. 663 s. 1993. ISBN 82-90260-37-7
- Brautaset, Are, Eirik Høiby, Rune O. Pedersen og Christian Fredrik Michelet: Norsk Gassavsetning - Rettslige hovedelementer 611 s. 1998. ISBN 82-90260-43-1
- Bull, Hans Jacob: Tredjemannsdekning i forsikringsforhold. 598 s. 1988. ISBN 82-90260-24-t
- Falkanger, Thor og Hans Jacob Bull: Sjørett. 8. utg. 670 s. 2016. ISBN 978-82-90260-56-4
- Karset, Martin, Torkjel Kleppo Grøndalen, Amund Lunne: Den nye reguleringen av oppstrøms gassrørledningsnett. 344 s. 2005. ISBN 89-90260-47-4
- Kaasen, Knut: Sikkerhetsregulering i petroleumsvirksomheten. 648 s. 1984. ISBN 82-90260-18-0
- Michelet, Hans Peter: Håndbok i tidsbefraktning. 600 s. 1997. ISBN 82-90260-31-8
- Nygaard, Dagfinn: Andres bruk av utvinningsinnretninger. 365 s. 1997. ISBN 82-90260-40-7

Bøkene kan bestilles via bokhandel eller Den norske bokbyen.

Distribusjon

Bøker, pensum og tidsskriftet MarIus distribueres via Den norske bokbyen og andre bokhandler. Sjørettsfondet og Nordisk institutt for sjørett håndterer ikke bestillinger.

Informasjon om priser på enkeltnummer av MarIus er oppdatert på <http://bokbyen.no/butikk>. Du kan bestille på nett via butikkløsningen, e-post til post@bokbyen.no eller telefon 57 69 22 10.

Fullstendig oversikt over Sjørettsfondets utgivelser finnes på nettsidene til Nordisk institutt for sjørett: jus.uio.no/nifs. Se banneret MarIus nede til høyre på siden.

Tidsskriftet MarIus – abonnement

Sjørettsfondet tilbyr abonnement med flere valgmuligheter. Du kan abonnere på disse kategoriene:

A: Alle utgaver

B: Innbundet årgang

C: Sjørett (på norsk og engelsk)


D: Petroleums- og energirett (på norsk og engelsk)

E: Utgaver på engelsk, inkludert SIMPLY
(både sjørett, petroleums- og energirett)

F: SIMPLY

For å tegne abonnement, send e-post til post@bokbyen.no. Faktura basert på kostnader sendes i etterkant et par ganger i året. Prisen vil variere med sidetall per publikasjon og antall utgivelser i året.

Årgang 2014, tjue utgaver på totalt 3 215 sider, kostet tilsammen ca 8 500 kr i utsalg og 6 430 kr i abonnement. Årgang 2015, tolv utgaver på totalt 1 945 sider, kostet tilsammen nesten 8 000 kr i utsalg og 6 200 kr i abonnement.



Thor Falkanger og
Hans Jacob Bull

Sjørett, 8. utgave

Sjørettsfondet akademisk 2016,
ISBN 978-82-90260-56-4, ib.,
647 sider, 439 kr.

Boken kan bestilles i bokhandel
og på nett hos Den norske
bokbyen.



Ivar Alvik

Fartøystjenesteleie

Om bakgrunnsrett og risiko-
fordeling ved tidsbaserte
fartøystjenester

ISBN/EAN: 9788205477100,
Gyldendal 2015, 302 sider,
690 kr

Boken kan bestilles i bokhandel
og på nett hos Gyldendal.

THE SCANDINAVIAN INSTITUTE OF MARITIME LAW is a part of the University of Oslo and hosts the faculty's Centre for European Law. It is also a part of the cooperation between Denmark, Finland, Iceland, Norway and Sweden through the Nordic Council of Ministers. The Institute offers one master programme and several graduate courses.

The core research areas of the Institute are maritime and other transport law as well as petroleum and energy law, but the members of the Institute also engage in teaching and research in general commercial law.

In MARIUS, issued at irregular intervals, articles are published in the Nordic languages or English.

ISSN: 0332-7868

